


...AL MIN LÆNGSEL OG URO...

*om einslege borgarskapskvinner
rundt århundreskiftet*



Tone Hellesund

*Hovudoppgåve i etnologi, august 1995
Institutt for kulturstudiar og kunsthistorie
Universitetet i Bergen*

Ein varm takk til

- * Rettleiar professor Jonas Frykman for entusiasme, kritikk og eit uttal av konstruktive innspel.
- * Simen for all hjelp, og for sær sars hyggeleg sommarsamarbeid.
- * Det inspirerande hovudfagsmiljøet ved IKK.
- * Karin Lützen for hennar oppmuntrande og nyttige kommentarer undervegs, samt for hennar kreative, velskrevne og sjarmerande bok **Hva hjertet begjærer**, som er bakgrunnen for mi historiske interesse for einslege borgerskapskvinner.
- * Tidlegare kollegaer på UBB for interesse og hjelpsemd; dessutan god service frå Horten bibliotek og frå handskriftsamlinga ved UBO.
- * Elles alle som har kome med forslag, litteraturreferanser og imøtekomande svar på førespurnader.
- * Sigrid, Dag, Heidi og Espen for sporty innsats med korrekturlesning, språk og layout.
- * Lise for tolmod og støtte i heimen.
- * Sist men ikkje minst takk til Lagertha Broch som skreiv og tok vare på si vidunderlege dagbok. Utan den hadde det ikkje vorte noko oppgåve om einslege borgerskapskvinner rundt århundreskiftet frå mi hand.

INNHALD

INNLEIING

<i>Til Kvindene i Aaret 2000.</i>	<i>1</i>
<i>Overgangssamfunnet</i>	<i>3</i>
<i>Overgangssamfunnet og dei einslege borgarskapskvinnene</i>	<i>5</i>
<i>Jakta etter kjelder</i>	<i>7</i>
<i>Lagertha Broch</i>	<i>8</i>
<i>Opplegg for oppgåva</i>	<i>9</i>

KAP.1 - LIV OG TEKST

<i>Livsskildringar som sjanger</i>	<i>13</i>
<i>Mangel på kvinnekjelder</i>	<i>15</i>
<i>Livsskildringar som kjelde</i>	<i>18</i>
<i>Liv og tekst - oppsummering</i>	<i>22</i>

KAP.2 - ...ENS BESTEMMELSE I LIVET... - om endring og overgang

<i>Ein kjøpmannsfamilie frå Indre Horten</i>	<i>25</i>
<i>Ungdomsår</i>	<i>27</i>
<i>Kampen mot å vere overflødig</i>	<i>29</i>

<i>Kampen for sjølvstende</i>	30
<i>Å leve einsleg</i>	32
<i>Ein fiasko på ekteskapsmarknaden</i>	36
<i>Vakre vennskap og svimlande svermeri</i>	37
<i>Avstand og attrå</i>	39
<i>Lagertha og kjærleiken</i>	40
<i>Sviket</i>	44
<i>Dei kjærlege kvinnevennska og det seksuelle anarkiet</i>	48
<i>Seksuell abnormitet?</i>	53
<i>Ens bestemmelse i livet - oppsummering</i>	56

KAP.3 - ...AT KJENDE SIG SELV... - om sjølvrefleksjon og konstituering av sjølv

<i>Narrasjonen som sjølvbiografisk prosjekt</i>	57
<i>På jakt etter sjølv</i>	59
1. <i>Prosjekt sjølvtilit</i>	60
2. <i>Prosjekt kjærleik og sjølvstende</i>	61
3. <i>Prosjekt vennskap</i>	63
4. <i>Prosjekt kvinneemansipasjon</i>	69
<i>Identitetsbygging gjennom kontrastar</i>	72
1. <i>Normalitet versus Anormalitet</i>	72
2. <i>Dei "Andre"</i>	73
<i>Det fråverande</i>	76
<i>At kjende sig selv - oppsummering</i>	79

KAP.4 - ...MALURT OG RO... - om flukt, motstand og strategiar for meistring

<i>Å handtere oppløysing</i>	83
<i>Blomar og småfuglar. Trøyst som strategi</i>	84
<i>Amerika og andre stader. Reisa som strategi</i>	89
<i>Nervøsitet. Sjukdom som strategi</i>	92
1. <i>Kvinner og sjukdom</i>	92
2. <i>Lagertha og sjukdom</i>	95
3. <i>Forklaringar på sjukdom</i>	99
<i>Malurt og ro - oppsummering</i>	102

KAP.5 - ...AL MIN LÆNGSEL OG URO... - om lengten i moderniteten

<i>Lengt</i>	105
<i>Det mest moderne av alt</i>	109
<i>...havde jeg dengang vidst hva al min længsel og uro ville føre til...</i>	110

<i>NOTER</i>	113
--------------------	-----

<i>LITTERATUR OG KJELDER</i>	117
------------------------------------	-----

<i>BIBLIOGRAFI OVER LAGERTHA BROCH SINE, UTGITTE BØKER</i>	124
--	-----

INNLEIING

Til Kvindene i Aaret 2000

Da jeg var ung, interesserte jeg mig bare for Nutiden. Et Aar var en Uendelighed, mit Liv paa jorden saa langt, at det ikke falt mig ind at tænke paa Døden. Med voksende Selvbevissthed kom Interessen for Fortiden. Hvorledes havde vore Bedstemøders og Oldemøders liv været, hvad havde fyldt deres Liv, hvilke Tanker havde de tænkt, hvilke følelser havde bevæget dem? Jeg søgte i Norges Historie for at faa vide det, men kvinderne var der ikke. Det er mændene, som skaber historien; Kvinderne har tilsynelatende intet med den at gjøre. Derfor er Historien kun Mændernes historie; Kvinderne er et Appendix, om hvem der stiltiende forudsættes - hvis Historikeren idethele skjænker dem en Tanke, hvad jeg ikke tror han gjør -, at de har tænkt, følt, ment og levet som Mændene i deres Land (...). I Fremtiden kan ogsaa Kvinderne være med i Historien, hvis Kvinderne bare selv vil. Men vil de?

Dette Spørgsmaal interesserer mig mere end noget andet paa Jorden. Norske Kvinder, som lever i Aar 2000, vil kunne besvare det. Har norske Kvinder i det 20de Aarhundrede benyttet alle de Fordele, al den Adgang til Udvikling, som foregaaende Aarhundrer ikke bød Kvinderne, har de arbeidet sig ud af al Daarligheden i sin kvindelige Natur, arbeidet frem en Kvindetype, saa fuldkommen som Verden aldrig før saa? Har de ikke det, har de daarligen benyttet sin frihed.

Jeg tænker mig, at det i Aar 2000 vil hænde, at en eller anden ung kvindelig Stipendiat til sit Arbeide faar brug for gamle bøger fra det 20de Aarhundredes Begyndelse. Hun reiser vist ikke i den Anledning i Sporvogn fra Homansby til Universitetsbiblioteket, hun. Formodentlig sadler hun sin luftheest, dreier paa en Knap og flyver til Bibliothekbyen ude i Asker eller Bærum. Blandt andet gammelt Skrammel finder hun ogsaa denne Bog. Hun blader, læser hist og her og smiler - det er saa morsomt gammeldags og aflægs altsammen, Tanker, Sætningsbygning, Sprogtone. Saaledes smilte jeg af det 18de Aarhundredes smaa Forfatterinder, Af Madame Bucholm, "Nordens Sappho", og andre. Du maa ogsaa gjerne smile af mig kjære Ven, men glem ikke mit Spørgsmaal.

Juli 1904

(Ragna Nielsen 1904)

Ragna Nielsen (1845-1924) var ein av dei fremste pedagogane og kulturpersonane i Noreg i tiåra rundt århundreskiftet. Ho brann for kvinnesak, og levde sjølv eit liv som ei av dei nye kvinnene. Ho gifta seg, men ekteskapet var ulukkeleg og ho skilde seg etter kort tid. I 1885 starta ho den første fellesskolen i landet. Elles var ho aktiv i Kvindestemmeretsforeningen, Norsk Kvindesagsforening og Hjemmenes vel. Ragna Nielsens mormor var den kjende Conradine Dunker (1780-1866) og mor hennar var Vilhelmine Ullmann (1816-1915). Vilhelmine Ullmann vart sjølv separert i 1854 og levde som einsleg i 61 år (Aasen 1986:106). Som tredje generasjon sterke og dyktige kvinner og forfattarar hadde Ragna Nielsen fått rygg til å tole og tale.

Spørsmålet ho stiller i innleiinga skal ikkje gløymast, sjølv om det ikkje er det denne oppgåva skal gi svar på. Denne oppgåva skal handle om det som også Ragna Nielsen var oppteken av: korleis kvinnene for hundre år sidan levde, kva dei tenkte og kva dei følte. Men eg er ikkje først og fremst interessert i bestemødrene og oldemødrene, eg er meir interessert i dei gamle tantene, "peppermøene" og dei gamle jomfruene.

Kvinner på 1800-talet vart definerte ut frå relasjonen dei hadde til menn. Dei var søstrer eller døtrer, med få høve til å skape seg ein sosial posisjon ved hjelp av eige arbeid og evner. Viktorianske familieideal saman med ein stadig meir velhalden middelklasse gav ikkje noko eigentleg rom for den einslege borgarskapskvinn. Mogelegheitene vart snevra inn til nokre få alternativ: heimebuande dotter eller tante, guvernante, selskapsdame eller finare sydame (Vicinus 1985:3). Utover mot slutten av århundret vart det imidlertid opna opp for noko større handlefridom også for dei ugifte kvinnene. Korleis påverka desse endringane liva til dei einslege borgarskapskvinnene?

Utgangspunktet for heile hovudoppgåveideén var ei interesse for einslege kvinner, århundreskiftet (ca1880-1920) og borgarskap (i prioritert rekkefølge). Interessa for århundreskiftet heng saman med ei interesse for kjønn, og då særleg for konstruksjonen av kjønn. Dei fleste forskarar på området er einige om at det i desse åra var stor turbulens kring kjønnsroller og kjønnsideal. Ragna Nielsen hadde ei enorm tru på framtida og på dei nye vegane som opna seg for kvinnene. I ettertid ser det ut som om ho var noko optimistisk. T.d. kan det synast som om haldningane til einslege kvinner ikkje har endra seg så svært mykje dei siste hundre åra¹. Tiåra før førre århundreskiftet er slik særskilt viktige å studere fordi så mange haldningar av i dag vart grunnlagt nettopp i desse åra. Einslege kvinner er i høgste grad **Andre** i de Beauvoirisk forstand. Dei vert definerte ut frå kva dei **ikkje** er. Eit samfunn trer kanskje endå klårare fram gjennom kva det ekskluderer enn gjennom kva det opphøgjer. Gjennom å studere einslege kvinner, dei Andre, studerer ein også det Normale.

Mi interesse for borgarskapet kan kanskje synast noko suspekt. Å skrive om menneske som reiste på luksusturar til kontinentet medan mine egne forfedre drukna på fiske eller spydde på 3. klasse på veg til Amerika; å skrive om menneske som åt østerspostei medan mine egne tippoldeforeldre freista å livnære seg på sild og poteter, er truleg classesvik. Kanskje mi interesse for borgarskapet dreier seg om flukt. I ei verd med overflod av liding og brutalitet synest det svært så behageleg å la seg forføre av borgarskapet sin diskrete sjarm. Deira liv var tilsynelatande så disiplinerte, hyggelege og reinslege. Til og med lidingane deira synest velorganiserte; frie for blod og vald. Det var det disiplinerte, kontrollerte og danna **borgarskaps-individet** som først og fremst stod som representant for det nye moderne mennesket i tiåra før førre århundreskiftet (Frykman & Löfgren 1979:11). Det finst altså også meir vitskapelege argument for å konsentrere seg om dei høgre sosiale laga i samfunnet. Ideologiane og ideala frå desse gruppene fekk ei enorm strukturerande kraft. Dei trengde gjennom til alle klassar og dei vestlege samfunna er framleis i stor grad prega av borgarskapet sin enorme kulturelle ekspansjon mot slutten av det førre hundreåret.

PS Ragna Nielsen var dessverre for optimistisk også på det samferdslemessige området: då eg leita etter kjelder til denne oppgåva var det nettopp til det gamle Universitetsbiblioteket i Oslo eg drog. Og eg drog dit med buss, ikkje med lufthest!

Overgangssamfunnet

Å studere kvinner i tiåra rundt århundreskiftet er interessant av fleire grunnar. Store økonomiske, teknologiske og strukturelle endringar fann stad og den industrielle revolusjonen nådde sitt norske høgdepunkt. Det var mogelegheitene og framsteget sin tidsalder, og folk reiste frå bygdene for å ta del i den nye tida. Med alle dei materielle endringane oppstod det også nye ideal. Opplysningsfilosofane hadde lagt grunnlaget for nye ideologiar, og kommunisme, liberalisme, nye vitskapelege teoriar og nye syn på religion var nokre av dei ideane som sakte nådde dei utdanna delane av befolkninga. For mange kvinner gav den nye tida nye høve til sjølvrealisering. For første gong på svært lang tid, var det mogeleg for kvinner frå borgarskapet å ta seg lønna arbeid og å leva utanfor ein familiesamheng². Tankar om kvinna si frigjering starta òg å spreie seg, og i 1884 vart Norsk kvinnesaksforening stifta.

Marshall Berman trekkjer fram Jean-Jaques Rousseau som prototypen på den tidlege modernisten. Rousseau var utgangspunktet for fleire av dei grunnleggjande moderne fenomena: romantisk drøymeri, psykoanalytisk sjølvransaking og deltakande demokrati.

Rousseau var ei uroleg sjel som såg seg sjølv drive rundt i ein sosial malstraum. Det grunnleggjande spørsmålet vart: "*Hur skal jaget kunna röra sig och leva i denna virvel?*" (Berman 1990:15).

Samstundes med at Jean-Jacques Rousseau får "æra" av å ha vore eit av dei første moderne menneska, oppteken av demokrati, sjølvrefleksjon og framsteg, er han også opphavsmannen til boka "**Emile**" (1762), som vert rekna som eit av hovudskrifta bak den borgarlege kjønns-ideologien (Brydd & Lykke 1982:163). I "**Emile**" skisserer Rousseau opp sine idealbilete av den moderne mann og kvinne; mannen som aktiv og sterk, kvinna som passiv og svak. Oppsedinga måtte derfor sjølv sagt verte heilt ulik. Medan gutane skulle få utfalde seg som frie naturbarn, var det viktig at småjentene vart trent til sjølvfornekting og oppofring.

Også for familien fekk moderniseringa store følgjer. Frå å vere eit arbeids- og produksjonsfelleskap, vart familien redusert til ein institusjon som skulle ta hand om reproduksjon og emosjonell nærleik. Den industrielle revolusjonen saman med den viktorianske ideologien hadde delt verda utfrå kjønn. **Separate sfærar**, med den private som den feminine og den offentlege som den maskuline, vart eit kjerneområde i den viktorianske borgarskapsideologien. Mannen skulle no forsørge familien; kvinna skulle vere omsorgsfull mor og hustru. Heimen skulle vere lun og trygg, overfylt av plysj og pynt. Han skulle vere både ei motvekt til, og eit vern mot, det høge tempoet og rasjonaliteten i det offentlege livet. Menn og kvinner fekk også heilt ulike ideal om moral og karaktereigenskapar å leve opp til. For mennene som skulle bygge det nye samfunnet vart dei ideelle karaktertrekka vitalitet, energi og rasjonalitet medan kvinnene vart tildelt dei meir følsame og åndelege eigenskapane.

I denne æraen av familielykke vart sjølv sagt monogamiet etterstreva som aldri før. Visst var det horebukkar og sex-skandalar no òg, men aldri tidlegare hadde dette vakt slik avsky og offentleg forarging. Rundt 1900 bidrog òg den nye kunnskapen om homoseksualitet til å styrke ekteskapet. Dei romantiske vennskapa mellom personar av same kjønn vart etter kvart umoderne. Det einaste legitime intime forholdet ein no kunne ha, var med ektefellen. Parforholdet, her ekteskapet, fekk ei nærmast religiøs tyding.

I dette klimaet voks også idealet om **Den Romantiske Kjærleiken** fram. Dette idealet vart i første omgang det nye borgarskapet sin ideologi, men idealet trengde etter kvart inn i alle samfunnsklassar og fekk stor tyding for struktureringa av samfunnet. I kontrast til tidlegare tider sine ideal om den lidenskapelege kjærleiken dreidde den romantiske kjærleiken seg ikkje om pasjonerte utanomekteskapelege forhold, men om sjølvrealisering og fridom. Først gjennom ei andeleg (og seksuell) sameining med ein utvalt Andre, kunne sjølvvet verte "heilt". For å vere sikker på at ein verkeleg har funne Den Rette, vert det naudsynt med ei stadig

sjølvransaking. Refleksjonen kring kjærleiken var det første (og viktigaste) steget inn i det moderne sjølvrefleksive prosjektet. Spørsmål som "Elskar eg nok?", "Kva føler eg no?", vart viktige å stille. Den romantiske kjærleiken er òg med på å lausrive individet frå dei tradisjonelle sosiale samanhengane:

It provides for a long-term life trajectory, oriented to an anticipated yet malleable future; and it creates a "shared history" that helps separate out the marital relationship from other aspects of family organisation and give it a special primacy (Giddens 1993:44).

Den romantiske kjærleiken er ein temd og kontrollert kjærleik. **Narrasjonen** vert difor eit viktig element. Gjennom den individuelle forteljinga om kjærleiken kan refleksjonen finne stad (Giddens 1993:40). Den romantiske kjærleiken er ikkje revolusjonær og samfunnsomveltande, men revolusjonær og samfunnsbyggande.

Overgangssamfunnet og dei einslege borgarskapskvinnene

Endringane i familiestrukturar og arbeidsliv fekk store konsekvensar for dei kvinnene som ikkje passa inn i den borgarlege definisjonen av korleis kvinneliv burde vere. For gifte borgarskapskvinner førte ikkje moderniteten med seg heilt nye livsalternativ. Endringane var også merkbare for dei, men knapt nok revolusjonerande. Etter bryllaupet vart eventuell yrkesaktivitet innstilt og meininga med livet var som før: å vere ei god og behageleg mor og hustru. Dei einslege borgarskapskvinnene vart derimot i langt større grad råka av den nye økonomiske situasjonen og den nye fridomen.

Allereie frå midten av 1800-talet hadde ein byrja å sjå på den einslege kvinna som eit problem. Eit problem som ein meinte sprang ut frå dei generelle destabiliserande og usunne forandringane som industrialisering og urbanisering førte med seg. Det var eit teikn på eit usunt samfunn ute av balanse med "det naturlege". Ei meir pragmatisk årsak var at middelklassen ikkje lenger syntest dei hadde råd til å ha funksjonslause døtre og søstre gåande "i huset". Behovet for nye arbeidsoppgåver for desse kvinnene var skrikande. Kvinnesaksforeningen sin første formann, H.E. Berner, meinte at det i 1880-åra var 99000 kvinner i Noreg som kunne rubriserast som "hjemmehørende døtre og familielemmer". Berner skreiv vidare i Nylænde:

De har ofte intet lært som sætter dem istand til eget erhverv; eller de er opdragne i den opfatning, at "arbeidet" er for "simpelt" for dem. Og saa optages de i sin økonomiske vanmagt hos en eller anden familie til en slags forsørgelse, som nok tidt er til sorg baade for dem selv og husets vedkommende (Nylænde 1886:17).

Dei levekåra som venta stod i skarp kontrast til dei verdiane dei var oppseda i. Pedagogen Ragna Nielsen reflekterer over kvinnene sine vilkår i det 19. århundre og ho skriv:

Gamle romantikere smiler generet, naar en Kvinde rent ut siger, at hendes eneste Haab er at faa en Mand. Men hvad andet skulde Kvinderne havt til Livshaab? Naturligvis var det eneste, de drømte om, det at blive gift. Med Egteskab fulgte Livsindhold, Betydning, Agtelse - med den ugifte Stand materiel og aandelig Fattigdom, Betydningsløshed, Ringeakt (Nielsen 1904:4).

"Vor bestemmelse er å giftes, ikke å bli lykkelige" skreiv Camilla Collett i **Amtmannens døtre**, og framleis i 1880- og 1890 åra var det ei usikker økonomisk og tvilsam sosial løysing å verte verande utanfor "det lykkelige ekteskap". "Den gruelige frykt for at blive gammel jomfru" (Nylænde 1886:17) må ha vore ei stor belastning for dei borgarskapsdøtrene som var mindre populære på ekteskapsmarknaden.

Ideologien om dei separate sfærene, og trua på kvinner og menn som grunnleggjande ulike, var allment akseptert også mellom dei som arbeidde for kvinna si frigjering. Det var først og fremst med tanke på dei **ugifte** kvinnene ein arbeidde for reformer. Ein såg det urimelege (og upraktiske) i at desse kvinnene skulle leve i uverdige kår, når dei var i stand til å forsørgje seg sjølve. Hausten 1884 debatterte Studentersamfundet kvinnesak og formannen i studentersamfundet, Francis Hagerup, heldt eit innlegg der han tok opp dei einslege kvinnene si stilling:

Det føles som en uretfærdighet mot den ugifte kvinde, at man under henvisning til, at kvindens opgave er at være hustru og moder, skal udestøenge hende fra den ånds-dannelse og de stillinger, som kunde berede hende en økonomisk sorgfri tilværelse og byde hende opgaver, der helt kunde fylde hendes liv, og som hun finder det værdt at arbeide for (..) (sitert i Aasen 1986:102).

Først rundt 1880-åra byrja dei nye kvinneyrka som t.d. lærarinne og telegrafist verkeleg å opne for nye livsveggar i Noreg. Behovet for nye høve til sysselsetjing fall saman med veksten i den offentlege sektoren og staten sitt behov for rimeleg arbeidskraft. Slik fekk nokre av dei einslege borgarskapskvinnene rundt århundreskiftet for første gong på mange generasjonar høve til å skape seg eit økonomisk uavhengig liv utanfor familierammene.

Omgrepet "The New Woman" har vore mykje brukt i amerikansk og britisk litteratur for å skildre den nye kvinnetypen som voks fram i desse åra. Karin Lützen nyttar omgrepet "Den moderne kvinne" om kvinner i perioden 1915-1970, "Overgangskvinnen 1870-1915" og "Borgerkvinnen 1825-1870". Det er altså desse **overgangskvinnene** eg ønskjer å sjå nærmare på. Bente Rosenbeck nyttar omgrepet over-gangskvinne på "de kvinner som kom til å stå med et bein i hver leir: intimsfæren og den offentlige sfære. Dvs. kvinner som er sosialisert inn i

intimsfæren til kvinnelighet og moderskap, men som begir seg ut i en mannsdominert verden (Rosenbeck 1987:133). I tillegg til denne definisjonen ønskjer eg å understreke at dei store endringane òg fekk mykje å seie for dei som ikkje nytta dei nye mogelegheitene. I Britta Lundgren sin definisjon er det også rom for dei kvinnene som ikkje reiv seg laus frå gamle livsmønster, men som likevel levde i spenningsfeltet mellom ulike kvinneroller. Ho skriv at "*termen övergångs-kvinna betegner kvinnor som står vid en historisk vändpunkt mellan gamla och nya kvinneliga livssammanhang* (Lundgren 1993: 54).



1 Den nye framstormande kvinna vart i **Vikingen** frå 1900 betrakta som ein Jaggernaut. Det vil si ei veldig øydeleggande makt som knuser alt som kjem i vegen for ho.

Den nye kvinna hadde heilt andre livsvilkår enn den gamle borgarskapskvinna som levde skjerna i familiekrinsen og som var samfunnsmessig umyn-diggjort. Sjølv om denne nye kvinnetypen vart skildra i talrike artiklar og romanar i perioden, framstår ho nok meir som ein frigjeringsvisjon enn som ein realitet. Stemninga som vert formidla gjennom samtidslitteraturen er kjensla av at ein lever i ei brytningstid, ei overgangstid (Bryld & Lykke 1982:138).

Jakta etter kjelder

I over eitt år arbeidde eg meir eller mindre aktivt med å finne sjølvbiografisk materiale om einslege norske borgarskapskvinner. Den opprinnelege ideen min var å skrive om einslege lærarinner i Bergen ca.1870-1910. I Bergen rundt århundreskiftet fanst det mange private skular drivne av lærarinner, og desse skulestyrarane og deira medarbeidarar var òg ofte svært markante i kulturlivet i Bergen. Valet av lærarinnene var i utgangspunktet meint å vere ei avgrensing i eit kjeldemateriale som eg rekna med ville verte overveldande.

Eg starta med ei von om å basere oppgåva på 20-30 sjølvbiografier/erindringar. Lærarinnene hadde utdanning og var skriveføre, dei var alle ein slags pionerar og ville ha mykje interessant å fortelje. Eg var sikker på at i alle fall dei mest kjende måtte ha skrive sine sjølvbiografier.

Dessutan tilhøyrdede dei fleste høgre sosiale lag, noko ein skulle tru gav dei føresetnader nok for å skrive.

Men det syntest seg snart at slik var det ikkje. Trass i ganske iherdig arbeid har eg berre klart å oppspore ei einaste nokolunde utfyllande kjelde med sjølvbiografisk innhald frå Bergen, nemleg Sophie Lindstrøm sine familiebrev og upubliserte barndomsskildringar. Eg har lese mykje skulestoff, prata med ei rekkje kyndige folk og leita i mange arkiv utan å finne sjølvbiografiar, biografiar, dagbøker eller brev³.

Som eit siste forsøk reiste eg til handskriftsamlinga ved UB i Oslo, seint i november 1994. Etter å ha bladd meg gjennom nokre titals kartotekskuffer og store mengder ubrukbart materiale, dukka det opp eit kort på Lagertha Broch. På kortet stod det notert lærarinne og eg bestilte fram materialet. Det eg fekk utlevert var ei nydeleg dagbok. Nærmare 400 innbundne sider med dikt, skisser, prospektkort, pressa blomar, og framfor alt: ei dagbok med ein sjølvbiografi over ungdomsåra til frk. Lagertha Broch. Under ryddinga av eit dødsbu på 1980-talet vart denne dagboka tilfeldigvis funnen og ho vart redda frå bålhaugen i siste augneblink. Dagboka var i svært dårleg forfatning, men eg reiste heim til Bergen med ein lovnad om å få ettersend ein mikrofilm av heile boka. Endeleg hadde eg funne mi "gullåre".

Lagertha Broch

Lagertha Olea Sofie Broch byrja i 1895 på ei ny dagbok. Ho var då 31 år og budde i foreldreheimen i Horten saman med foreldra og nokre yngre søsken. Familien Broch tilhøyrdede dei "kondisjonerte" i byen og eg trur Lagertha på ein spennande måte kan spegle livet til ei einsleg borgarskapsdotter rundt århundreskiftet.

Materialet eg nyttar ser ut til å ha vore den andre store dagboka hennar. Boka spenner over fleire sjanrar. I tillegg til dagboksnotat inneheld ho dikt og teikningar, sjølvbiografiske oppteikningar frå barndom og ungdom og diverse innlegg til ulike vekeblad og tidsskrift. Erindringane har ein sentral plass og det ser ut som ho har tatt mål av seg til å skrive ein kronologisk sjølvbiografi frå barndom til vaksenliv. I boka hoppar vi rett inn i Lagertha sitt lange Danmarksopphald året før konfirmasjonen. Forteljinga her er eit framhald frå ei bok nr. 1 som ho refererer til fleire gonger. Denne første boka har eg dessverre ikkje funne spor etter.

Lagertha hadde gjennom heile ungdommen vore mykje sjuk og det ser ut som om ho levde eit svært stille og roleg liv. Ho hadde nokre nære venninner, men desse budde ikkje i Horten, så

ho heldt kontakt med dei pr. brev og nokre sjeldne besøk. Lagertha nyttar dagboka til å granske seg sjølv og sine relasjonar og ho gir uttrykk for å vere både glad og letta over å ha ei dagbok å betru seg til.

Lagertha var ei av dei nye kvinnene i den forstand at ho store delar av livet hadde inntektsgivande arbeid. Det ser ut som ho i åra 1892-1894 var i København og studerte ved Meldahls tegneskole⁴. I perioden 1888-1902 var Lagertha teiknelærarinne i middelskulen i Horten. Nokre år etter at dagboka var avslutta starta ho si karriere som barnebokforfattarinne. I åra 1902-1947 gav ho ut 15 barnebøker, fleire av dei eigenillustrerte. Lagertha var også aktiv i organisasjonslivet i Horten, mellom anna i Den Selskabelige Diskusjonsforening, i styret for Landskvinnestemmeretsforeningen 1898-1910 og i Hortens riksmålsforbund 1908-1909. I 1946 stilte ho ut ei større akvarellsamling, **Eventyr året rundt**, i Oslo. Lagertha Broch døyde 2.mai 1952.

Dagboka hennar held ei svært personleg form, og Lagertha trer fram både som ein fjern, men òg svært nær person. Skilnadene mellom mitt liv og Lagertha sitt er naturlegvis svært store, samstundes som vi òg har ein heil del til felles. Eg er no tre år yngre enn Lagertha var då ho byrja på si bok.

Opplegg for oppgåva

I dei turbulente tiåra rundt århundreskiftet var det nokre grupper i samfunnet som meir enn andre var utsette for oppløysing av tradisjonelle og trygge levemåtar. Kanskje var dei einslege borgarskapskvinnene mellom dei som verkeleg fekk kjenne på kroppen at "*all that is solid melts into air*"⁵?

The New Woman stood determinally outside conventional institutions. Indeed, she had to create alternative institutions and careers for herself, since the normative world offered her no haven other than the role of the spinster aunt or the poorly paid and unmarried schoolteacher. She was a perennially liminal figure - a figure always outside of the existing social structures and with no way of coming in (Smith-Rosenberg 1985:256).

Mitt bidrag er ei empirisk studie av frøken Lagertha Broch si dagbok. Eg vil studere ei av dei einslege borgarskapskvinnene som levde i overgangen mellom gamle og nye kvinneideal, og som opplevde store endringar i levekår og moglegheiter. Det er lite truleg at ein finn ei enkel

kronologisk utvikling frå det gamle borgarkvinneidealet til den moderne kvinna, men ein kan gå ut frå at kvinnene som vart vaksne i 1880- og 90-åra merka denne turbulensen i sine egne liv. Kanskje dei òg opplevde konflikhtar og brytningar mellom dei ulike kvinnetypene. Det vil derfor vere særleg interessant å sjå etter konflikhtar som kan vere nedlagde i det einskilde individet. Eg vil i denne oppgåva først og fremst konsentrere meg om Lagertha Broch si dagbok, men òg trekke inn samtidige erindringar, skjønnlitteratur, vitseteikningar og tidsskrift-artiklar. Dei overordna perspektiva vil vere identitet og modernitet.

Eg har nytta ulike teoretikarar i oppgåva, og teoribruken kan kanskje synast kaotisk og fragmentarisk. Det er innslag av sosiologi, litteraturvitskap, sosialmedisin og sosialpsykologi, i tillegg til etnologi. Denne anarkistiske teoribruken kan forsvarast mellom anna med ei tilvising til den kulturanalytiske metoden introdusert av etnologar frå Lund. Eitersom livet sjølv er fragmentarisk, uordna og tilfeldig, vert ikkje målet for forskinga å *fortelle den mest mulige helhetlige og kronologiske historien til et sted eller fenomen. Fasiten, den objektive sannheten, er umulig å gripe* (Richardson 1994:11). Eit mangfald av teoriar og innfallsvinklar synest slik betre eigna til å gripe den komplekse og flytande røynda, enn altomfattande og heilskaplege teoriar.

Ein kjenner seg audmjuk når ein opnar andre menneske sine dagbøker og upubliserte erindringar. (Ønska forfattaren at nokon skulle lese dette? Kven er det i så fall mynta på? Ganske sikkert ikkje på meg! Når eg likevel vågar meg ut på dette er det fordi eg meiner Lagertha Broch si dagbok kan seie noko generelt om levekåra rundt århundreskiftet. Gjennom å sjå på Lagertha som ein forteljar for si tid, vonar eg via teksten å nå ein kunnskap om kulturelle mønster. Eg vil med andre ord freiste å gjere "*det unika allmänt*" (Frykman 1992:241).

I denne oppgåva vil eg konsentrere meg om dei tema frå Lagertha sitt liv som eg vurderer som dei mest sentrale i dagboka. Gjennom å sjå på dei problemområda Lagertha sjølv gir mykje plass, får eg eit innblikk i kva verdiar ho hadde og kva for vurderingar ho gjorde. I denne samanhengen er det også interessant å sjå på kva ho **ikkje** skreiv om. Vala av tema er sjølv sagt òg styrte av dei teoriane og interessene eg har hatt i bakhovudet medan eg har lese materialet.

Eg vil ikkje gå inn for å "avsløre" Lagertha eller fortelje Sanninga om livet hennar. Denne oppgåva er mi tolking av Lagertha si tolking og framstilling av delar av livet sitt. Ut frå ei oppfatning om at det ikkje eksisterer noko einskapleg sjølv, men at sjølvet er ustabil, fleksibelt og skiftande, vert det difor meir interessant å sjå på "*subjektets forskjellige repræsentationer, spillet mellom individets egne og andres repræsentationer eller fremstillinger av selvet*" (Rimmen Nielsen 1992:24).

Likeeins vil eg freiste å styre unna kvasipsykologiske utleggingar om motiv og årsaker determinert ut frå forfattaren si barndomshistorie. Samstundes er det klart at element både frå den biologiske, sosiokulturelle og psykologiske dimensjonen er med på å forme eit liv, og dermed ein tekst (Rimmen-Nielsen 1992:24). Visse erfaringar skaper visse tekstar. Anne Eriksen understrekar at sjølvbiografien er eit resultat av ein aktiv skapande og tolkande prosess hos forfattaren. Det viktige i den kulturfaglege samanhengen vert å sjå på denne **tolkings- og redigeringsprosessen** og på kva for **verdiar og referanserammer** som ligg bak (Eriksen 1992:5).

Debatten ikring sjølvbiografi som kjelde og som litterær sjanger har vorte intensivert i dei seinare åra. I det første kapitlet vil eg freiste å fange nokre av trådane frå desse diskursane og delvis relatere dei til eige materiale.

Kapittel 2 tar for seg Lagertha sitt møte med det turbulente overgangssamfunnet. Korleis opplevde ho å vere einsleg kvinne i desse turbulente tiåra? Korleis vurderte ho sjansane til å få seg ei utdanning og eit yrke? Ein viktig del av dette kapitlet vil også dreie seg om Lagertha sin kjærleik til andre kvinner. Korleis kunne Lagertha organisere livet sitt i eit samfunn med svært skiftande kvinneroller?

I kapittel 3 vil eg freiste å sjå nærmare på Lagertha si jakt etter eit eige sjølv. Identitetsutvikling vert slik hovudtemaet i dette kapitlet.

Sjukdommen som prega ungdomsåra til Lagertha vil stå i fokus i det neste kapitlet. Sjukdom saman med symbola Amerika, blommar og småfuglar har eg her valt å tolke som fluktstrategiar og oppdagingsreiser bort frå konfliktane det moderne livet førte med seg.

Det moderne samfunnet opna for større fleksibilitet og dermed opna det for langt etter endring. Lengten kan dermed kanskje seiast å vere ei av dei kjenslene som er mest karakteristisk for moderniteten. Lengt stod sentralt i livet til Lagertha Broch og avslutningskapitlet vil gå nærmare inn på denne lengten. Eg vil òg drøfte Lagertha si eventuelle rolle i høve til kulturell innovasjon.

KAP.1

LIV OG TEKST

All autobiographic memory is true. It is up to the interpreter to discover in which sense, where, for which purpose (Personal Narrative Group 1989:261).

Livsskildringar som sjanger

Mot slutten av 1980-talet byrja den akademiske interessa for biografi igjen å stige. Bøker vart skrivne og seminar haldne. Denne nyvakna interessa kan forklarast både ut frå behovet for å finne konkretiseringspunkt for krefter og strukturar, og ut frå ein postmoderne proklamasjon om at dei store forteljingane si tid er over, og at det berre er gjennom dei små forteljingane kunnskap kan finnast.

Uansett årsak er det tydeleg at etter 1960- og 70-talet si fokusering på **strukturar**, er det no **individet** som vert sett i fokus. Ein kan tale om metodologisk individualisme (Frykman 1992:256).

De livshistoriska perspektiven, fenomenologins återkomst och uppsvinget för psyko-historia och andra teorier som sätter det personliga i fokus inngår som naturliga delar i en postmodern förvirring där man söker efter en arkimedisk punkt (Frykman 1992:256).

Vektlegginga på biografiar kan slik nyttast både til å finne konkretiseringspunkt for dei strukturalistiske teoriane og til å komme bort frå dei. Ein kan skilje ut to hovudretningar innanfor den historiske biografiforskinga.

Man kan oppfatte sin hovedperson som et prisme for en tid, en klasse, en kultur eller en personlighetstype. De stråler der brydes gjennom analysen af personlighedens ses som typiske og renesæntative karakteristika for noget andet end den biograferede (Possing 1992:60).

Ein openberr fare med ein slik tilnæringsmåte er at den biograferte slik vert pressa inn i faste former og vert eit "*spejl af biografens personlige og/eller teoretiske billeder*" (Possing 1992:60).

Den andre hovudretninga vel å sjå hovudpersonen som eit eineståande menneske og fokuserer først og fremst på det unike. Birgitte Possing meiner at denne metoden har fordelar fordi den opnar meir for det levde livet og fordi den "*åbner for en mulighed for at følge de uventede veje, som den empiriske forskning og den brudte fortælling får til at dukke op*" (Possing 1992:61). Ulempene er sjølv sagt at det unike kan verte så overdimensjonert og forstørta at ein ikkje får auge på det allmenne (ibid.).

Desse to tilnæringsmåtene heng sjølv sagt saman med den personlege oppfatninga ein har av individet si rolle i historia. Sjølv plasserer eg meg ein stad i midten. Eg er i høg grad oppteken av strukturane og kulturen si forming av individet, og eg vil difor til ein viss grad sjå på individet som eit prisme for si tid. Samstundes er det viktig å vere merksam på dei individuelle variasjonane og ha respekt for det særskilde i den einskilde si historie.

Sjølvbiografien er ei historisk spesifikk form for skriftleg framstilling. Framstillingsforma er **moderne**. Ho vart for alvor populær frå slutten av 1700-talet, og ho har røter i den kristne truedkjenningsstradisjonen (Stounbjerg 1992:37). Anna Elisa Tryti legg vekt på røtene frå mellomalderen og korleis utviklinga av den sjølvbiografiske sjangeren heng saman med ei større sjølv sentring i litteraturen. Det personlege andelege livet kom i fokus og Augustin sine **Bekjennelser** frå år 400 vart eit førebilete for sjølvbiografiske framstillingar heilt opp til nyare tid (Tryti 1992:122). Ein føresetnad for ein sjølvbiografi er sjølv sagt ei individuell sjølvforståing. Grunlaget for ei slik sjølvforståing vart til i renessansen, men hadde òg røter lenger tilbake. Romantikken var den verkelege oppblomstringstida for den moderne sjølvbiografien, og Jean-Jaques Rousseau sine **Bekjennelser** (1781-1788) er ei av søylene i denne tradisjonen. Sjølvbiografien høyrer heime i ein moderne diskurs der individet, eg'et, står i sentrum.

Dei fleste som reflekterer kring temaet forteljingar om levd liv, skil mellom minst to hovudkategoriar livsskildringar; sjølvbiografiar og memoarar/erindringar. Lisbeth Mikaelsson legg først og fremst vekt på at sjølvbiografiane har eit livsløpsperspektiv medan memoarane meir er forteljingar om folk og hendingar (Mikaelsson 1992: 293-294). Philippe Lejeune sin klassiske definisjon definerer sjølvbiografien som

Retrospective prose narrative written by a real person concerning his own existence, where the focus is his individual life, in particular the story of his personality (Lejeune 1989:4)

Det er altså først og fremst historia om forteljaren si identitetsutvikling som skil sjølvbiografien frå andre former for sjølvframstilling; frå **sjølvportrettet** (som ikkje er narrativt eller retrospektivt, frå **memoarane** (som handlar om andre, om tid, miljø eller karriere) og **biografien** (Larsson 1991:94 og Stounbjerg 1992:21). Sjølvbiografien handlar om sjela snarare enn om livet. Sjølvbiografien søkjer å finne ein plan og ei meining bak det levde livet, og det er nettopp dette som skil han frå memoarane (Stounbjerg 1992:22). Stounbjerg ser vidare sjølvbiografien som ein

retorik som motsvarar bestemda förväntningar. Självbiografien är inte sannare, expressivare eller mera autentisk än andra former av skriven text. Derimot påstår den å være alt detta, og det er en retorik som forplikter: den formulerer et verdensbilde, en metafysikk (Stounbjerg 1992:21).

Å finne "den rette" definisjonen er sjølv sagt ikkje mogeleg. Lisbeth Larsson peiker på nokre viktige poeng når ho skriv:

Självbiografien är till sin karaktär en historiskt föränderlig genre (...) Det är därför svårt att mer än i mycket almänna ordalag fånga självbiografins karaktär i en enda definition. Allteftersom genrekonventionerna blir fastare tenderar de också att upplösas. Det uppstår en medveten lek och ofta också en polemik mot dem (Larsson 1991:95).

Mangel på kvinnekjelder

Det er ikkje berre eg som har leita med lys og lyfter etter sjølvbiografisk materiale etter 1800-talskvinner. Christina Florin skriv i "**Kampen om katedern. Feminiserings og profesjonaliseringskampen i den svenske folkeskolan**", om at også ho har hatt problem med å oppspore materiale frå 1800-talet som lærarinnene sjølv har skriva.

Reflexioner över andra stora frågor i livet, hur det kändes att vara ogift yrkeskvinna i 1800-talets Sverige, vilken yrkesetik som utvecklades, vilken syn man hade på sina manliga kolleger, förhållandena mellan olika lärargrupper, social samvaro och ställning i lokalsamhället, politiska ställningstaganden och dylikt, är det tyvärr mera tunnsått av (...) Däremot råder ingen brist på material från männen. Där blir nästan förhållandena de motsatta (...) (Florin 1987:31).

Sisken Skjelderup Hoel skreiv i 1937 ein bibliografi over norsk memoarlitteratur og norske sjølvbiografiar. Skjelderup Hoel meiner sjølv at dette er ein utfyllande bibliografi over det som

til då hadde kome ut i Noreg. Ho har her nemnt 577 personar. Av desse var 66 kvinner. For 16 av desse igjen var det ikkje oppgitt jentenamn. Altså var maksimum 16 einslege.

Av det materialet som kvinner har skrive, er det relativt lite som passar inn i Lejeune sin definisjon av sjølvbiografien. Det er sjeldan at forteljar-eg'et står i fokus; forteljningane handlar oftare om familie og andre personar (Aasen 1991:99, Fahlgren 1987:16). Mange av desse livsskildringane er i tillegg episodiske av natur og manglar den heilskaplege framstillinga som ifølge Lejeune karakteriserer "den rette" sjølvbiografien (Fahlgren 1987:15). Margaretha Fahlgren tolkar i si bok "**Det underordnade jaget**", kvinnelege sjølvbiografiar i lys av psykoanalytiske teoriar om kvinneleg masochisme. Fahlgren hevdar at "*I større eller mindre grad färgas den kvinnliga identiteten i det västerländska samhället av masochistiska drag*" (Fahlgren 1987:19). Den underordna eg-posisjonen som ein finn i mange av dei kvinnelege erindringane/memoarane reflekterer nettopp kvinnene sin plass i samfunnet. Lissie Åström meiner at åtferd generelt sett er meir altruistisk motivert hos kvinner enn hos menn. At det her er tale om kulturell programmering heller enn "kjønnsessens":

döljs emellertid av den hävdade och djuprotade föreställningen att osjälviskhet och omvårdnadsbenägenhet finns i rikare mått nedlagda i kvinnans natur än i mannens och att kvinnor därmed också skulle ha mindre behov att förverkliga sig som enskilda individer (Åström 1990:34).

Gustava Kielland gav ut sine "**Erindringer fra mit Liv**" i 1882. Ho innleier med å sei at "*flere Gange er jeg blevet opfordret til at skrive mit Levnetsløb, men jeg har aldrig villet gaa ind derpaa*". Grunngjevinga for dette er at "*Mit Liv var, syntes mig, saa stille, simpelt, ensformigt og fattigt paa interessante Begivenheder*" (sitert hos Aasen 1991:100). I ein periode der denne typen vurderingar av kvinneliv var vanlege var det naturleg nok berre etter sterkt press frå omgjevnadene at kvinner kunne pressast til eller få høve til å skrive sine sjølvbiografiar. Agnes Hansen gav ut sine **Familjeoptegnelser** i 1904. Som einsleg heimebuande dotter var det truleg ekstra viktig å oppgje ein god grunn for å gjere noko så lettsindig og unyttig som å skrive bok, og ho byrjar boka med å forklare:

September 1876.

Forladende Moders Sygestue for at forfriske mig en Tur rundt Rothougen til Hagelstens mølle, gik jeg idag som sædvanligt min ensomme Tur i det skønne Høstveir, tænkende paa: hvad skal du finde paa, forat beskæftige dig selv og underholde Moder med, nu dit Syn begynder at svigte dig baade til Søm og Læsning, saameget mere som Moder taaler lide af Høitlæsning, udenfor sine Morgen- og Aftenandagter, - da det faldt mig ind, at jeg i Condradine Dunkers Erindringer og tidsbilleder havde fundet en Form, hvori ogsaa jeg kunde meddele min yngste søster Elisa de Erindringer fra vore Forældres yngre Dage, som hun saa ofte har ønsket at

høre og som jeg af og til har forsøkt at meddele hende i smaa Stumper, mere sammenhængende. Dette kan nu maaske ske paa letteste Maade ved Moders Sygeseng, naar hun siger "Tal, Agnes, har du ikke noget at sige mig!" Jeg kan da nedskrive ved Hjælp af hendes gode Hukommelse mangt og meget, som vil have interesse for Elisa, omendskjønt hun vel har hørt det omtale før. Paa samme Maade kan det ogsaa underholde Moder at se tilbage paa det Liv, hun ved Guds Naade snart har ført tilende og som i Sandhed maa siges at være rigt paa Velsignelse og underful Førelse (Hansen 1904:1-2).

Det er innlysande at oppsedingsidealet for kvinner ikkje nettopp oppfordra kvinner til å setje seg ned for å skrive sine sjølvbiografiar. I **Emile** utdjuper Jean-Jacques Rousseau kva som bør vektleggjast i jentene si oppseding:

Pigerne skal være vågne og arbeidsomme, og de må i tide finne sig i tvang. Denne ulykke - om det da ellers for dem er en ulykke - er uadskillelig fra deres køn, og frigør de sig for en tvang kommer de til at lide under en endnu hårdere. De vil hele livet være undergivet den stadigste og strengeste tvang, nemlig den som anstand og ærbarhet pålegger dem. Derfor skal man i tide vænne dem til tvangen for at det ikke senere skal falle dem for svært at tæmme deres luner og føje sig efter andres vilje (Rousseau 1962:22).

(...) man må passe på at de ikke et eneste øjeblik af deres liv gør sig fri af tøjlerne. Væn dem til at blive afbrudt midt i deres leg og til uden vrøvl at blive sat igang med noget andet. Her er vanen alene tilstrækkelig, fordi den ikke gør andet end understøtte naturen (Rousseau 1962:23)

Kvinnene skulle vere innretta mot kollektivet, ikkje mot sjølvet. Sjølvoppofring heller enn sjølvfokusering var idealet. Ved å skrive, og eventuelt gi ut, ein sjølvbiografi, måtte kvinnene tre ut av sin plass i den private sfæra og framstå på den offentlege arenaen. Dette var ei barriere som var uoverstigeleg for dei fleste 1800-tals kvinnene.

Mot slutten av 1800-talet vart imidlertid dette biletet mindre eintydig. Mange av dei kvinnene eg har freista å finne stoff om var også svært offentlege personar. T.d. Ulrike Pihl og Sofie Lindstrøm, som dreiv sine velrenommerte "pikeskoler" i Bergen, var begge svært aktive innan kulturlivet. Kanskje var det likevel idealet om det underordna eg'et som sat djupast i kvinnehjarta, sjølv for framståande personlegdomar som desse. Ja, kanskje var det særleg viktig for desse kvinnene som allereie hadde brote med så mange normer for sømeleg kvinneåtferd. Kanskje desse gamle "peppermøene" hadde ekstra mykje å tape med å stikke seg ut og

framheve seg sjølve? Samstundes skulle ein tru at desse kvinnene også kunne hatt mykje å vinne på å skrive historia om det eigne sjølvvet. Gjennom å biografere seg sjølv hadde dei høve til å skape ei samanhengande og meiningsfull forteljing om livet sitt - ei meining og ein samanheng som dei elles ofte vart fråskrivne.

Kan ein på bakgrunn av at vi finn så få kvinnelege sjølvbiografar slutte at norske menn vart tidlegare - eller meir - moderne enn kvinnene, og kan dette i så fall vere ein del av forklaringa på at det finst så få sjølvbiografar skrivne av kvinner? Eg trur at ein her må vere villig til å tenkje mindre rigid i høve til modernitetsteoriane. Kvinner var ikkje nødvendigvis mindre moderne enn menn, men moderniteten fekk kanskje **andre** konsekvensar for den kvinnelege identitetsutviklinga enn den mannlege. Som eg seinare i oppgåva vil kome inn på, så meiner eg at det kanskje skjedde like fundamentale endringar i kvinneliv i desse åra som i menn sine liv, men desse endringane var tildels svært ulike og dei gjekk føre seg i ulike sfærar.

Lagertha Broch si dagbok inneheld ei kronologisk framstilling av utviklinga av den eigne personlegdommen. Både dagboksnotatene og sjølvbiografien er uhyre reflekterte og sjølv-ransakande. Etter mi meining passar dei delane av dagboka som er skrivne retrospektivt, perfekt inn i Lejeune sin definisjon av sjølvbiografien. Ulikt så mange av dei kvinnelege memoarforfattarane på 1800-talet er Lagertha i høgste grad hovudperson i si eiga framstilling. Det "underordnade jaget" som Fahlgren skriv om finn eg ikkje spor etter i Lagertha sin skrivemåte. Lagertha Broch framstår som ei uhyre moderne kvinne fordi ho faktisk skriv ein **sjølvbiografi**. Det er forminga av det sjølvstendige individet Lagertha som står i fokus, og ho orsakar seg ikkje ein augneblink for dette. Ein opplagt skilnad er sjølv sagt at medan mange familiememoarar var skrivne for utgjeving eller iallfall distribusjon, var dagboka til Lagertha truleg ikkje meint for andre sine auge⁶. Ein kan likevel spørje seg kvifor det var så viktig for Lagertha Broch å formulere historia om det eigne sjølvvet at ho våga å setje seg utanfor dei konvensjonelle grensene for kvinneleg skrivemåte. Kvifor vel Lagertha Broch å skrive sjølvbiografien sin i ein alder av 31 år?

Livsskildringar som kjelde

Spørsmålet om det i det heile går an å seie noko om livet bak livsskildringane vert mykje diskutert innan sjølvbiografiforskninga. Den mest radikale greina hevdar her at ein må skilje klårt mellom eg'et i teksten og forfattarsubjektet. Eg'et i teksten er **fiksjon** (Mikaelsson 1991:51). Paul de Man er mellom dei som meiner at det ikkje går an å skilje sjølvbiografien frå

fiksjonslitteratur og han forkastar dermed sjølvbiografien som sjanger (Gimnes 1992:66). Likeeins ser teoretikarar som Jaques Derrida, Roland Barthes og Jaques Lacan på sjølvbiografien meir som eit forum for den litterære diskursen enn for forfattaren sin sjølvrefleksjon (Gimnes 1992:66).

I forordet til **Edda** sitt spesialnummer om sjølvbiografi skriv redaksjonen:

..det fortøner seg som eit slående faktum at forskningsinteressa for sjølvbiografien spring ut i eit vitskapsmiljø og på eit tidspunkt da sjølv'et og identiteten er blitt problematiske omgrep både i psykologisk og tekstleg forstand. Når forestillinga om eit autonomt individuelt sjølv utanfor eller over språket blir forkasta, og språket sin metaforiske karakter fortrengrer den referensielle funksjonen, som t.d. hos Jaques Lacan og Jaques Derrida, blir sjølvve grunnlaget for sjølvbiografien som eigen tekstkategori truga. I eit slikt perspektiv blir det umuleg å dra strenge grenser mellom sjølvbiografi og fiksjonslitteratur (Edda 2/91).


Philippe Lejeune retta i artikkelen "**Le pact autobiographique**" (Poetique 14, 1973) søkje-lyset mot **lesaren**. Medan sjølvbiografien tradisjonelt har vorte oppfatta som ein forteljar- og skrivemåte, meiner Lejeune at det like mykje må sjåast på som ein lese måte (Vilkko 1992:107).

Som ei forsiktig innvendig mot denne veldige fokuseringa på å dekonstruere nettopp **sjølvbiografien**, kan ein minne om at all kunnskap om sjølvvet er språkleg formidla. Det finst altså ikkje nokon "rein" og ubearbeida kunnskap om sjølvvet utanfor språket. James Olney er mellom dei som peiker på paradokset i at dekonstruksjonistane "*först upplöser jaget och livet till text och sedan kungör att själviografien är död*" (Gimnes 1992:67). Medan t.d. Paul de Man er skeptisk til å betrakte sjølvbiografien som ein spesifikk litterær sjanger, vel Olney å gå motsett veg. Han betraktar slik alle dei litterære sjangrane som sjølvbiografiske (ibid.).

Det er mange feller ein kan gå i når ein tolkar kjelder. Dagbøker og memoarar er - som alle andre kjelder - kulturelt bestemte dokument. Forfattaren har ein bestemt mal i hovudet for kva som skal, kan og bør vere med i dokumentet (Frykman 1992:242). Dette gjeld både for det sjangermessige (kva høyrer heime i ei dagbok?), men òg kva som i det heile tatt er passande eller naudsynt å nemne. I litterære og historiske framstillingar møter vi samfunnet sin mentalitet, moral, etikk o.l. Mellom skildringa av det som var og er, og det som **bør** vere, er det ein dynamikk som utgjer forteljinga. Biografar er ikkje usanne, men dei er moralsk-praktiske påstandar (Kvalsvik 28.2. 1993).

Forteljaren har opplagt ei stor makt over det som kjem fram i dagboka. Kva vert synleg og kva vert usynleg i det livet forfattaren fortel om? Kva er det ho **ikkje** hugsar? (Frykman 1992:242). Dette dreier seg om det som medvite vert fortrent, men kanskje endå meir om dei "*fundamentala kulturella principer (som) är svårtåtkomliga genom sin självklara närvaro i livet*" (Frykman 1992:242). Dei trivielle kvardagstinga forsvinn, medan det uvanlege vert forstørta. Dette er viktig å vere merksam på fordi det kanskje nettopp er det **trivielle** som kan fortelje oss noko om det **fundamentale**. Ideologiane og verdiane våre ligg ikkje berre i hovudet men òg i kroppen - i dei spontane handlingane.

Korleis skal ein klare å gripe kvinneliv i eit patriarkalsk samfunn formidla gjennom ein maskulin sjanger som sjølvbiografien? Lissie Åström presenterer i sin artikkel "**Den gåtfulla kvinnligheten**" nokre reiskap til å gripe det dobbelte som ho meiner ligg i dei kvinnelege erfaringane. Åström sitt utgangspunkt er at det er menn sine omgrep og forestillingar som har prega kvinner sine sjølvopfatningar og syn på omverda. Dersom kvinner sine spontane opplevingar ikkje stemmer med dei verdi- og tolkingsmønstra som hovudkulturen har, er det ein risiko for at desse opplevingane vert fortrent til eit lågare medvitnivå utan å ta tydeleg omgrepsmessig form (Åström 1990:32). Her trekkjer Lissie Åström fram Shirley Ardeners kvinnelighetsomgrep Femininity og Femeinity, som ho meiner kan vere fruktbare tankereiskap i arbeidet med å analysere kvinneliv. Omgrepet **Femininity** dekkjer den mannsdefinerte røynda; den delen av det kvinnelege verdsbiletet som fell saman med det mannlige.



2 Henta frå Åström 1990:33

Femeinity er derimot eit uttrykk for dei meir spesifikke kvinnelege erfaringane. Femeinity utgjør her den overskytande delen av sirkelen. I følgje Ardeners finn ein i denne delen potensiale for kvinneleg kulturskaping som ikkje er så bunde i "hovudkulturen" sitt mannsdominerte normsystem. At denne delen er skuggelagd markerer nettopp at det her er spørsmål om ei

diffus og subjektiv røynd, som ligg i skuggen av det patriarkatsdefinerte verdsbiletet (Åström 1990:32-33). Åström sitt hovudpoeng er at ein må ha eit slikt dobbelt perspektiv i tankane når kvinnekultur skal utforskast.

Om ein med Ardeners opnar for at det parallelt med den "offisielle" definisjonen på kva som er kvinneleg, eksisterer ein meir offensiv feminitet, vil ein aktivt vere på utkikk etter slike ytringar. Desse ytringane vil vere vanskelege å finne mellom anna fordi:

Att bete sig enligt de kulturella kvinnonormerna har för kvinnor varit lika nödvändiga som självklara pris de ständigt måst betala för ekonomisk, social ock kulturell trygghet (Åström 1990:36).

Sidan sjølvbiografier vert skrivne retrospektivt og sidan dei skal gje ei heilskapleg framstilling av den eigne personlegdomen si historie, er det viktig å vere merksam på det som kan kallast

"den retrospektive fiksjonaliseringen": Det at hendelsesforløp, momenter og begivenheter trekkes fram, aksentueres og fortolkes i ettertidens tilbakeskuende perspektiv, et perspektiv som nødvendigvis ikke kunne ha vært der da tingene skjedde (Mikaelsson & Stegane 1992:2).

Bakgrunnen for å setje i gang ein skriveprosess er lysta til å **forstå**. Denne prosessen er ganske lik for både forfattar og seinare forskar, og dei hamnar slik i same båt. Prosessen med å fortelje om seg sjølv kan føre med seg både redsle og forvirring. Ein måte å meistre denne forvirringa på er å spalte det ubegripelege livet opp i lett handterlege og forstålege **kategoriar**. Også dette behovet for å kategorisere ser ut til å vere ganske likt både for forfatarar og forskarar. Det som i "røynda" var kaotisk, ulogisk, usamanhengande og tilfeldig, kan komme til å framstå som ordna og logisk i både sjølvbiografi og hovudoppgåve.

Eit anna problemområde er det retoriske. Eitt av dei store problema med å freiste å analysere ein framand kultur (framand i tid, geografi, klasse e.l.) er mangelen på reiskap til å omsetje omgrep. Tydinga av relative omgrep som "kjarleik", "vennskap", "kvinne", "mann" endrar seg saman med normer, verdiar og økonomiske tilhøve. Den sosiale og kulturelle konteksten vi lever i, saman med språket og omgrepa vi har til rådvelde, styrer åtferd og sjølvforståing. Det er difor stor grunn til å vere varsam med å overføre eigne omgrepsdefinisjonar på røynda til informantar frå andre kontekstar. Ein må vere merksam på meiningsendring og endringar i språkbruken. Kva språk hadde mine kvinner til rådvelde? Språket vert slik saman med "*kategorier som selvfremstilling, fortellingskonstruksjon, metaforikk, dialog og andre litterære "grep" (...) også kulturanalytiske verktøy*" (Mikaelsson & Stegane 1992:3).

Dei etter mi meining viktigaste momenta i debatten om sjølvbiografisk materiale som kjelde, oppsummerer Jonas Frykman slik:

Det finns olika, förväntade life-scripts i olika kulturer. Vi måste med andra ord ta hensyn till att den tolkning en människa gör av sitt eget liv utgår från kulturen ifråga, vilket är det samma som att säga att det är en berättelse om kulturen. Varje biografi blir på det viset en intrikat dubbel exponering av liv, förväntningar och självförståelse (Frykman 1992:243).

Liv og tekst - oppsummering

Å lese sjølvbiografisk materiale er som å sjå i ein spegel, i ei gåte. Det er brokkar av livet vi ser, og det er derfor umogeleg å fortelje "sanninga" om nokon sitt liv gjennom å tolke livsskildringar.

Sjølv om det opplagt er viktig å kritisk granske den litterære sjangeren sjølvbiografi, vel eg i denne oppgåva å sjå på livsskildringane meir som **kulturdokument** enn som **tekst**. Gjennom sjølvbiografisk materiale får vi høve til å høyre stemmene til menneske frå ulike kulturelle kontekstar og til å studere deira vurdering av livet i denne konteksten. Gjennom å studere livsskildringar får vi høve til å sjå verda gjennom forfattaren sitt blikk. Dette er viktig fordi individet si røynd vert skapt gjennom auget som ser, og ikkje minst gjennom skildringa av kva det ser.

Men samstundes som livsskildringar gir oss unike mogelegheiter til å studere individet sin konstruksjon av identitet og utvikling av eiga sjølvbiografisk forteljing, er det også mange problem knytt til slike kjelder. Birgitte Possing oppsummerer det slik:

Der er farer alle vegne når man ønsker at sætte individet ind i historien igen: det må ikke løsrives fra sin sociale og historiske sammenhæng, men det må heller ikke blive et blot og bart eksempel på en tid, en klasse, en psyke eller en bevægelse (Possing 1992:62).

Samstundes som ein forsvarer bruken av biografisk materiale som kjelde er det sjølv sagt også viktig å vere klar over kva denne typen kjelder **ikkje** kan seie noko om. Det er ikkje alle typar spørsmål som kan svarast på ut frå ei dagbok.

Kva ser eg når eg les i dagboka til Lagertha Broch? Eit liv eller ein tekst? Ser eg Den Andre eller speglar eg meg sjølv i biletet av Lagertha? Eg vil tru at dette vert ei oppgåve både om Lagertha Broch, om einslege borgarskapskvinner rundt århundreskiftet og om meg sjølv. (Kanskje er det skap-viktorianaren i meg som her kjem til uttrykk?).

I oppgåva har eg valt å ta med mange og ofte lange sitat, særleg frå Lagertha si dagbok. Det kjennest som eg slik yter større rettferd til forfattarinna når ho sjølv får fortalt om livet sitt med sine eigne ord. Eit anna poeng med å nytte sitat er at det då vert tydeleggjort for lesaren at mi tolking av kjeldene sjølv sagt berre er ei av mange moglege.

Den veldige interessa for biografi som byrja på 1980-talet kan sjølv sagt òg tolkast som det postmoderne mennesket sitt forsøk på å finne den meining og samanheng i andre sitt liv som ein ikkje finn i sitt eige (Possing 1992:66). Dersom dette er utgangspunktet vert det ein farleg veg å gje seg inn på, og slik type forskning høyrer meir heime i ein terapitime enn i ei hovudoppgåve. At det oppstår identifikasjonsfasar i løpet av ein slik skriveprosess synest imidlertid sjølv sagt og uunngåeleg dersom ein har ei viss innlevingsevne og interesse for temaet. Samstundes gjeld det altså å:

finde en kritisk spænding mellem fascination og distance, som giver mulighed såvel for indføling som for at holde hovedpersonen ud i strak arm (Possing 1992:67).

KAP.2

...ENS BESTEMMELSE I LIVET...

- om endring og overgang

*Der suser og hviner en Rydningstid,
alt vissent hvirvels i storm og strid.*

*Frigjørelsens Arbeid gaar sent og tungt.
Men Kvindens Hjerte er friskt og ungt,
og i det slaar
den nye Vaar
som op vil spire og frem skal gaa,
- en Verden af Længsler her banker paa!*

Jonas Lie

Ein kjøpmannsfamilie frå Indre Horten

Lagertha var dotter av kjøpmann Johan Anton Zincke Broch (f.1827) og Fanny Harriet Caroline Gamborg (f.1838) frå Lyngby på Sjælland. Fanny Gamborg var sokneprestdotter og gifta seg med kjøpmann Brock etter at den eldre søstera Hanne Lagertha Gamborg (f.1826) hadde døydd frå han etter berre kort tids ekteskap.

Anton og Fanny Broch fekk åtte born i åra 1864-1882 og Lagertha var den eldste i den store syskenflokk⁷:


- | | |
|-----------------------------|----------------|
| * Lagertha Olea Sophie 1864 | * Finn 1872 |
| * Gudrun 1865 | * Erling 1875 |
| * Olaf 1867 | * Nanna 1879 |
| * Roar 1869 | * Hjalmar 1882 |

Anton Brock voks opp i relativt små kår⁸, men han vart utdanna som handelsmann i Kjøbenhavn og kom som 29-åring til Horten. Her etablerte han då ein større fetevareforretning, bakeri og bryggeri. Fetevarehandelen vart etterkvart utvida til engroshandel, med kundar i dei forskjellige byane langs Oslofjorden. Anton Broch var ein sentral mann både i det økonomiske og politiske livet i Horten. Kommunikasjonar var ei viktig sak på denne tida, og Anton Broch var både veginspektør og involvert i dampskipstrafikken. Han var med i kommunestyret i ei årrekke og han var valmann for Horten. Kjøpmann Broch sat også i ei rekke komitear og utval - mellom anna var han formann for fattigkommisjonen. I 1865 gjekk han sterkt ut mot det som han kalla "*den overhåndtagende usadelighet her i kommunen*". Det var prostitusjon og dei medfølgjande "*liggerlighets sykdommene*" han her gjekk til kamp mot (Baggethun 1972:148-149).

Kjøpmann Broch var på mange måtar idealet på ein moderne mann. Han hadde arbeidd seg opp frå enkle kår, «*ved egen dyktighet og iherdighet, til en solid og ansett stilling*» (Baggethun 1960:178). Likeeins svarte ekteparet Fanny og Anton til dei moderne ideala om ein harmonisk familie. Den framgangsrike forretningsmannen sytte for økonomi, kona hans, prestedottera, for danning. Begge ser ut til å ha vore svært engasjerte i borna og oppsedinga deira.

I dette miljøet vaks altså Lagertha opp, og i det store huset ved sidan av torget vart ho fostra til å verte ei god borgarskapsdotter.

Nitti-årenes Horten var en stille og fredelig by. en uendelig lang Storgate, med støv i sommerens sol og hete, snøføyke og snøplogkjøring om vinteren og bunnløs søle høst og vår. Om vinteren brukte barna slodder å ake på, de kom ramlende nedover asylgata og vestre Braarudgate og andre gater som førte ned til hovedgata fra Braarudaasen(...).



3 Huset Anton Broch kjøpte. Avbilda i Beck 1909:46.

Om sommeren slo guttene langball. Og hos bokhandlerne nede i Storgata kjøpte det unge Horten Coopers indianerfortellinger og Defoes «Robinson Crusoe» i store illustrerte ark, de kostet 2 øre arket og var til å klippe ut - de var datidens tegneserier. Og det guttene leste og lærte, praktiserte de i Braarudsåsen, et eldorado for unge krigere. Det var gjenger og slagsmål mellom bygutter og "innanforegutter" eller "brakkesopere" (Baggethun 1960:370).

Verda som Baggethun beskriv her var nok i beste fall kjent for Lagertha gjennom andrehandskildringar. Ho låg nok aldri som snikande indianar i Braarudsåsen. Då er det meir truleg at ho spaserte under dei prektige kastanjealleane på Karljohansvern der syrindufta låg tett i vårkveldane. Båtturar i kanalen over Bromsjordet og besøk på Horten Badeanstalt høyrde nok også med til Lagertha sine barne- og ungdomsaktivitetar. Ho var dessutan ein meister i krocketspel og frå eit selskap i Danmark fortel ho:

Vi spillede kroquet; og der indlagde jeg mig en del ry og var saa temmelig stolt over min benævnelse «den røde djævel som ingen kunde mestre»; - det har altid været en af mine faa og smaa forcer i dette liv (LB⁹:41).

Middelskulen vart starta opp i Horten i 1876, men då berre for gutar, (jenter kunne gå opp som privatistar). Dei to første jentene i Horten som tok tilleggsprøve i matematikk og dermed fekk ein eksamen jamngod med gutane sin, var Marie Geelmuyden (ei venninne av Broch-søstrene) og Gudrun Broch. I 1897 tok Nanna Broch, som første jente i Horten, full middelskuleeksamen (Baggethun 1960:232). Lagertha sine to søstrer var altså mellom dei kvinnelege pionerane når det gjaldt utdanning i Horten.

Ungdomsår

I åra før konfirmasjonen vart Lagertha sendt til morslekta i Danmark for helsa si skuld. Ho budde hos "*tanterne i Lyngby*", mora sine einslege søstrer. Det kjem ikkje fram kva som feilte Lagertha, men truleg var det ein av dei mange diffuse (men alvorlege) nervøse lidingane ho leid av opp gjennom åra.


Legane meinte at ho burde vere på ein plass utan ungar og støy, og ei av tantene tok henne difor med til familien Mynster for å vere der om sommaren. Familien Mynster budde på garden Emilsminde og bestod av fru Mynster som "*var gammel og svag*", herr Mynster som var godsforvaltar i Bøstrup i tillegg til at han dreiv med omsetjing og eiga forfattarverksemd, og

dei vaksne døtrene Constance, Marie, Caroline (LB:30). For Lagertha vart det ein lukkeleg sommar. Ho tok sine daglege bad, spaserte med gamle herr Mynster, og kjende på nye og sterke kjensler for Marie som ho var svært betatt av. Lagertha fortel elles om dei daglege gjeremåla på garden og om brodering og høgtlesing.

Etter ei hyggeleg tid i Danmark kom Lagertha heim til Horten som 14-åring i 1878. Ho var framleis sjukeleg, men klar til å byrje livet som ei danna ung dame. I løpet av dei neste åra skulle lagnaden verte avgjort. Ville ho ende opp som tantene i Lyngby og som søstrene på Emilsminde, eller ville ho gjere lykke i selskapslivet og verte gift?

Ungdomstida til Lagertha var prega av både avstand og nærleik til andre menneske og især til andre ungdommar. Ho hadde nokre nære og intense venninneforhold, men det ser òg ut til at ho sosialt sett var noko klønede og dermed vart isolert. Sjukdom sto framleis sentralt i livet hennar og svært mange omsyn måtte verte tekne ut frå dette.

For ei borgarskapsdotter var vinterhalvåret einsbetydande med ballsesong. Særleg i vinteren etter konfirmasjonen ser det ut til at Lagertha vart invitert på mange ball og andre samankomstar. Men sjølv om Lagertha likte å danse så klarte ho ikkje å følgje opp selskapslivet sine uskrivne lover. Ho var taus og sjenert og var slett ingen suksess blant kavalerane i Horten.



4 Det Sømililitære samfund var mykje nytta som selskapslokale for dei «kondisjonerte» i horten. Her ein invitasjon til den unge Lagertha.

Den hyggelegaste perioden i Lagertha si ungdomstid ser ut til å ha starta med at kommandørfamilien Geelmuyden kom flyttande til Horten. Med på lasset kom døtrene Kaja og Maja som førte liv og moro med seg for Lagertha. Kaja og Lagertha "blev bedsteveninder og var altid sammen" (LB:92). Dei to venninnene utfordra kvarandre intellektuelt og Lagertha refererer til ei rekkje filosofiske diskusjonar frå desse åra. Men først og fremst førte Kaja med seg liv og ungdom, og Lagertha vart dregen med på båtturar og piknikar. Kaja var svært populær blant Horten sine unge herrar, og venninnene hadde som regel ein hale av beilarar etter seg. Trass i dette ser det ikkje ut som om Lagertha vart mindre sjenert med åra. Men

Lagertha meiner at ho likevel vart sikrare på seg sjølv i denne perioden. Kaja oppmuntra og utfordra og, "pustede til" ærgjerrigheten hennar. Kaja var også ein inspirasjon for Lagertha si diktaråre. Dei to ungjentene utveksla ei mengd "leilighedsdikt" som dei hadde mykje moro av. Lagertha gir oss ei rekkje døme på desse småversa og dikta i dagboka si.

Etter desse glimta inn i den unge Lagertha sitt liv vil eg no gå over til å sjå på nokre av dei tema som i dagboka framstår som avgjerande og skjebnesvangre for livet hennar. Eitt av desse tema er korleis ho som einsleg kvinne skulle organisere livet sitt i eit samfunn der gamle kvinneroller og levemåtar var i oppløysing. Kva for alternative livs- og samlivsformer var mogelege i eit samfunn der ekteskapet var det organiserande prinsippet? Dette kapittelet vil i stor grad handle om Lagertha sin kamp for å finne seg ei sosial nisje der ho ikkje berre framstod som ein parentes, men som eit heilt og sjølvstendig individ.

Kampen mot å vere overflødig

Midt mellom alle brytingane i det som seinare har vorte klassifisert som ein overgangsperiode levde Lagertha Broch. Ho levde livet framleis og vart undervegs konfrontert med ei rekkje nye strategiske val. Eit liv som heimebuande dotter kunne framleis vere eit alternativ, men ho såg òg at mange av hennar likesinna levde sjølvstendige liv, der dei forsørgra seg sjølv utanfor familiekrinsen. Kva ønska Lagertha?

Som einsleg kvinne i 30-åra, hadde ho i dagboksåra liten sjanse for å verte gift. Korleis ho såg på det å vere gamal jomfru er ikkje heilt lett å tyde ut frå dagboka. Vonløysa for dei uforsørgra einslege kvinnene hadde ho sett mange døme på. T.d. sleit søstrene på Emilsminde hardt etter at gamle Mynster døydde. Ei kusine av Lagertha forsørgra seg og mor si med kjolesaum, og i Moss sat to andre ugifte kusiner. Om desse to skriv ho:

Stakkels folk! alltid sygdom og modgang, - utilfredshed og jalousi overfor alle andre, de mener, har det bedre end dem(...). Det maa være fælt altid at leve i en tilstand af jalousi og permanente haabløse ønsker - (LB:79).

Johanna var ei av Lagertha sine gode venninner i ungdomsåra. Ho tilhørde sjølv sagt òg det "dannede" lag, men ettersom faren var død stod ho i ein heilt annan situasjon enn Lagertha. Johanna "var søster af fru kommandørinde v.Krogh og kom i huset hos hende efter moderens død." Det ser ut til at Lagertha hadde stor forståing for Johanna sin vanskelege situasjon, og ho skriv vidare:

Det maa ikke være saa let at skulle være afhængig i et og alt af sin svoger og fætter, der selv har en flok børn at forsørge, - og Johanna hadde intet som helst andet at stole paa(...). Det daglige studium for hende var hva hun dog skulle finde paa for at kunne ernære sig selv - uden kundskaber og midler til at kunne opnaa disse (LB:81-82).

Johanna arbeidde eit år i bokhandel i Horten, men så søkte ho på ein butikkpost i Trondheim. Lagertha kommenterer dette slik:

Det var jo hendes ni stakkel, at hun absolut vilde ud for ikke at ligge søsteren til byrde. Dengang spillede jeg en tid med deres kusine, Olive v.Krogh, datter af admiralen, - og hun talte meget om det forrykte i Johannas plan og om familiens store uvilje, men hvad kunde det nytte - - jeg forstod det saa godt, selv om ikke Johanna egentlig havde det hvad man kalder - ondt hos Kroghs (LB:83).

Etter at Johanna har prøvd seg i ulike butikkjobbar (noko som sjølvsagt ikkje var passande for ei av hennar klasse) hamnar ho i det som antakeleg må ha vore eit tvilsamt kjærleiksforhold. Johanna flyktar etter dette til USA, der ho dør ganske umiddelbart etter eit kort og smertefullt sjukeleie.

Historia om Johanna enda altså med undergang, og desse hendingane må ha vore ei markant påminning om at verda var ein tøff stad for ei einsleg borgarskapskvinne. Historia om Johanna vert fortalt med medføling og kanskje ein undertone av frykt. Sjølv om Lagertha levde eit privilegert liv i Horten, var ikkje dette ein heilt sjølvsagd ting. At det trass alt var ei relativt beskjeden formue Anton Broch hadde opparbeidd seg, vart tydeleg då ei frykteleg underslags-historie ramma familien. Det var eit av søskenbarna til Lagertha som hadde forsynt seg grovt av kassa medan han i mange år hadde arbeidd som kontorfullmektig hos onkelen. Då underslaget vart avslørt vakla heile forretningsverksemda til Anton Broch og det vart ei tung tid for familien, *I alle retninger maatte der spares, og vi levde umaadelig stille og alligevel som paa en glødende vulkan inden døre (LB:80-81).*

Kampen for sjølvstende

Lagertha var svært interessert i å få seg ei utdanning og eit yrke. Det er uklårt korleis ho eigentleg såg for seg framtida, men det ser ut til at draumen var å slå inn på ei kunstnarisk

bane. Elles vert lærerinneutdanning også nemnd, og ho arbeider i periodar med både kontorarbeid og i eit fotoatelier. Det ser ut til at Anton Broch til ein viss grad støtta Lagertha i hennar ønske om å "bli til noko", samstundes som det er klart at han, som dei aller fleste andre, prioriterte sønene si utdanning. Etter underslagsaffæren skriv Lagertha at:

Aldrig skal jeg glemme fars forgræmmede ansigt den dag, da han sagde, at nu havde han hævet den kapital, der var sat fast til de fire ældste sønners akademiske uddannelse - for i øieblikket at dække det mest nødvendige, - det var anden gang i livet, at jeg saa ham briste i graad, - aldrig senere (LB:80).

Det ser ut som om Lagertha hadde noko motstridande kjensler i høve til slik å verte sett i andre rekkje. På den eine sida aksepterte ho den underordna rolla, og ho freista å ikkje ligge faren til byrde. Då Lagertha var i byrjinga av 20-åra reiste ho til Kristiania for å gå på teikneskule. I denne perioden var ho svært så oppsett på å klare seg sjølv:

Tegneskolen var mig langt fra nok; anledningen, medens jeg var i byen, burde benyttes til at lære alt muligt, syntes jeg,- og da helst saadant der kunde forenes med tegningen. Men forat kunde dette, maatte jeg kunne fortjene noget selv, da far havde saa nok andre at hjælpe og forsørge (LB:142-143).

Denne underdanige tonen fortel nok ikkje heile sanninga. Ei viktig hending i Lagertha si ungdomstid var sommaren ho tilbragte på Bolkesjø då ho var 20 år gamal. Ho skulle vere der ei seks vekers tid "*for riktigt at komme til kræfter*". Det var mange kondisjonerte turistar på Bolkesjø og Lagertha fekk mykje merksemd. Dei eldre gjestene tok seg godt av den sjenerte og tilbakehaldne frk. Broch. Alle komplimenta og oppmuntringane ho fekk denne sommaren gav henne sjølvtilitt og næring til nye og storslåtte framtidsplanar. Frå opphaldet på Bolkesjø siterer ho t.d. ein som meinte at "*det er forældres pligt at søge at komme efter hvilke anlæg deres børn kunde være i besiddelse af, og saa se at faa dem uddannede*" (LB:114).

For meg ser det ut til at Lagertha tok det som relativt sjølvsagt at faren skulle påkoste ei utdanning, og medan ho var i Kristiania mottok ho månadlege bidrag heimanfrå. I eit brev uttrykte faren òg at han ville betale for studier berre dei ikkje "*medtog saa lang tid*" (LB:145). Om dette sprang ut frå ei genuin interesse for dottera si eigenutvikling og velferd, eller ei frykt for evig forsørging dersom dottera ikkje vart gift, skal vere usagt. Men Anton Broch innsåg truleg at dei ugifte døtrene utan utdanning kunne ha heller mørke framtidsutsikter.

Å leve einsleg

Om Lagertha nokon gong ønska å gifte seg, røper ho ikkje dette i dagboka. Det er ingenting som tyder på at ho såg seg sjølv i rolla som oppvartande hustru og mor. Ut frå erindringane ser det ut som ho var særskilt lite oppteken av forelskingar, trulovingar og ekteskap. Hennar ambisjonar ser ut til å ha gått meir i retning av realisasjon av kunstneriske talent, enn av å få seg mann og barn. På det tidspunktet ho gjorde oppteikningane sine er det tydeleg at ho på ingen måte såg på ekteskapet som sin lagnad i livet. I dagboka ser det heller ikkje ut som om ho vart utsett for "giftepress" frå omgjevnadene.

Lagertha må ha opplevd eit spenningsforhold mellom sitt eige liv, og dei ideala ho hadde om gode kvinneliv. Det er nemleg lite som tyder på at ho var særleg radikal i sine oppfatningar av kvinna sine viktigaste oppgåver i livet. Temaet for **En gammel historie** er husmødrene sine vanskelege kår. Ho avsluttar historia med dette avsnittet:

En stor velsignelse er det med "kvindeemancipationen"! der i de senere tider har grebet saavidt om sig, at selv de gamle fædre begynder at indse, at deres døtre alligevel maaske er bedst hjulpede ved at erhverve dispositioner til selvhjulpenhed, endogsaa - om galt skal være - udenfor det lykkelige ægteskab. Jeg skulde næsten være tilbøielig til at tro, at de ugifte kvinders selvhjulpenhed kommer til at staa i anden række. og at det vil blive af endmere betydning for den hele menneskeslægt og til dens sande gavn, naar disse den moderne udviklings resultater: mod og føleslen af eget menneskeværde er naaet over i ægteskabet og som følge deraf hustruens mere bestemte optræden overfor sin ægteherre; det vil langtfra fremkalde uoverenstemmelse i forholdet, men udelukkende skabe et lykkeligt hjem på grundlag af foreldrenes og børnenes gjensidige høiagtelse (LB:56).

Det er altså først og fremst for ekteskapet og dei gifte kvinnene sin del at kvinneemansipasjonen må kjempast fram. Sjølv om denne historia er eit brennande angrep på kvinna si svake stilling i ekteskapet, trur eg ikkje det ligg ironi bak uttrykket "det lykkelige ægteskab". Det er lite som tyder på at det å framheve kvinneemansipasjonen sine fordelar for ekteskapet var eit reint taktisk grep frå Lagertha si side. I innlegga ho sender inn til aviser og vekeblad manar ho ikkje til opprør mot ekteskapsinstitusjonen, og det finst heller ingen lovprisingar av den einslege stand.

Ei av dei få litteraturtilvisningane Lagertha gjev i dagboka si, er eit sitat av Ellen Key. Den svenske adelsdottera var einsleg, og ho arbeidde òg ein periode som lærarinne, men det er først og fremst gjennom sine kvinnepolitiske skrifter ho er kjend. Eit av hovudpoenga til Key

var å redde den kvinnelege eigenarten som ho meinte var truga av kvinneemansipasjonen. Gjennom å verne denne særarten og nytte han i samfunnsteneste kunne verda forandrast til det betre. Dei kvinnene som ikkje vart biologiske mødre skulle få utløp for sine moderlege eigenskapar i det offentlege livet; dei skulle verte "samfunnsmødre". Key meinte at lærarinne- og sjukepleiaryrket passa godt til den kvinnelege natur, og ho åtvare på det sterkaste kvinner mot å gå inn på "mannen sine område". Dei kunne då risikere å miste sine kvinnelege eigenskapar og dermed miste dei sjansen til å redde verda (Sjögren 1982:17). Bak slike visjonar låg sjølvstøtt ei enorm tru på det gode i dei såkalla "kvinnelege eigenskapane".

När naturen skapade släktdriften, omdanade kvinnan den till kärlek; när nödvändigheten danade bostaden, skapade kvinnan hemmet. Hennes stora kulturinsats blev sålunda ömheten (Ellen Key i Lifslinjer I:2, s.213, hos Sjövall 1981:XI).

Ellen Key meinte at dei kvinnelege eigenskapane hadde vorte utvikla gjennom ein langvarig evolusjonsprosess, og ho frykta at endringane og dei nye krava som vart stilte til kvinnene skulle få alvorlege konsekvensar og at dei på sikt dessverre ville endre den kvinnelege karakter (Sjövall 1981:XI). Slike idear var svært utbreidde i samtida, også innanfor delar av kvinneverrsla og i mange av dei nye kvinneinstitusjonane. T.d. stod den kjende danske skulereformatoren Nathalie Zahle for liknande synspunkt (Possing 1992:179 ff).

Også Norges lærerinneforbund var på linje med Ellen Key i hennar tru på det unike ved dei kvinnelege eigenskapane. Kari Melby har i fleire artiklar (Melby 1991 og 1985) utforska korleis denne organisasjonen nytta nettopp **femininitet** og den kvinnelege eigenart som argument i den pågåande kampen om arbeidsplassar og løn. Kvinner var heilt naudsynte i skulen fordi dei var skapte til å oppdra. Lærarinnegjeringa vart dermed eit kall; gjennom å virke som "samfunnsmødre" kunne dei vere med å forme den oppveksande slekt med kjærlege kvinnehender. Det er imidlertid lite som tyder på at Lagertha følte noko sterkt kall til å verte lærarinne. Ut frå dagboka er det umogeleg å sjå at ho arbeider i skulen. Arbeidsplassen vert nemnd berre ein einaste gong i dagboka, og då i ei bisetning. Lærarinneutdanninga var kortvarig og gav arbeid, og det ser ut til å ha vore nytte meir enn lyst som gjorde at Lagertha hamna i skulen. Denne humoristiske ungdoms-



5 «Her ser di for dem en uløkli kviende, som skebnen haver gjort til læreriende». Ungdomsteikning av Lagertha.

Denne humoristiske ungdoms-

teikninga rommar kanskje også noko bitter erfaring. Det var lagnaden som tvinga henne til å verte lærarinne.

Lagertha gir eit utprega feminint inntrykk i dagboka. Det er broderi, småfuglar, blomeoppsatsar, vakre dikt og vennskap ho skriv om. I desse åra vart det retta ei mengde åtak mot den påståtte manglande feminiteten hos dei einslege kvinnene. Dei var ikkje ekte kvinner, men kjønnslose, ufruktbare individ. Mange av tidas yrkes- og kvinnesakskvinner bidrog aktivt til å skape eit inntrykk av utflytande kjønnsgrenser. Gjennom å nytte den svært omstridde reformdrakta¹⁰, klippe håret kort og elles oppføre seg ukvinneleg (t.d. tale offentleg) var dei taknemlege skyteskiver for alle som var redde for endring. Lagertha sin hyperfeminitet kan kanskje slik tolkast som eit forsøk på å etablere ein tydeleg kvinneleg identitet i ei verd som freista å rane denne frå henne. Sidan ho var einsleg yrkeskvinne måtte ho kompensere for dette med elles å overoppfylle dei tradisjonelt kvinnelege eigenskapane og verdiane. På den andre sida er det ingenting som tyder på at Lagertha personleg opplevde åtak mot feminiteten sin. Som eg vil komme nærare inn på seinare i kapittelet, trong det slett ikkje å vere nokon motsetnad mellom eit moderne liv som kvinnesaksorientert yrkeskvinne og ei fokusering på dei tradisjonelt kvinnelege verdiane.

Sjølv om det ikkje ser ut til at Lagertha var interessert i å gifte seg, må det ha vore ei belastning å tilhøyre kategorien "gamal jomfru". Gjennom forteljinga **Lidt af "Skrinet med det rare i"** lar ho nokre generelle haldningar til einslege kvinner komme til uttrykk. I denne historia møter vi Karen og Milly, to middelskulejenter frå Horten:

"Karen - tror du det er saa, som tante Louise bestandig siger, at før gik det meget penere og finere til paa bal end nu?"

"A-a, puh! der er saa væmmelig at høre paa saadanne gamle jomfruer, saa - Det er bare fordi de sat over, det naturligtvis, og ikke var saa meget i vinden som vi (LB:362).

Milly som vert oppdregen av tanta si, formidlar hennar haldningar (Lagertha sine?), medan Karen freistar å forklare henne kvifor dette er håplaut gammaldags. Det store strids-spørsmålet er om "*smaapigerne*" skal ha lov til å "*spadsere med kadetterene*". Karen forklarar kvifor tanta til Milly ikkje har føresetnader til å skjone seg på slikt:

"Nei du største verden! hun maa nok ikke ha studeret menneskelivet noget videre, eftersom mama har forklaret det for mig - om naturens orden og alt saadant noget - - Men det er det, ser du, at jeg tror umulig gamle ugifte kan forstaa sig ordentlig paa det engang, for de lærte ikke om saadant noget før i tiden (LB:364).

I forteljinga får vi vidare høyre om korleis ball, forelskingar og rykte om nye par står i sentrum for dei unge kvinnene sine liv i Horten. Karen reflekterer over å vere ferdig med middelskulen:

Ak, Gudskelov! tænkte Karen, at den tiden er forbi - med havrelefse og stridskjorte - Aa du verden! men før jeg skulle tænke mig at være lærerinde, ved jeg ikke hvad. Elev kunde sa saavidt gaa an - saa morro at ærte de gamle, saa de blev flyvende sinte og gjerne havde givet en en ørefig! Aa - saa komisk - (LB:370).

Nettopp det komiske og stakkarslege ved dei einslege kvinnene er det som går att i nesten alle samtidige kommentarar. Gerhardt Armauer Hansen refererer i erindringane sine stadig til faren sine ti søner utan at vi finn spor etter dei 5 døtrene som faren vitterleg òg hadde. To av søstrene var altså einslege og broren sine haldningar til "gamle jomfruer" må ha vore noko tung å svelgje for desse. Om ein tur til New York skriv han:

Paa den aarstid var der ikke mange passagerer; blandt dem var en norsk dame, der ikke egentlig var vakker og dertil mangeaarig skolelærerinde, og disse faar ofte et eget præg derved at de har en tilbøielighet til at behandle voksne mennesker som skolebørn, saa noget særlig tiltrækkende hadde hun ikke. Saa var der en ung dansk dame, der skulde over til New York for at gifte sig; hun var livlig og elskværdig og derfor yndet av de mannlige passagerer, som gjerne talte med hende. Dette vakte lærerindens forargelse, og ialfald jeg fik døie adskillige belærende foredrag om den unge piges upassende opførsel ved at la sig kurtisere av mændene, naar hun skulde giftes. Jaja, tænkte jeg, du kommer nok aldrig i den stilling. Saa var der en dansk mand fra San Diego i Californien, som var meget rik og meget gemyttelig; ham ertede vi daglig ved at disponere over hans penger. En dag forsøkte ogsaa lærerinden sig: "De vil naturligvis gjøre noget godt for Deres fædreland." - "Ja, frøken, jeg har tænkt at oprette en stiftelse for gamle jomfruer." Hun forsøkte sig ikke mere (Hansen 1910:110-111).

Trass i Lagertha sin grundige sjølvrefleksjon gjennom heile dagboka drøftar ho ikkje sin einslege stand. Ein kan sjølv sagt tenke seg at dette var eit for smertefullt tema til at ho orka å gå inn på det, men ut frå resten av dagboka ser det rett og slett ut som om problemstillinga har vore relativt perifer i medvitet til Lagertha Broch. Ei anna forklaring kan sjølv sagt òg vere at temaet var så grundig gjennomarbeida at ho ikkje trong å reflektere over dette i dagboka.

Ein fiasko på ekteskapsmarknaden

Lagertha var 14 år då ho kom tilbake til Horten frå Danmark. Og ho vart umiddelbart presentert i selskapslivet.

Vinteren efter confirmationen var noksaa livlig; der traf til en del baller baade private og i sømltr. samfund; og jeg deltog med stor glæde og havde formodentlig de samme forventninger og følelser, spænding og balfeber som enhver anden ung pige - med undtag af forelskelser kanske. Disse har jeg heldigvis overfor det mandlige kjøen været fritaget for og altid - især dengang - forundret og tildels forarget mig over alle mine samtidige, der var forlebte snart i de ene og snart i den anden, der havde danset saa og saa meget med dem; (LB:73-74).

Lagertha distanserte seg altså allereie vinteren etter konfirmasjonen frå det som var dei andre jentene si store interesse: flørting, svermeri og utspel på ekteskapsmarknaden. Ikkje berre var Lagertha mislukka på denne marknaden, men ho markerte òg ein svært tydeleg avstand til både flørt og til menn. T.d. skriv ho: "jeg for min del titulerede nuværende løjtnant Becker for en "skurk", fordi han lod til å finde behag i min dans - og kom aldrig til å sværme for kadet Mjelde, fordi han en aften var min kavaller i mindst tre hele danse!". I følge Lagertha si framstilling var det slik ho sjølv som avskar kavalerane frå å komme så langt som til eit eventuelt ekteskapstilbod.

Sjølv om Lagertha likte å danse så klarte ho altså ikkje å følge opp dei uskrivne lovene i selskapslivet. Ho var taus og sjenert og ho skriv:

Conversationsen var ikke meget aandful; min herre havde aabenbart det største besvær med at faa presset et "ja - nei" eller "jeg ved ikke jeg" - ud af mig. Nu tildags vil jeg ikke engang tale om pigebørnene, men ogsaa dengang beundrede jeg med hvilken flothed og routine alle andre forstod at føre en passiar om alt muligt med de unge herrer!

Endskjønt det gik ens ære temmelig nær at sidde over - især i en francaise, foretrak jeg mange gange dette, naar jeg kom til at tænke paa at skulle () til at maatte svare min kavaller; og endda værre blev det da flere af mine veninder fortalte mig at jeg var "saa græsselig stiv" og bestandig saa ud som om jeg "var sint", naar en herre engagerte mig (LB:75).

I den tidlegare nemnte forteljinga om Karen og Milly, har Lagertha tydelegvis òg brukt sine egne ballerfaringar. Milly er den gode og moralske, medan Karen er prototypen på den nye

ungkvinna, resultatet av moderne barneoppseding. Karen og Milly er ute og spaserer då ein kadett Torp kjem forbi. Milly går pliktoppfyllande heim til middag, medan

*Karen haked sig fast i kadetten; som ganske rigtig var blevet syg paa skolen og skulde hjem, saa det passed saa inderlig godt med at faa følge.
"Du - er du bedt til Schøiens, Karen?" de var netop blevet dus igaar.
"Ja naturligvis - Borghild Schøien er jo min aller bedste veninde."
"Jasaa? det troede jeg saa brændsikkert, at Milly Krogh var"
"Milly! du, da tosken - hvordan kunde du tænke det? Nei, du største verden, hun som er saa græsselig kjedelig, da! det kunde jo alle og enhver se paa samfundet sidst - tænk, hun sad over begge francaiserne! kan ikke skjønne, hvordan en kan leve over slikt engang - - Men det er jo saa rimelig, saa gammeldags de er der hjemme hos hende, stakkar! hun er jo igrunden aldeles uskyldig i det, Milly selv - men, tænk den gamle gribbenillen, tanten hendes, forbyder hende - rent ud nægter du! at spadserere med kadetterene. Hvordan kan de vente andet, end at hun nødvendigvis maa sidde over paa bal da -? og saa græsselig dumt som det er! hun blir jo saa græsselig stille af sig og ser saa forfærdelig tvær ud, der hun sidder, at jeg siger ikke det mindste om at kadetterne ikke liker hende" (LB:366-367).*

Lagertha sat nok over mange dansar desse vintrane og ho vart meir og meir tilsidesett. I ettertid meiner ho at dette "baade var godt og ondt; thi i virkeligheden taalte jeg kun lidet at danse;" (LB:75-76). Dette kan synast som klassisk etterrasjonalisering frå den tilbakeskuande 31-åringen. Alt tyder på at det for den debuterande 14-åringen var atskillig meir smertefullt å mislykkast i selskapslivet.

Egentlig lykke paa et bal har jeg kun gjort en eneste gang nemlig som atten aar i Danmark hos en politiinspektør Blom; men det maa naturligtvis skrives paa min fremmede nationalitet. Herhjemme blev det aldrig - det varer meget længe, tror jeg, at man er istand til at resignere paa et bal, saalænge man er ung (LB:76).

Vakre vennskap og svimlande svermeri

Jeg elsker af mit inderste hjerte mine venner (LB:17), skriv Lagertha i februar 1896. Både i åra der ho skriv dagboka, og i åra ho fortel om i sjølvbiografien, ser det ut til at vennskapa og kjærleiken til andre kvinner har stått heilt sentralt. Det første "svermeriet" Lagertha let oss få

høyre om, skriv seg tilbake til sommaren på Emilsminde. Lagertha var då 14 år, og med Marie, ei av døtrene i huset, kom det nye og sterke kjensler inn i livet hennar.

Hr. Mynster kom gjerne tilbake fra Bødstrup ved tretiden, og da kom ogsaa middagsmaden paa bordet. En halvtimes tid før dette, gik hver til sit for at klæde sig om. Jeg havde just ikke så mange toiletter, og var "pyntet" fra morgenstunden af; men derfor fandt jeg det ligefuldt som en behagelig nødvendighed at være med Marie til hendes værelse. Jeg kom aldrig rigtig paa det rene med, hvad jeg syntes klædte hende bedst - den lille, hvide morgenkappe med kniplinger om, som alle søstrene brugte, - eller hendes ualmindelig deilige mørkebrune hår sat op paa dengang brugelig maade. Derimod kom jeg meget hurtigt til den overbevisning at hun var det elskværdigste og yndigste menneske, jeg nogensinde havde seet, - og mest ganske af den grund at jeg følte frit at turde give efter for mit varme barnehjertes trang til rigtig inderlig at have lov til at holde af et menneske! dengang troede jeg, at dette var en gunst, der maatte tillades af vedkommende selv - og at det var min pligt at modarbejde en saadan følelse, naar den ikke blev sanktioneret (LB:35).

Lagertha heldt seg saman med Marie så mykje som mogeleg, men når dei var saman med andre vart ho klossete og "forførdelig kort for hovedet og mange gange svarede hende rigtigt mut og uforskammet - ialdefald har jeg en følelse af at det var saa - naar hun i familiens paahør spurgte mig om et eller andet" (LB:35).

Trass i dette ser det ut som om Marie sette pris på beundrerinna og let henne halde seg i nærleiken:

Tante Mathilde og jeg havde et soveværelse, der stødte til Maries. Jeg tror ikke at førstnævnte syntes om det; men hun gjorde ingen bestemte modsigelser, naar jeg hver aften listede mig ind til Marie for at sidde et øieblik paa sengekanten hos hende - en deilig og efterlængtet stund hele dagen igjennem (LB:35-36).

Om ein landtur skriv Lagertha:

Jeg var frygtelig bange for, at Marie skulde komme i en anden vogn end jeg; men baade hun og Caroline med kagekurven sad i nærheden af mig saa jeg var rigtig glad og tilfreds.

Yderst fornøieligt var det i aftenbelysningen at sidde sammen med alle de glade og syngende piger og høstkarle paa hølasset hjemover; man blev

rystede sønder og sammen paa den ujævne landevei; men det var jo bare dobbelt morsomt! og jeg sad saa inderlig godt og trygt ved siden af min kjæreste, der holdt mig rigtig godt og fast ind til sig - (LB:40).

Likeeins frå ein episode i kyrkja der Marie øvde på orgelet:

Sommetider lagde jeg ikke mærke til, at musikken ophørte, eller at Marie kom hen til mig; særlig husker jeg engang, hvor hun tog mig under hagen og med sin milde, rolige stemme spurgte: "Hvad mon min lille pige tænker paa -" jeg brast i graad, og hun satte sig ganske stille ved siden af mig, - sagde ikke noget videre, men kysede mig og borttørrede mine taarer (LB:38-39).

Sidan Marie må ha vore fullt klar over Lagertha si forelsking, kan ein undrast over at ho i ein slik grad valde å oppmuntre desse kjenslene. Sjølv sagt kan det vere at Marie knytte Lagertha så tett til seg fordi å slik betre kunne øve ein god påverknad på henne, men det kan vel òg tenkjast at det også for Marie kunne vere noko å hente i eit slikt forhold. Ho levde eit stille liv med gardsadministrasjon og broderi som hovudgjere mål. Ho levde som einsleg borgarskapskvinne med tilsynelatande lite høve til kontakt med andre frå sin eigen klasse, og det er kanskje ikkje til å undrast over at ho fann glede i å verte grenselaust beundra av ein veslevaksen "sjelefrende".

Avstand og attrå

Intense svermeri mellom jenter og unge kvinner var svært utbreidd og allment akseptert på 1800-talet. I desse svermeria finn vi ofte store skilnader i makt, alder og autoritet mellom beundrar og den som vart beundra. Målet for svermeriet var ikkje nødvendigvis å få kjenslene gjengjeldt; svermeriet kunne tvert imot vere nok i seg sjølv. For mange av jentene fungerte desse forelskingane som ein inspirasjon til å arbeide hardt, og til å verte meir lik sine idol (Vicusus 1984:604, Lützen 1987:16-22). I artikkelen **Distance and Desire: English Boarding-school Friendships** diskuterer Vicinus slike "crushes" eller "smashing", svermeri og forelskingar, mellom elevar og lærarar på jenteskular rundt århundreskiftet. At slike forelskingar var svært vanlege, og at dei var med på å prege skulekvardagen er godt dokumentert. Både i moralsk oppbyggeleg litteratur, memoarar og skjønnlitteratur vart slike forhold kommenterte og diskuterte. Stort sett var alle kommentatorane einige om at slike svermeri kunne hjelpe dei unge kvinnene til å utvikle seg andeleg og kjenslemessig, men at ein òg måtte vere på vakt mot overdrivingar (Vicusus 1984:618). Vicinus peiker på at sjølve

forelskingsprosessen medførte ei identitetskrise som igjen kunne føre til auka sjølvmedvit og sjølvrefleksjon (Vicinus 1984:609).

Svermeriet kan òg sjåast på som ein unik kvinneleg strategi. Ved å gå totalt opp i eit anna subjekt, slepp ein vekk frå seg sjølv. Nettopp i dei viktige tenåringsåra der ein eigen identitet skulle utformast må dette ha vore ein nyttig strategi. Sidan kvinnerollene i desse åra var i så stor endring, var det truleg dei færraste av desse kvinnene som kunne nytte mødrene sine som rollemodellar. Ei lærarinne eller eldre venninne kunne vere eit betre forbilete, noko å strekke seg etter.

Marie Mynster vart for Lagertha eit slikt førebilete. Ho var vakker og kvinneleg, og det at ho i tillegg ser ut til å ha oppmuntra dei varme kjenslene gjorde at Lagertha vart grenselaust fortapt. Framstillinga syner òg korleis forelskinga kunne ha ein pedagogisk funksjon. Heile atmosfæren på Emilsminde vert av Lagertha i ettertid betrakta som eit lysande eksempel på danna livsførsel.

Det maatte være en stor lykke, om alle pige børn i trettenfjortenaarsalderen kunde komme en tid i saadant et hjem som hos Mynsters, hvor alle kun tænkte, talte og handlede saaledes, at det blev til belæring og udvikling for barnets modtagelige sjæl, - og da udelukkende for det gode! Ja, var end anledningen til mit besøg paa Emilsminde ikke saa glædelig fra begyndelsen af, blev det dog til den største velsignelse for mig; det er gaaet mere og mere over i min bevissthed med aarene. Jeg lærte ogsaa, hvordan hver eneste liden stund paa dagen kan benyttes med et nyttigt og paa samme tid morsomt og behageligt formaal for øie, - i ro, sandrektighed og kjærlighed; - alt skulde gjøres og inte forsømmes paa den stilfærdigste og mest udfyldende maade. Aldrig disputer eller uoverensstemmelser; kom der en enkelt gang en liden meningsforskjel, endte det gjerne i spøg eller med et kys - (LB:43).

Lagertha og kjærleiken

Etter fleire andre kvinnelege hovudpersonar i dagboka brukar Lagertha heile 40 sider på forholdet til frk. Wang. Frk. Wang hadde kome flyttande til Horten saman med ei fru Petersen, og ho opna bokhandelen der Johanna, og seinare Lagertha, arbeidde. Maria Wang kom til å spele ei sentral rolle i Lagertha sitt liv.

Frk. Wang "var ualmindelig smuk, ja en skjønhed, og forstod at trække alle til sig", og venninnene Johanna og Lagertha, seinare Kaja og Lagertha, sverma svært for den sympatiske unge dama. Saman med Johanna byrja Lagertha etter kvart å vanke mykje hos frk. Wang og fru Petersen, dette trass i at:

man snart kunde merke, at fru Petersen ikke altid var saa glad over os yngre; hun var forfærdelig jaloux og vilde helst have frk. Wang alene for sig og sine to småbørn (..), hun fandt vist fuld erstatning i hende for den mand hun var skildt fra (LB:83).

Sjalusien vart meir og meir påtrengande frå fru Petersen si side "efterhaanden som frk. Wang begynte at sige du til mig og ofte foretrak mit for hendes selskab"(LB:125), skriv Lagertha. Maria Wang avvikla etterkvart forholdet til fru Petersen og flytta til Kristiania. Lagertha si bestevenninne, Kaja, var nyleg flytta, og at også frk. Wang no forsvann var eit hardt slag for henne:

Fryktelig tungt var det for mig at skulle skilles ogsaa fra hende; og jeg begyndte at tro at være udseet til sorg i livet, havde jeg dengang vidst, hvad al min længsel og uro skulde føre til - - frk. Wang trøstede mig med at naar hun var kommet godt til ro i byen, skulde jeg se at faa utvirket hos far tilladelsen til at gaa paa tegneskole og saa kunde jeg bo hos hende, - vi skulde faa det saa godt og roligt sammen! Alt gik efter ønske, - og lidt efter nytaar 1886 reiste jeg straalende lykkelig ud til den saa længe ønskede begyndelse - V.Hannos tegneskole! og fremfor dette kanske til et menneske, der holdt af mig og vilde behandle mig med godhed og kjærlighed i alle henseender (LB:125-126).

Frk. Wang må opplagt ha fungert som eit førebilete for Lagertha. Ho var vakker og vellukka; ei sjarmerande karrierekvinne, likt av alle. I tillegg var ho einsleg og ho organiserte privatlivet sitt på ein måte som må ha framstått som eit attraktivt alternativ til ekteskap og kjernefamilie.

Då Lagertha flytta til Maria Wang i Kristiania var ho 22 år, og klar for å prøve seg på eit sjølvstendig liv i hovudstaden. Den første tida i Oslo framstår som svært lukkeleg. "Baade frk. Wang og jeg var meget glade over ved at være sammen igjen og havde det rigtig hyggelig i vor fritid og om aftnerne" (LB:127). Om formiddagen var Lagertha på teikneskolen, medan Maria Wang dreiv eit skriveinstitut. Om ettermiddagane gjekk dei turar, prata saman, eller gjekk på besøk. Ei av dei store hendingane dei var med på, var folkefesten då Bjørnstjerne Bjørnson kom heim att til Noreg i 1886.

Kristiania-opphaldet førte nok med seg mange nye erfaringar for Lagertha. Ho hadde til no levd eit skjerna liv - utan særlege kunnskapar om livet utanfor borgarskapsstovene - og truleg utan særleg erfaring frå husarbeid eller anna arbeid. No måtte ho plutselig hamle opp med alle moglege praktiske problem - og ho vart også konfrontert med Umoralen - både i seg sjølv og i andre. I garden der frøknene Wang og Broch budde, var loftshusværa utleigde som atelier til ulike kunstnarar. Lagertha hadde teke på seg å "styre hus" hos seg og Maria:

saa kom vagtmesterens pige og hjalp os lidt med rengøring om morgenen. Hun kunde fortælle historier! aa, hvor det er forfærdelig, at unge kunstnere skal ødelægge sig selv saaledes - næsten allesammen førte saant vildt et liv! Pigen gik mellem ateliererne og os daglig og berettede om de frygteligste ting og udskeielser, der gik for sig lige over vore hoveder, - uf, jeg taaler næsten ikke at tænke tilbage paa alt det der - - Meget slemt var det ogsaa mange gange for os selv, når vi kom hjem om aftenen og skulde op i vor egen leilighed; først Centralhallen at komme forbi og ofte forfulgt af halvdrukne mennesker opigjennem trapperne, - og saa, hvis gassen var slukket, ømme scener i hver en krog og raa og frække bemærkninger til en i forbigaaende (LB:147).

Frk. Wang og Lagertha hadde ikkje "anledning til at holde egen husholdning" og dei åt derfor ofte middag ute - m.a. på Fru Sandbergs privathotel som hadde mange mannlege spisegjestar, mest "herrer fra Carl Johansverdenen" (LB:128). Lagertha likte slett ikkje å ete på dette hotellet, og om ein opprivande kveld der skriv Lagertha:

Jeg var ikke vant til at høre saa frit og ubundet et sprog, som man førte der. Frk. Wang lo af mig og sagde, jeg maatte da vænne mig til at taale lidt af hvert - og ikke kunde vente at livet altid vilde tage paa mig med hansker, - og at jeg bare havde godt af at se og høre, hvordan alt i virkeligheden var. Jeg indrømmede maaske sandheden deraf og tvang mig iallefald til næste gang at gaa med derned igjen.

Etter middagen prata frk. Wang og fru Sandberg saman medan Lagertha

...hensank i mine egne betragtninger over en avis, indtil fru en meget høit uttalte en haarreisende sætning: "Nei ved De hvad - saane toskede mandfolk sandelig om en straks behøver at..... Saasnart der var anledning, overtalte jeg frk. Wang til at gaa bort med mig; - og vi kom ikke der mere - men talte om mange forskjellige slags ting den aften, og jeg befandtes at være høist uvidende og uskyldig paa de fleste omraader og blev derfor raadet til at studere en lægebog og andre lærerige skrifter.

Aa, jeg vilde saa gjerne gjengive alt dette paa en rolig maade og ikke kaste for store stenk paa min dengang saa beundrede og afholdte beskytterinde - - jeg har hende jo dog at takke for saa meget, - men det falder mig saa vanskelig at tænke ganske nøgternt over de ting nu, endskjønt det jo altsammen er over for længe siden. Svag af legeme og i besiddelse af maaske alt for liden karakterstyrke, - lidenskabelig indtaget i hendes vakre ydre, - den helt nye retning af lecture og de for den unge, aldeles uerfarne pige saa æggende samtaler - alt forende sig og kom væltende over mig paa engang, saa det kanske var et under, at ikke min forstand gik med paa kjøbet! (LB:130-131).

Kva episoden hos Sandberg egentleg bestod i og kva som var det hårreisande i den uttala setninga er for meg noko uklart. Men det syner ialfall at Lagertha var svært sart og at ho hadde ein høg bluferdigheitsterskel. At Lagertha vart seksuelt tiltrekt av Maria Wang må ha vore uhyre urovekkjande for henne. Men det er ikkje sikkert at det faktum at Maria var kvinne var det som var vanskelegast å svelgje. Kyskheitsidealet som mange av borgerskapskvinnene gjekk inn for å oppfylle kom i skarp konflikt med slike ukontrollerbare kjensler. Ved å erkjenne at ho var tiltrekt av Maria braut Lagertha reglane for eit respektabelt kvinnevensskap. At forholdet til frk.Wang balanserte på grensa av det akseptable fortel også Lagertha sin frykt for andre sine reaksjonar.

Hos mine gamle venner kom jeg af og til i vinterens løb, men kun naar jeg directe blev inviteret, da det var mig en stor overvindelse at gaa ud alene. Der laa nemlig altid paa bunden en slags frygt for at blive spurgt ud angaaende Maria Wang, og om hvorfor jeg vilde blive ved at bo hos hende, naar jeg havde saa mange andre venner i byen, osv. Maaske netop af den grund, at jeg helst intet vilde fortælle hverken om hende eller mine egne daglige gjøremaal; - kom det hele til at staa i et lidt besynderligt hemmelighedsfuldt lys. Jeg følte at frk. Wang i virkeligheden slet ikke passede for mig, men jeg vilde være hos hende, - vilde holde ud alt, hvad jeg var begyndt paa og jeg holdt jo saa ubeskrivelig meget af hende! (LB:138).

Sjølv om Lagertha såg det upassande i forholdet etter den opprørande kvelden, var ho for forelska til å gjere det slutt. Lagertha ville halde fram med å bu saman med frk. Wang og ho ville forsørgje seg sjølv. Ho søkte ei rekkje små kontorjobbar, men overalt syntest dei ho hadde for lite kunnskapar og attestar, eller at ho såg for sjukeleg ut. Til slutt fekk ho likevel ein jobb:

Straalende glad over virkelig at være bleven antaget til copiere og mindre slags kontorarbeide kom jeg den første morgen med det freidigste og lyseste

sind til den fast satte tid og blev sat til at paginere en bunke kvitteringer; om nu dette ikke gik efter ønske, eller hvad der var kommet iveien, det ved jeg ikke, men merkede straks, at principalen var kommet paa andre tanker om mig. Pludselig stillede han sig op foran mig med begge hender i bukse-lommerne og saa paa mig med et eget smil og udtryk, som jeg først ikke forstod. "Sig mig, frøken, - hvorfor er ikke De hjemme hos Deres far?" han fikserede mig fra verst til nederst - han sidder jo i en udmerket stilling, - gammelt kjendt firma, saa De maatte da sagtens kunne faa arbeide hjemme. "Ja, men jeg vilde saa gjerne blive selvstændig og forsørge mig selv." "Hene. - er der noget iveien med Dem kanske? saa de ikke kan komme overens med Deres far, - eller hvordan?" Hans blick blev aldeles uudholdeligt selv for en saadan uskyldighed som mig, og det strømmede igjennem mig af angst og forfærdelse. jeg sprang op og sagde noget om ikke at vilde være der mere - "Naa tag det lidt med ro, frøken! man maa jo uvilkaarlig komme til at tænke paa lidt af hvert, naar man kjender Deres fars firmanavn - -"
(LB:143-144).

Kva prinsipalen kom til å tenke på kunne vere "iveien" med Lagertha skriv ho ikkje noko nærare om, og det vert derfor berre gjettingar. Tonen i avsnittet peikar imidlertid i retning av at det var på det seksuelle området han trudde det var noko i vegen med Lagertha. Samtalen er nedskreven ni år etter at han fann stad, og sjølv om episoden gjorde et djupt inntrykk på Lagertha, må tidas tann ha vore med å forme historia. Det er Lagertha si tolking av kva som vart sagt vi vert serverte her. Det spørst om ho ikkje sjølv etterkvart hadde byrja å verte uroleg for at ikkje alt var som det skulle med henne. Ho klandra seg sjølv for at ho ikkje makta å motarbeide dei altfor sterke kjenslene for Maria, og det ser ut til at ho til ein viss grad skamma seg over forholdet. Då prinsipalen på kontoret tvang Lagertha til å ta imot ein femkroneseddel som løn for arbeidet, kjende Lagertha difor i lang tid ein "modbydelighed for femkronesedler; der laa skam og bebreidelse i hver enkelt af dem" (LB:143).

Sviket

Skriveinstituttet til Maria Wang var lite lønsamt og økonomien hennar vart dårlegare og dårlegare. Samstundes som Lagertha sleit med sine egne problem var ho svært bekymra for Maria.

Jeg laa og tænkte hele nætter igjennem paa, hvordan jeg dog skulde kunne hjælpe hende og plagede hende kanske mange gange med mine omsorgsfulde og urealistiske forslag (LB:151).

Ein dag Lagertha kom heim hadde frk.Wang hatt besøk av ein særleg aggressiv kreditor, og hadde fått frist til neste dag kl.10 med å skaffe 200 kr dersom ho skulle unngå utpanting. Etter å ha freista å finne andre alternativ gjekk Lagertha til:

Creditbanken og forlangte paa min fars navn 200kr.; dette havde jeg fuld ret til - det vil sige til mit eget sedvanlige behov hver maaned. Jeg tænkte i min barnlige uskyldighed og naive tillid, at far vel nok, hvis han havde været tilstede, vilde have laanet frk.Wang den pengesum, naar han saa, hvor nødlidende hun var; og det faldt mig slet ikke ind, at dette fra min side kunde være noget forkasteligt, - der var jo for kort tid til at først at underrette far derom! Da jeg kom hjem med pengene og straalende glad overrakte Maria dem, blev hun forfærdet og spurgte, om jeg egentlig vidste, hvad jeg havde gjort - ? Men jeg beroligede hende med, at far naturligvis ikke kunde have det mindste imod dette; og hun - tog imod pengene og sagde, at jeg havde frelst hende fra skam og vanære. Den aften talte hun ikke som saa ofte ellers om at aflive sig selv, - og jeg var saa glad og lykkelig som ikke paa lang, lang tid (LB:151-152).

Den lukka varte imidlertid ikkje så lenge. Det viste seg snart at hr. Broch slett ikkje vurderte saka på same måte som Lagertha. I eit brev uttalte han seg i harde ordelag om tillitsbrotet frå Lagertha si side, og han meinte at det "begaaede var næsten og betrakte som et tyveri" (LB:153). *Brevet gjorde naturligvis en ubeskrivelig virkning paa mig! det var, som om jeg sank dybt, dybt ned i en afgrund og ikke øinede spor af lys - "(LB:153).*

Far til Lagertha nemnde likevel ingenting om at ho skulle komme heim, men då søstera Gudrun litt etter kom til byen for å lese til artium, fann ho det på "høi tid at faa mig bort fra byen og fra frk.Wang". Frk. Wang hadde heller ikkje plass til henne lenger fordi ho måtte leige ut husværet og berre kunne behalde eit lite rom til seg sjølv. Lagertha måtte motvillig gje opp samlivet med frk. Wang.

Jeg maatte altsaa opgive mine forhaabninger og reise hjem med den sorteste fortvivelse i hoved og hjerte. Det var en grufuld tanke at se far igjen; han sagde dog intet, - og mor var som altid den gamle. - Men jeg fandt ingen fred og følte mig baade aandelig og legemlig syg og længtede over al beskrivelse tilbage til frk.Wang. Man fandt det derfor rigtigst at lade mig efter otte dages

forløb reise et par dage derind igjen, men med den faste bestemmelse, at det kun var et ganske kort besøg (LB:154-155).

Tilbakekomsten til Maria vart imidlertid ikkje den gjenforeininga som Lagertha hadde håpa på. Ho skriv:

Det var en god kur - kanskje - ; frk. Wang havde faaet andet at tænke paa end mig med alle mine sygelige griller. Arbejderakademiets bestyrer var en kandidat Tiemroth, en noksaa pen, men svag og kvindelig udseende mand; jeg straks saa, var meget indtaget i frk. Wang. Det forekom mig rent modbydelig, især hendes venlige væsen overfor ham (LB:155).

Ikkje berre flørta hennar elskede frk. Wang med ein mann, Lagertha fekk endå fleire grunnar til å vere sjalu. Maria Wang hadde nemleg

ogsaa bestemt sig til at tage en anden dame i huset, en frk. Bay, - for mig aldeles ubekjendt, - formodentlig som en slags anstand, og fordi frk. Bay var saa fattig; - det blev fortalt saadan en passant som en given og temmelig ubetydelig sag, der ikke var værdt omtale. (LB:155-156)

Jeg følte mig utrolig forladt og længtede endelig for alvor efter at komme i ro og være hjemme, - ikke mere tænke paa nogen verdens ting og ikke se mennesker (LB:156).

Lagertha reiste svak og nedbroten heim til foreldra i Horten. Heldigvis vart ho ikkje alvorleg sjuk av desse påkjenningane endå ho lenge "var umaadelig nervøs og svag". Frk. Wang heldt likevel oppe kontakten pr. brev, og ho fortalde om større og større økonomiske problem. Ho forlova seg etter ei stund med kandidat Tiemroth "til alle menneskers største forbauselse og modvilie. Allehaande rygter - alt andet end gode - kom i omløb"(LB:157). Like før jul bad frk. Wang Lagertha om å komme ein tur til byen fordi ho hadde noko viktig å fortelje henne. Lagertha ante kva som var i gjære og ho fekk det bekrefta: Maria hadde kjøpt seg ein Amerikabillett.

Af de gamle følelser for mig var der aabenbart kun en meget ringe del tilbage; og jeg selv var kold og rolig. Vi talte bare om de ting, der skulde ordnes før reisen, og no- smaatterer, jeg paatog mig for hende - naar hun var ude af landet. Afskeden mellem os var underlig - fra min side kold og afmaalt; det var, som en jernhaand holdt fast og tillukket alt, hvad der var af godt og blidt i mig; og jeg var aldeles ufølsom overfor hendes sterke graad tilslut og rørende bønner om tilgivelse, før jeg forlod hende. Tilgive - ja, efter dette kan det kanske synes, som om der egentlig intet farligt mellemværende skulde være

mellem os nu, - de 200kroner blev jo paa en mindre rest nær virkelig tilbagesendte; - men hvad havde vel den ubetydelighed at sige mod den store synd, hun alligevel har paa sin samvittighed overfor mig - - den var og er ikke let at tilgive! tiden læger ikke alle saar; den øger den sommetider - og hvis jeg engang stod ansigt til ansigt med hende, ved jeg ikke endnu, hvad jeg evnede; - men lad alt det være gjemt og glemt. - (LB:157-158). Nytaarsaften reiste hun fra sit hjemland, sine venner og, - kreditorer, uden at andre end jeg kjendte noget nøiere til hendes sager. Et brevkort kom fra Kristiansand, den sidste efterretning fra hende, jeg havde elsket og tilbedt som et høiere væsen (LB:158-159)

Lagertha skriv at ho mange gonger har tenkt å skrive til Maria, men ho fryktar seg sjølv og sin ustyrlige penn, og ho trur difor at dei begge kanskje er best tente med at ho let det vere. Gjennom forholdet til Maria Wang braut Lagertha alle reglar om sjølvkontroll og måtehald. Ho elska for lidenskapeleg til å klare å setje dei vanlege grensene for passande borgarkvinne-åtfærd. Sjølv ti år etter at hendingane fann stad skriv ho at det er som "en legemlig smerte farer igjennem mig ved at skulle rippe op i erindringen fra den tid saa rig paa blandede erfaringer - - "(LB:126).

Kva bestod sviket i, og kvifor vart det ei slik skjellsettande oppleving for Lagertha? Då penge-episoden skjedde, var frk. Wang årsaka til at det vart ein konflikt mellom Lagertha og far hennar. Dette var eit klart brot på dei aksepterte normene. Den einslege kvinna skulle først og fremst vere lojal og oppofrande i høve til sin eigen familie; vennskap måtte komme i andre rekkje. Då han reagerte så sterkt på dei 200 kronene, markerte nok også Anton Broch sin vanvørndnad for forholdet til frk. Wang. Hr. Broch var den einaste i familien som aldri hadde vorte sjarmert av Maria Wang, og når Lagertha unngjekk familie og gamle venner og attpåtil "stal" pengar for hennar skuld, meinte han sikkert at det var på tide å få stoppa forholdet.

Det store sviket som Maria i følgje Lagertha skal ha på samvitet, må nok først og fremst dreie seg om sviken kjærleik. At Maria så lett kunne gje slepp på henne, at ho var altfor vennleg mot den innsigrande Tiemroth og at ho til og med tok ei ny dame i huset berre ei veke etter at Lagertha hadde reist; det var sviket. Det ser ut som Lagertha såg for seg samlivet med Maria som eit slags ekteskap. Ho sjølv var villig til å risikere mykje for å verte verande i dette forholdet, medan frk. Wang utan vidare oppløyser pakta Lagertha så inderleg ønska å oppretthalde. Maria Wang representerte sjølv framtida for Lagertha. Ho stod for utdanning og sjølvstende, og for kjærleik og samliv utanfor kjernefamilien. Når frk. Wang sviktar og sidan reiser til USA, vert Lagertha tvinga til å kaste loss; ingen kjærleik held henne under armene

lenger. Frigjeringa ved å gå opp i eit anna subjekt forsvinn, og ansvaret for å leve eit meningsfullt liv vert plassert hos henne sjølv.

Dei kjærlege kvinnevennskapa og det seksuelle anarkiet

1800-talet var på mange måtar dei homoerotiske vennskapa sitt århundre. Kjønnssegregeringa som dei separate sfærane førte med seg, gav grobott for dyrking av det intime vennskapet med ein person av same kjønn. Sjølv om frk. N¹¹ den «første» homoseksuelle, vart diagnostisert på 1860-talet, gjekk det endå fleire tiår før dei homoerotiske vennskapa vart oppfatta som eit trugsmål mot heteroseksualiteten. Men med rettssaka mot Oscar Wilde i 1895 vart borgarskapet ubønhørleg konfrontert med problemet, og at det attpåtil dreidde seg om ein av deira eigne gjorde ikkje saka betre. Men det var likevel lang veg frå dandyane sine salongar, til dei nære borgarkvinnevennskapa, og dei unge jentene heldt endå i nokre år fram med å "sværme" for lærarinner, og einslege kvinner kunne framleis danne hushald saman med ei nær venninne.

"**Romantic friendships**" eller romantiske vennskap er eit omgrep som freistar å gripe innhaldet i relasjonane mange vaksne borgarskapskvinner på 1800-talet hadde seg imellom. I den separate kvinnesfæra blomstra dei kjærlege vennskapa mellom kvinner, og i brev og dagbøker vert det nytta eit svært lidenskapeleg språk om desse forholda. Dette romantiske og lidenskapelege språket var vanleg, og ein må derfor tru at det var aksepterte uttrykk for kjærleik. Kvinner kunne nettopp tillate seg ein stor grad av intimitet fordi det var heva over einkvar tvil at dei var seksuelt "reine". Slike tette homoerotiske vennskap har sjølv sagt vorte betrakta som "umodne" både i samtid og ettertid. Vicinus hevdar derimot at dei var eit forsøk på å balansere «*three problematic areas: sexuality, spirituality, and power*» (Vicinus 1985:IX).

Medan vennskap mellom menn utover i hundreåret mista mykje av sitt tidlegare så sterke innhald, så voks intensiteten i mange av kvinnevennskapa.

As specialists of the heart, women met each other on a basis of personal and social equality, within the broad spectra of class divisions. Friendships between women helped mitigate the disappointments of marriage, but also proved rewarding in their own right. Women spoke of friendships, as men often did, in terms of love, and they found there true confessional (Giddens 1993:43).

Dersom Anthony Giddens har rett i at det var kvinnene som var agentar og forvaltarar av den romantiske kjærleiken, så er nettopp dei kjærlege kvinnevennskapa eit døme på den ultimate romantiske kjærleiken. Ei sameining av to ekspertar! Slike synspunkt vart òg hevda i samtida. Amerikanske Margaret Fuller var ei av dei som skreiv om korleis kjærleik mellom to av same kjønn (innforstått kvinner!) var å føretrekkje framfor heteroseksuelle forhold. Ho meinte at kvinnekjærleik var "*purely intellectual and spiritual, unprofaned by any mixture of lower instincts*" (Faderman 1981:160). Sidan kvinner såg på seg sjølv som moralsk overlegne menn, var dei kvarandre sine mest verdige partnerar. Men medan det for den heteroseksuelle romantiske kjærleiken følgde med ei ferdig forteljing - forteljinga om livslangt samliv og evig lykke - var det ikkje knytt liknande narrasjonar til kvinnevennskapa. For den romantiske kjærleiken mellom kvinner var det ikkje noko felles framtid i vente.

Det var dei viktorianske ideala om kjernefamilien som hadde skapt "den einslege kvinna" som kategori. Det å kunne plassere individa i **kategoriar** vart i det nye moderne samfunnet stadig viktigare. Samfunnsordenen var avhengig av klåre grenser mellom klassane, mellom rasane og mellom kjønn. Nettopp i framstillingar av det "anormale" fekk dei gode borgarane stadfesta sin normalitet. Den ideelle mor vart aldri klårare og vakrare enn når ein kontrasterte henne med hora eller den gamle jomfrua. Den nye klassifiseringsinteressa stakk djupt, og hang saman med utviklinga av det moderne sjølvbet - på trua om ein essens, noko eigentleg - som var nedlagd i det einskilde individet.

Det mangla ikkje på angrep mot kvinnene som ikkje passa inn i dei tradisjonelle bileta av kva som var kvinneleg. Elaine Showalter skriv i si "Sexual Anarchy - Gender and culture at the Fin de Siècle" om oppløysing av kjønnsgrenser - og særleg **førestellinga** om oppløysing - i tiåra før førre århundreskiftet. Sidan normene for seksuell identitet og seksuell åtferd såg ut til å bryte saman, følte mange seg kalla til å rykkje ut for å "redde" familien. Dersom ein klarte å halde alle på sin plass, vona ein å unngå undergangen og i staden etablere eit inntrykk av stabilitet og klåre identitetar (Showalter 1992:3-4). Showalter meiner at det seksuelle anarkiet nettopp starta med den einslege borgarskapskvinna. Det var ho som i første rekkje utfordra det behagelege binære systemet av viktoriansk seksualitet og kjønnsroller (Showalter 1992:19). Den einslege borgarskapskvinna var ikkje berre til overs - ho var i vegen.

Lærarinnene var kanskje dei som tydelegast framstod som representantar for ein ny kvinnetype. I Dikken Zwilgmeyer si bok **Frøken Lybæks pensjonatskole**, kan vi lese om unge Else sitt første møte med skulebestyrerinna:

Et stykke forud fik Else øie paa en underlig skikkelse, der gik samme vei, som de kjørte.

"Er det en herre eller dame?" spurte Else Beck.

"Ptro, ptro", raabte frøken Olsvig, "det er jo frøken Lybæk."

Den gaaende stoppede op. Det var en liden firskaaren, mandhaftig skikkelse med uforholdsmæssig stor overkrop og meget kort kjole. Hun hadde store fedtlæders støvler og en underlig cape i flere afsatser over skuldrene. På hodet hadde hun en stor skinnlue med øreklaffer. Men under skindluen lyste nogen spillende øine i et stort, brunt ansigt (Zwilmeyer 1901:7).

Når ein var einsleg lærarinne var ein altså ikkje ei verkeleg kvinne - ein var seksuelt suspekt. Mange sexologar argumenterte for at dei Nye kvinnene ikkje var "verkelege" kvinner. Dei tilhørde eit "tredje kjønn" (Faderman 1981:246). Å vere "abnorm" var ut frå desse sexologane sine definisjonar å avslå å gå inn i dei tradisjonelle kvinnerollene. Ei normal kvinne var passiv og underordna, og ho visste at hennar oppgåve i livet var å vere mor og hustru. Det var **unormalt** dersom ei kvinne ønska å ta del i det offentlege livet, leve einsleg, eller om ho generelt nekta å følgje det ordinære kjønnsrollemønsteret.

Gerhard Armauer Hansen er vel kjend som leprabasillen sin far. Mindre kjend er det at han òg var med i det første styret for Bergens Kvinnesaksforening. I sine erindringar skriv han om "kvindespørsmålet":

Da jeg i mine unge dage læste Stuart Mill om kvindesaken, tror jeg neppe nogen norsk kvinde uten Camilla Collett var ordentlig vaaken. Siden vaaknet de jo og la ordentlig ivei med skrik om mandens tyranni og skrækelige underkuelse av kvinden og det med det utbytte, at det for en del aar siden formelig kunde være uhyggelig at være av mandekjønnen, saaledes blev dette udskjelt og skildret som lumpent og smaalig slet i vor literatur.

Kvinderne og mæstendels mændene ogsaa har ikke kundet se pa dette spørgsmaal naturhistorisk. Naar mændene i tidernes løp har tat kommandoen over kvinderne, saa har dette selvfølgelig hat sin grund deri, at manden har været bedre utrustet end kvinderne baade i legemlig og sjælelig henseende. Det kan jo ikke la seg gjøre at avskaffe kjønnsforskjellen; denne er en naturnødvendighed og som saadan utviklet naturlig, og resultatet av denne naturlige utvikling er at manden er legemlig sterkere og sjælelig mer utviklet end kvinden.

Jeg har tænkt mig muligheden av at menneskesamfundet utviklet sig i den retning, at der fødtes en del kvinder med anlæg for aandelig udvikling, men sterile, andre derimod med særlige evner til at formere slegten; det findes jo en slik arbeidsdeling hos visse insekter.

Kvinderne synes mig burde foreløbig være fornøiet med alle de indrømmelser som efterhaanden gjøres dem; de nærmer sig mere og mere til fri konkurranse, og dermed faar man efterhaanden greie paa hvad de vil duge til (Hansen 1910:135-137).

Gerhardt Armauer Hansen reknar då som vi skjønar ikkje med at dei vil duge til stort, men han er ialfall villig til å la dei prøve seg. Boka til Armauer Hansen kom ut i 1910, altså tre år før kvinner fekk stemmerett på same vilkår som menn.

Det var hårfine grenser mellom den reine kvinnelege kjærleiken og upassande eller overdrivne uttrykk for kjærleik. Dei einslege kvinnene hadde først og fremst plikter overfor sine biologiske familiar. Elisabeth Sewell skreiv i 1871:

When romantic friendship puts itself forward as having claim above those ties which God has formed by nature, it becomes the source of untold misery to all who are connected with it" (sitert hos Vicinus 1984:603).

Samstundes som desse vennskapa i moderate former vart lovpriste, vart dei sanksjonerte dersom dei gjekk ut over dei innforståtte grensene. Dei romantiske vennskapa før ekteskapet vart sett på som ein fase i sosialiseringa til kvinne. Uskulden skulle følgje dei fram til ekte-senga. Men å føretrekkje kjærlege vennskap med andre kvinner når tida eigentleg var inne for heteroseksuelt ekteskap, vart betrakta som eit opprør - ikkje berre mot ekteskapsinstitusjonen, men òg mot heteroseksualiteten som norm. Utover i 1880 og 90-åra heva enkelte psykiatrarar og sexologar sine røyster for å åtvare mot overdrivne vennskap mellom kvinner. I 1891 skreiv t.d. Knud Pontoppidan, dansk professor i psykiatri

..findes der ikke i Deres omgangskrets en eller annen dame med et vist karleaktigt Ydre, som alltid har en Veninde, der fuldstændigt absorberer hende og hvorledes det giver anledning til hele Dramaer av Jalousi og Fortvivlelse hver Gang Gjenstanden for hendes Tilbøjelighed skifter?" (sitert hos Lützen & Rosenbeck 1989:27).

Fram mot århundreskiftet auka kritikken mot dei nære kvinnevennskapa. Med trugsmålet om seksuelt anarki hengande over Europa, vart det viktig å stramme grensene for det akseptable. Ein stadig aukande del av velutdanna kvinner saman med stadig fleire yrkesmogelegheiter for kvinner, førte til ei utvisking av dei klåre grensene mellom den private kvinnelege sfæra, og den mannlege offentlege verda. Etterkvart som kvinner trødde meir og meir tydeleg fram på den offentlege arenaen auka åtaka på dei kvinnelege foruma: Jenteskular, lærarineseminar og kvinneorganisasjonar. Dette var ofte basar for reformvennlege kvinner og dei vart dermed opplagte mål for dei mange som frykta endring. I denne atmosfæra meiner Vicinus at *"Friendships between teachers were stigmatized as abnormal, and raves were attacked as permanently distorting"* (Vicinus 1984:618).

Artikkelen **Kjønnsdannelse og homoseksualitet** av dr.med. Ole Malm, var også eit innlegg i denne debatten. Han slår fast at homoseksualitet er eit resultat av det seksuelle anarkiet i tida.

Homosexualiteten hænger derfor øiensynlig sammen med nutidens kvindesagsbevægelse, idet den er en naturligt tilhæng til denne samfundsskadelige retning (Malm 1907:278). Jeg skal ved denne leilighed ikke komme nærmere ind paa kvindesagsbevægelsen, men har fundet det nødvendigt at pege paa de sexuelle forvildelsers sammenhæng med den abnorme, kjønsødelæggende og derfor naturstridige samfundsbevægelse, som feminismen i virkeligheden er. Kvindelige mænd og mandlige kvinder har den sunde natur ikke brug for (Malm 1907:279-80).

Sjølv om Lagertha ikkje forelska seg i menn, og sjølv om ho i høgste grad må seiast å ha vore både uskuldig og jomfrueleg, tydde dette altså ikkje at ho ikkje opplevde attrå og kjærleik. Men seksualitet var for henne, som for dei aller fleste andre kvinner frå borgarskapet, berre forbunde med heteroseksualitet. Dette gir Constance Maynard, berømt skulereformator i England, eit døme på. *"It is all very well to call (my) loneliness "sex feeling", but I can honestly say my thoughts never strayed to a man"* (Maynard 1887, sitert hos Vicinus 1984:615). Sjølv om Constance Maynard hadde ei rekkje lidenskapelege forhold til kvinner opp gjennom åra, så fall det henne altså ikkje inn å kople desse kjenslene med seksualitet. Den dominerande seksuelle diskursen blant overgangskvinnene - som blant andre feministar i perioden - reproduserte og forsterka stereotypiane om kvinneleg aseksualitet og reinleik. Idealet om å vere respektabel og moralsk uklanderleg vart nytta som våpen i kampen for verdigare kår. Saman med resten av samfunnet fokuserte dei på skilnadene mellom kvinner og menn, og dei såg på dei kvinnelege eigenskapane som ei kjelde til makt (Showalter 1992:45, Vicinus 1985:288-289).

Sjølvutvikling kravde sjølvkontroll. Kontroll over personlege kjensler gav sjølvrespekt og makt til dei viktorianske kvinnene som så lenge hadde vorte betrakta som natur snarare enn kultur; som hjelpelause offer for sine kjensler snarare enn som rasjonelle individ. Sjølvkontroll også på det fysiske området vart ein måte å kjenne seg sjølv på, og sjølvrealisering vart viktigare enn fysisk tilfredsstilling. Kjærleik vart ikkje forkasta, men gjerne innretta mot eit distansert objekt. Å ofre ei fysisk sameining med den utkåra, på sjølvkontrollen sitt alter, kunne slik verte ei kjelde til personleg tilfredsstilling (Vicinus 1984:604). *"Indeed, genital sexual fulfillment would have meant a failure of self-discipline and, therefore, of self-identity"* (Vicinus 1984:605).

Lagertha sine romantiske vennskap passar i stor grad inn i det generelle biletet av dei einslege borgarkvinnevennska i denne perioden. Ho sverma for den modne og vakre Marie Münster, ho var håplaus klossete i høve til menn, og ho møtte sin store kjærleik i skjønnheten Maria

Wang. I åra der ho skriv dagbok er Lagertha også involvert i fleire intense venninneforhold. Når det gjeld idealet om sjølvoppofring og sjølvkontroll ser det ut til at Lagertha var noko meir ambivalent. Ho var ikkje umiddelbart villig til å ofre kjenslene for Maria for å halde på kontrollen. Spørsmålet om Lagertha var homoseksuell synes ubønhørleg å trenge seg fram.

Seksuell abnormitet?

Homoseksuelle handlingar finn vi døme på i dei fleste samfunn opp igjennom historia, men i det førmoderne produksjonssystemet fanst det ikkje noko sosialt rom for å vere homoseksuell. Dette endra seg i andre halvdel av 1800-talet. Ved at hushaldet mista sin økonomiske relevans, og ved at seksualiteten ikkje lenger berre dreidde seg om reproduksjon, vart det mogeleg for nokre kvinner og menn å organisere sitt personlege liv rundt deira erotiske/emosjonelle tiltrekking til sitt eige kjønn. Det homoseksuelle livet byrja, og i mange av dei europeiske storbyane utvikla det seg subkulturar for ulike grupper av homoseksuelle i tiåra rundt århundreskiftet.

Samstundes med dette vart det utvikla nye ideologiske definisjonar der homoseksualitet ikkje lenger vart omtala som handlingar, men som ein **tilstand**, ein del av personen sin natur. Populariseringa av denne (medisinske) modellen påverka så medvitte til dei individa som opplevde homoseksuelt attrå, slik at dei kom til å definere seg sjølve gjennom sitt erotiske liv.

The nineteenth-century homosexual became a personage, a past, a case history, and a childhood, in addition to being a type of life, a life form, and a morphology, with an indiscreet anatomy and possibly a mysterious physiology. Nothing that went into his total composition was unaffected by his sexuality....the homosexual was now a species (Foucault 1990:43).

Kvar høyrer Lagertha heime i dette biletet? I eit lengre avsnitt reflekterer ho over sitt forhold til menn:

Mor siger, at det er abnormt, at jeg ikke kan like mandfolkene; er det det mon? Jeg har aldrig været dem nær nok til at blive forelsket i nogen af dem og paa samme tid seet dem paa for nært hold ogsaa til at blive bedaaret af dem! saa er der jo ingen raad, da. - Har læst et sted, at der hos begge kjøen findes det punkt af naturen, hvor de gjensidig ikke er istand til at forstaa hverandre. Hvad mon det er for en slags overlegen skabning, der har fundet ud det? men at det visselig er tilfældet, kan selv jeg sætte mig ind i; men det vanskelige er

vist ogsaa gjensidig at finde dette punkt! for da var det ogsaa, der saa smukt stod om, at man skulde bøie af og have øinene oppe for at naturen krævede sin ret. - Naar jeg nu altsaa ikke holder saa meget af det andet kjøen, maa jeg saa ofte spørge mig selv, hvad er grunden? Kjærlighedssorg har jeg aldrig havt; altsaa kan der ikke være tale om skuffelse. Forurettelse? nei - ikke i nogen bestemt retning. Jalousi - , nei, for jeg synes, saavidt min erfaring strækker, at vi kvinder i vort indre har uendelig meget mere, om det end for mændene kanskje ser ud som smaatterier, at glæde os ved! Slutningen paa visen blir kanske alligevel "abnormiteten"; for jeg finder ingen grunde, men bare en uendelig medfødt modbydelighedsfølelse, der kanske, naar alt kommer til alt, er hos mig en uelskverdighed, jeg slet ikke magter at modarbeide. Jeg er rent ud () for mig selv ved at være i værelse alene sammen med mine brødre! hvorfor? det krymper sig sammen i mig - - med far gaar det noget bedre; men det er vist; fordi vi føler; at han ikke kan undvære kvinderne i hjemmet, dog er det ogsaa en tanke, der ikke tør tænkes helt ud - - Jeg elsker alt det fine, bløde, yndige kvindelige og dog - finder jeg de allerstørste fejl og mangler, netop hos mit eget kjøen!!

hvor finder jeg dog løsningen..... (LB:252-253).

Lagertha granskar seg sjølv med ein imponerande grundighet og sjølvrefleksivitet. Både ho sjølv og omgivnadene ser ut til å vere innforstått med at ho ikkje har eit "normalt" forhold til menn, og Lagertha freistar å finne ut kva dette botnar i.

I desse åra utvikla det seg i England to hovuddiskursar kring homoseksualitet. Den eine diskursen baserte seg i følgje Elaine Showalter på teoriar om seksuell inversjon. Homoseksuelle kvinner og menn var eit slags mellomkjønn som låg i grenselandet mellom kvinne og mann. Den andre retninga gjekk ut frå ein kjønnsdifferensieringsmodell. Her såg ein homoseksualitet som det høgste og mest perfekte evolusjonistiske nivå i kjønnsdifferensieringa. Mannsidentifiserte menn og kvinneidentifiserte kvinner uttrykte dei mest opphøgde formene for manndom og femininitet. Dei seksuelle preferansane for eige kjøen var grunna i avskyen for det motsette (Showalter 1992:172-173). Det er liten tvil om at Lagertha ville høyrte heime i den siste retninga. Ho levde tilsynelatande ganske godt skjerma frå patriarkatet i si kvinneverd. Ho ordna blomeoppsatsar, skreiv brev til venninnene sine, las Ellen Key og var godt forankra i trua på kvinnene som dei mest utvikla og moralsk høgverdige.

Adrienne Rich presenterte i den klassiske artikkelen **Compulsory Heterosexuality and Lesbian Existence** (1980) påstanden om eit lesbisk "continuum". Fellesskap mellom kvinner skulle setjast i fokus for historiestudier og alle kvinneidentifiserte kvinner skulle definerast som

lesbiske. Om ein slik teori kan vere nyttig i politisk samanheng og i høve til homoseksuell identitetsskaping, synest han lite eigna til å forklare t.d. Lagertha Broch sitt liv.

Lagertha Brock var i høgste grad ei kvinneidentifisert kvinne. Ho elska kvinner, ho hadde sine næraste emosjonelle band til kvinner og den einaste erotiske opplevinga ho refererer til i dagboka var med ei anna kvinne. Det interessante spørsmålet her vert likevel ikkje om Lagertha passar inn i notida sine definisjonar av homoseksualitet, men om ho sjølv opplevde seg som homoseksuell.

Den homoseksuelle identiteten er historisk konstruert, og Lagertha skreiv si dagbok nettopp i dei åra då homoseksuelle i medisinen "became a species". Sjølv om den homoseksuelle no var oppfunnen som kategori tok det endå mange år før denne nye "kunnskapen" vart allment kjend¹². Det er tvilsamt om Lagertha eller nokon i hennar nærmiljø kjende til kategorien homoseksuell på 1880-talet (då t.d. historia med frk. Wang fann stad). Det er ingen ting som tyder på at mora si skulding om "abnormitet" dreidde seg om noko så spesifikt som homoseksualitet. Om nokon skulle slumpe til å ha kjennskap til kategorien er det ikkje dermed sagt at dei ville kople kunnskapen om desse seksuelt perverterte individ, til si eiga svakelege og jomfruelege Lagertha.

Lagertha identifiserte seg ikkje som homoseksuell. Dersom det hadde vore tilfellet ville dette truleg ha komme fram i ei dagbok som i så høg grad dreidde seg om sjølvrefleksivitet. Dersom Lagertha identifiserte seg som homoseksuell, men ønska å halde dette skjult, ville ho ha "sensurert" dagboka og ikkje tatt med forelskingar og kompromitterande kjensler og scener. Men sjølv om Lagertha ikkje definerte seg som homoseksuell, definerte ho seg likevel som **unormal** på det kjønnslege området. Ho undrar seg verkeleg på kvifor ho ikkje er som andre, kvifor ho ikkje kan like menn, og konklusjonen ho kjem fram til er at avskyen må vere medfødd, ho er truleg "abnorm".

Lagertha si forteljing syner også at uskulda ved dei kjærlege kvinnevennskapa allereie mot slutten av 1880-åra var tapt. Noko låg og lurte i bakgrunnen slik at arbeidsgjevaren lurte på om det var noko "iveien" med henne, at ho sjølv følte at Maria "slet ikke passede" for henne og at søstera meinte at det var på "høy tid" å få henne bort frå frk. Wang.

Ens bestemmelse i livet - oppsummering

Mange av dei einslege borgarskapskvinnene rundt århundreskiftet fann seg sjølve kvervlande rundt i ein sosial malstraum. Medan tidlegare generasjonar av slike kvinner hadde levd eit (ofte kummerleg) liv saman med slektningar, vart det no meir og meir vanleg at einslege kvinner forsørge seg sjølve. Val måtte gjerast i høve til utdanning og yrke, og praktiske problem både i den private og offentlege sfæra måtte løysast.

Når det gjaldt kjærleik og seksualitet skjedde det òg store endringar i desse tiåra. Dei nære og intime romantiske vennskapa mellom kvinner, var ikkje lenger så reine og uskuldige som dei hadde vore og den aseksuelle rolla som mange einslege kvinner hadde bygd sin identitet på, møtte etterkvart motbør frå medisinsk hald. Rundt århundreskiftet vart dei nye sexologane sitt blikk retta mot dei einslege kvinnene. Dei var ikkje lenger berre gamle jomfruer - men seksuelt abnorme.

For Lagertha sitt vedkommande synest ungdomsåra og det tidlege vaksenlivet å ha vore prega av nettopp denne turbulensen i høve til kjønnsroller, nye kvinnetypar og seksualitet. Lagertha var ivrig etter å få seg ei utdanning og eit yrke. Særleg var det dei kunstneriske talenta sine ho gjerne ville få fram. Dette kravde imidlertid ei sjølvkjensle og ei framheving av sjølvvet som kom i konflikt med dei kvinneideala ho var oppseda i.

Også på kjærleiken sitt område vart Lagertha fanga mellom ulike ideal. Lagertha vart tvinga til å granske seg sjølv for å freiste å plassere seg i ein eller annan kategori. Korleis skulle ho klare å etablere ei sosial organisasjonsform når det for henne verken var eit alternativ å gifte seg, å leve som homoseksuell eller som gammal jomfru?

KAP.3**...AT KJENDE SIG SELV...****- om sjølvrefleksjon og konstituering av sjølvvet**

I was an Anna who invited defeat from men without ever being conscious of it. (But I am conscious of it. And being conscious of it means I shall leave it all behind me and become - but what?) (Doris Lessing, **Golden Notebook**, 1962:480, mi understreking).

Narrasjonen som sjølvbiografisk prosjekt

Eitt av dei sentrale felta i moderniteten er ei sterk fokusering på individet, på den einskilde personlegdomen. Å **oppdage, forstå** og **uttrykkje** eg'et står difor sentralt i moderniteten (Bjurman 1994:5).

Dagboka er Lagertha sin fremste arena for ei slik individkonstituering. Gjennom erindringane og dagboksnotatane utforskar, tolkar og fortel Lagertha om viktige hendingar, og ho freistar å skape seg ei samanhengande og meningsfull forteljing av livet sitt. Allereie i dei første linjene slår Lagertha fast kva denne dagboka skal nyttast til:

2/12-95

Tænk at begynde på en ny bog men det må jeg jo når min gamle er ude på reiser; - helt udenfor samfund med mig selv kan jeg jo ganske umulig være! Og så får denne selvfølgelig blive et led af min «gamle Adam;» - han vender ganske sikkert tilbage også i denne nye skikkelse; nu får vi at se - - (LB:1).

Lagertha må vere "i samfund med sig selv", ho må ha eit forum der ho kan føre ein dialog med seg sjølv. At dagboka skal vere eit "ledd i hennar gamle Adam" tyder truleg at ho skal nytte dagboka til å kjempe mot sin gamle Adam, altså motarbeida sine inngrodde dårlege vanar og lyter. Med eit "nu får vi at se", opnar Lagertha for kva denne dialogen må føre med seg av overraskingar og eventuelle endringar i hennar sjølvoppfatning og liv.



Denne prosessen av sjølvransaking og narrasjon kan sjølv sagt vere svært smertefull. Lagertha må t.d. tvinge seg sjølv til å gå igjennom og skrive om tida med frk. Wang og ho skriv at det er

som en bod jeg paalægger mig selv. Ofte har jeg tænkt og ønsket at ville glemme dette intermezzo i mit liv; men da jeg Gud ske lov kom nogenlunde uskadt ud af det, har det vel ikke været uden gavn alligevel, og - tiden læger alle saar.-" (LB:126).

Den turbulente tida med Maria Wang har altså også hatt sin funksjon; ingen ting skjer utan at det ein gong vil komme til gagn. Ut av smerten kjem vokster og sjølvutvikling.

I mai 1897 spør ho seg sjølv:

Hvorfor tænke, hvorfor gruble - der kommer intet ud deraf; aldrig et virkelig lysglimt. Man er glad og lykkelig et kort øieblik, og saa kommer der et af disse kolde pust, der stivner og fryser bort alt, der før saa godt og lyst ud (LB:281).

Det er vist feigt at ønske sig "i kloster", men den tanke kommer saa ofte saa ofte; - eller iallefald et sted, hvor man ingen forargelse tog eller skaffede andre en saadan (LB:281).

Den voldsomme sjølvrefleksjonen kan både vere utmattande og tilsynelatande nyttelaus. På ein deprimert vårdag ønsker Lagertha seg difor bort frå alle bekymringar, bort frå alle plagsame tankar, ho vil gå "i kloster".

6 Kanskje er det seg sjølv og dagboka Lagertha her har skildra?

Det å konstruere si eiga sjølvbiografiske forteljing uttrykkjer sjølv essensen i den moderne individforståinga. For det moderne mennesket er det viktig med autentisitet. Ein må "finne seg sjølv" og vere tru mot sitt **eigentlege** eg. For å greie dette må individet skape si eiga forteljing, individet må aktivt delta i sitt eige sjølvbiografiske prosjekt. I boka si om "**Modernity and Self-Identity - Self and Society in the late Modern Age**" skriv Anthony Giddens om korleis eit refleksivt sjølv vert utvikla. Gjennom å observere seg sjølv opnar ein opp for endring. Ja, kanskje vil til og med observasjonssituasjonen i seg sjølv opne opp for endring (Giddens 1991:71). Det refleksive prosjektet til sjølvet består i å halde fast på ei samanhengande - men stadig revidert - biografisk forteljing. Dette går føre seg i ein kontekst av tallause valmogelegheiter (Giddens 1991:5). Ved å sjå på seg sjølv gjennom refleksiviteten sine briller opnar ein opp for ein dialog med tida. Individet må heile tida spørje seg sjølv korleis ho nyttar, og korleis ho ønskjer å nytte den tilmålte tida ho har til rådvelde (Giddens 1991:73). Å skrive dagbok står sentralt i prosessen med å få til ein slik sjølvrefleksivitet. I dagboka strevar ein etter "autentisitet" - ein må vere "ærleg" - og ved å lære av tidlegare erfaringar og feil kan ein få til vekst og utvikling (Giddens 1991:72). Denne stadige granskinga av sjølvet kan vere svært risikofylt. Gjennom å sjå for seg fleire mogelege alternativ for handling, bryt ein med eit fastlagt og trygt livsmønster styrt av tradisjonar og etablerte vaner (Giddens 1991:73).

På jakt etter sjølvet

Hvor besynderlig delt dog mennesket er - baade i den ene og den anden retning, i godt saavel som i ondt! Og hvor den ene dag kan give et fuldstændig forandret syn paa livet fra dagen i forveien.

Det er nok saa, at det ikke er saa heldigt at beskæftige sig formeget med sig selv; men - naar man nu ikke - efter en gammel læresetning, kjender denne "sig selv", saa burde man vel alligevel stræbe derefter? (LB:200-201).

Slik reflekterte Lagertha ein vinterdag i 1897. Ho var svært så ivrig i arbeidet med å "finne seg sjølv". Ja, ho skriv endå at ho ville:

like at have mig selv parteret at lagt i æsker med saa meget af det, og saa meget af det efter sandhedens vægtskaal i hver æske! da kunde der maaske ved den chemiske blanding trækkes ud et grundstof, der blev det bestemmende for mit menneskes gjøren og laden (LB:200).

Samstundes som ho slik var i full gang med å utforske seg sjølv, var ho også klar over konflikten dette førte med seg. Ei god borgarskapskvinne skulle vere audmjuk, sjølvutslettande og kollektivt innstilt, og altså ikkje "*beskjæftige seg for meget med sig selv*". Dette kvinneidealet stod i motsetning til det moderne idealet om å "kjenne sig selv" som naturlegvis føreset ein sterk grad av individualitet og fokusering på sjølvvet.

I det moderne samfunnet vert ikkje individet konstituert gjennom ein nedarva posisjon i slekt og lokalsamfunn. Individet vert til i lys av eit **prosjekt**. Anthony Giddens definerer det refleksive prosjektet til sjølvvet slik: *the process whereby self-identity is constituted by the reflexive ordering of self-narratives* (Giddens 1991:244).

Kva går det sjølvbiografiske prosjektet til Lagertha ut på? Kva byggjer ho sin identitet på? Gjennom å følgje Lagertha i dagboksprosessen kan ein følgje henne gjennom ei rekkje strategiske val, og dagboka til Lagertha handlar slik i stor grad om å forhandle fram ein sjølvidentitet. Nokre viktige "prosjekt" i Lagertha sitt liv - sentrale i utviklinga av denne sjølvidentiteten - ser ut til å ha vore:

1. Prosjekt sjølvtilitt

For ei ung borgarskapskvinne var det gjennom faste institusjonaliserte former ho skulle presenterast som ein eigen person. På debutballet, eller i debutsesongen, hadde ho sin sjanse til å syne kva ho var god for. I Lagertha sitt tilfelle var altså denne presentasjonen på den offentlege arenaen relativt mislukka.

Sommaren på Bolkesjø framstår derfor som den første vellukka gongen Lagertha konstituerer seg som eit sjølvstendig individ på ein offentleg arena. Bagrunnen for reisa var at ho skulle tilbringe seks veker på Bolkesjø "*for riktigt at samle kræfter*" (LB:111). Dei eldre gjestane tok seg godt av den sjenerte og tilbakehaldne frk.Broch.

Det glædede mig umaadelig at være tilstede ved al den høitlæsning og interessante samtaler mellem alle de ældre herrer og erfarne damer, der saa venlig og omsorgsfuldt tog sig af mig. Men desværre - virkningen fik ogsaa sin vrangside. Det pirrede min ærgjærighed og selvfølelse saaledes at blive taget notis af (LB:113).

Lagertha fekk ei mengde kompliment denne sommaren - både for teiknekunst, songstemme, modenheit, intelligens osv:

alle disse smaa fremkastede rosende bemerkninge complimenterende hentydninger faldt i sumpig og tildels ubearbejdet jord - blev liggende og gjærede (LB:114).

Da jeg kom hjem igjen, var jeg vist alt andet end elskværdig at omgaaes, - forskruet, urolig, - fuld af indbildninger og fantastiske formløse ideer, om hvad der var min bestemmelse i livet (LB:117).

Lagertha og venninna Kaja tok opp igjen dei kjære spaserturane frå tidlegare men *samtalerne fik et andet præg; det blev hovedsagelig mig nu, det dreiede sig om, og hvad der burde gøres, for at alle mine lys rigtig skulde komme til at skinne!*" (LB:117-118).

Gjennom sommaren på Bolkesjø opplevde Lagertha å få svært mykje merksemd. Opplevinga var svært dobbel for henne. På den eine sida blomstra ho opp under alle dei rosande kommentarane. Ærgjerrigheita hennar vart så tend at ho braut dei vanlege reglane for danna borgarkvinneåtfærd, slik at då ho kom heim var ho både uelskverdig og sjølvoppteken. Men samstundes vart eigenskapar som ærgjærighet og sjølvkjensle i ettertid vurdert som negative av Lagertha. Korleis kunne ei danna borgarskapsdotter ha så sterke ønskje om å realisere seg sjølv og få "*alle sine lys til riktigt at skinne*"? Det var truleg også noko uhøyr i dette at Lagertha sjølv ville ha innverknad på framtida si, at ho ikkje berre passivt tok imot kva lagnaden baud henne. Denne konflikten ser ut til å liggje under i heile dagboka. I kor stor grad kan og bør ho fokusere på seg sjølv og sine behov? Hausten etter Bolkesjø ser konflikten ut til å ha verka overveldande og uløseleg. Om vinteren vart Lagertha igjen svært sjuk.

2. Prosjekt kjærleik og sjølvstende

Lagertha kom seg etter sjukdommen, og ho freista igjen å stå fram som eit sjølvstendig individ. Maria Wang sin invitasjon om å komme til Kristiania vart med stor glede akseptert og Lagertha reiste "*straalende lykkelig*" til hovudstaden.

"Prosjektet" Maria Wang bestod i fleire ting. Først og fremst var det forelsking som dreiv Lagertha til Kristiania. Ideala om den romantiske kjærleiken sa at berre gjennom forelsking kunne individet verkeleg få realisere seg sjølv (Jfr.s.4-5). Karin Lützen siterer ei Margaret Fuller, som argumenterer for at to personar av same kjønn kan elske kvarandre nettopp fordi "*Kjærlighetens lov er sjelens begjær etter å oppnå en helhet, som gjør at den i et annet*

menneske søker det den ikke finner hos seg selv" (Fuller 1852, sitert hos Lützen 1987:33) Gjennom samlivet med frk. Wang skulle Lagertha verte heil, i henne skulle ho finne de eigenskapane ho sjølv mangla, og saman skulle dei gå opp i ei høgare eining. Sidan Lagertha tilsynelatande la så mykje i forholdet til frk. Wang, må det ha fortona seg som eit dess større vonbrot då ho vart svikta.

Forelskinga i frk. Wang førte til mykje grubling og refleksjon for Lagertha. Kva ville andre seie om forholdet? Korleis kunne ho hjelpe Maria? Dei sterke kjenslene førte til ei identitetskrise for Lagertha. Forelskingsprosessen vart slik eit viktig middel på vegen mot større sjølv-erkjening og sjølvrefleksjon.

Ønsket om økonomisk og sosialt sjølvstende var også ein viktig del av "prosjektet Maria Wang". Å få studere, med tanke på seinare å verte sjølvforsørga, er noko Lagertha kjem tilbake til mange gonger i sjølvbiografien sin. Dersom ho ikkje hadde til formål å gifte seg må dette ha vore einaste sjansen ho hadde til å skape seg ein sjølvstendig identitet. Ein identitet som oppofrande familietante eller gamal jomfru fortona seg truleg som eit lite freistande alternativ. Kristianiaopphaldet gav henne i tillegg høve til å kome seg heimanfrå, og til nærmast å skape seg sin eigen heim saman med Maria. Dette må ha fortona seg svært så tiltrekkjande for den fridomssvultne Lagertha.

Men endringane i levekår og dei daglege bekymringane for kva veg ho skulle slå inn på var også svært tyngjande. Det sjølvstendige livet i Kristiania vart ein kamp for Lagertha. Dei sterke kjenslene for Maria, og dei nye og skremmande erfaringane på dette området, tok mykje energi. Likeins vart det økonomiske sjølvstendet ho lengta etter langt mindre rosenraudt enn det ho hadde drøymt om. Ho traska rundt mellom ulike arbeidsgjevarar og baud fram arbeidskrafta si utan at nokon var synderleg interessert. Til slutt fekk ho likevel arbeid på eit fotoatelier, men tanken på kva ho måtte forsake for dette sjølvstendet dukka stadig opp:

I begyndelsen var jeg helt opptaget af mit arbejde og den haabefulde udsigt, naar jeg endelig havde lært noget ordentligt! Men saa begyndte reflectionerne over mit nuværende liv i sammenligning med, hvad jeg før havde været vandt til, og jeg fant mig selv til å være degraderet i en forfærdelig grad. tung og trist blev jeg og havde fuldt følelsen af at skulle synke tilbunds i simpelhed og mudder! det havde været tifold bedre at brudt overtvært og reist hjem til mine forældre, der havde det godt, og saa blive der i ro. Man anede nok ikke hjemme, hvordan jeg i virkeligheden havde det, - - men at oppgive selvstændighedsfølelsen og udsigten - maaske den eneste i mit liv - til at lære noget? nei, det var baade karakterløst og feigt! (LB:145).

Valet var umogeleg. Dersom ho gav opp og reiste heim ville ho alltid måtte leve med feigskapen og sviket i høve til seg sjølv. Dersom ho vart verande kunne forholdet til Maria i verste fall utvikle seg til ei skandale, og den sjelelege helsa hennar kunne få ein alvorleg knekk under alle desse påkjenningane. Kjærleikssorga, saman med alt ansvaret og dei vanskelege vala, tårnar seg opp for henne. Lagertha vert igjen sjuk.

3. Prosjekt vennskap

Det kan vere interessant å sjå på Anthony Giddens sitt omgrep, **pure relationship**, i høve til Lagertha sine vennskap. I følgje Giddens er desse reine relasjonane ei slags vidareutvikling av den romantiske kjærleiken, og det er slike reine relasjonar som karakteriserer dei mellom-menneskelege forholda i det seinmoderne samfunnet. Sjølv om mange av dei gamle banda er borte, har det altså òg dukka opp mange nye typar relasjonar. Menneska treng ikkje lenger "å høyre saman" fordi om dei er i slekt eller bur i den same grenda. No kan ein velje dei menneska ein synest har mest å tilby av t.d. emosjonell nærleik. Anthony Giddens argumenterer for at dei reine relasjonane, gjer oss moglegheit for intimitet og sjølvrealisering som ikkje fanst i meir tradisjonelle samanhengar.

Pure relationship: refers to a situation where a social relation is entered into for its own sake, for what can be derived by each person from a sustained association with another; and which is continued only in so far as it is thought by both parties to deliver enough satisfactions for each individual to stay within it (Giddens 1993:58).

Giddens set vidare opp 7 idealtypiske kriterium som må oppfyllest for at ein relasjon kan karakteriserast som "rein".

1. Dei reine relasjonane er ikkje knytt til eksterne faktorar i det sosiale eller økonomiske livet.
2. Forholdet er berre basert på kva det kan gje dei impliserte partane. Det er nettopp dette som gjer forholdet **reint**.
3. Dei reine relasjonane byggjer på kontinuerleg refleksivitet og openskap.
4. "**Commitment**" spelar ei sentral rolle i den reine relasjonen. Commitment erstattar dei banda som heldt tradisjonelle relasjonar saman.
5. Den reine relasjonen fokuserer på **intimitet**. Intimitet er naudsynt for å få til ein viss grad av stabilitet i forholdet.
6. Likeins står **tillit** sentralt. Tillit frå den andre parten må **vinnast**. Dette heng sjølvstendte tett saman med punktet om intimitet.
7. Sjølvidentitet vert forhandla fram gjennom utforsking av sjølva og utviklinga av intimitet med den andre. Slike prosessar skaper "**shared histories**", eller **felles historier**, som har

mykje større samanbindande potensiale enn om dei hadde delt erfaringar ut frå slumpetreff eller felles sosiale posisjonar (Giddens 1991:89-98).

Fleire av Lagertha sine venninnerelasjonar oppfyller dei fleste av desse kriteria. Dei eksisterer utelukkande ut frå ønskje om vennskap, altså ut frå kva dei impliserte partane kan gje kvarandre. Kanskje nettopp refleksjonen kring desse vennskapa er noko av det som er mest iaugefallande i Lagertha si dagbok. Ho nyttar mykje plass på å drøfte vennskapa, deira karakter og kva for kjensler ho hadde for dei ulike venninnene. Fleire av desse vennskapa rørte seg i grenselandet mellom kjærleiksforhold og vennindeforhold, men karakteristisk for dei alle er at dei var svært nære og intime.

I 1896 skjedde det store endringar i familien Brock. To av brørne til Lagertha gifta seg, ein vart forlova og den yngste søstera Nanna fekk endeleg halde sitt første store ball. Det største høgdepunktet var likevel salet av heile egedomen i Horten og at faren dermed vart *fri for alle forretningsbekymringer! det er den største tilskikkelse inden hjemmet i hele vort liv* (LB:199). For Lagertha kom imidlertid desse familiehendingane i bakgrunnen for meir personlege opplevingar. For henne var det sommaren og vitjinga hos nokre venninner som var det største. Ho skriv: *Ja, det kan godt være, at en utenforstaaendes opfattelse af dette kun til nød vilde stanse ved de to giftermaal og forlovelsen samt salget i løbet af dette aar; men paa mig personlig har de andre begivenheder gjort fuld saa stor virkning!* (LB:199-200).

Lojaliteten hennar ligg altså ikkje først og fremst i dei familiære relasjonane, men i dei reine. At Lagertha kjende ein sterk grad av lojalitet og plikt i høve til vennene er det mange døme på i dagboka. Etter at søstera Gudrun hadde vitja to av venninnene hennar, skriv ho *jeg bliver dobbelt stolt og glad, når andre også synes om mine venner - uden derfor, at det modsatte tilfælde skulde bevirke det mindste skår i min kjærlighed til dem!* (LB:15). Vennskapa er basert på ein "kontrakt" som ikkje kan seiast opp utan vidare; verkelege vener skal ein halde fast på, uavhengig av andre si meining.

Sommaren 1896 var for Lagertha

saa vidunderlig deilig at den gennem hele mit liv vil komme til at staa i et aldeles uforglemmeligt lys. For første gang kunde endelig Gudrun og jeg faa være sammen en liden tid i Danmark og bo paa Værnehjemmet igjen! - Og saa da den maaned paa Bornholm! at det virkelig skulde gaa i opfyldelse, at jeg skulde komme til Ellen Daugaards hjem og lære hendes søde, stakkels moder at kjende, samt kronen paa værket: træffe sammen med frk. Rosenørn derovre, - det var jo hvad min vildeste fantasi nok havde kunnet brygge sammen, men aldrig turde haabe paa! (LB:199)

Lagertha si danske venninne Ellen Daugaard vert omtala med ulike kjælenamn, t.d. "min lille pjusk", "min lille snerle". Den 11. januar 1897 sit Lagertha og skriv i dagboka igjen. En *"frygtelig sugen og tæren"* hadde kome over henne, og ho kjende *"trang til at gjøre noget, men ved ikke hvad"*. Ho bestemte seg for å skrive ned minner frå Bornholmsommaren då det likevel var denne tankane hennar kretsa ikring. Lagertha skildrar naturen i svært lyriske vendingar, og likeeins vennskapet med Ellen Daugaard.

Kunde der vel tænkes noget deiligere, end om aftenen - ved solnedgang - naar Ellen Daugaard og jeg gik dernede langs den hvide rene strand eller laa paa kanten af klitterne mellem marhalmen og saa solen glide ned i horisonten - og længe efter det farvevækslende spil udover det speilblanke hav, hvor lette taager eller guldkantede skyer gjengav sit billede og helt ude i randen forenedes med himmel og hav til et - - Som sjælens øie med klare tarer ligger havet der og tolkede vore egne følelser og stemninger; usigelig skjønt og rent, vemodsfyldt glider alt i længsel og lykke forbi ens indre blik; sjælen far vinger; den nærmer sig Gud. -

Det var en saadan aften. Ellen og jeg havde kastet vore malerkasser; der var for skjønt til at male! Vi sad begge saa langt som muligt ude i vandet paa en stor sten, tause og i hver sine egne betraktninger -

Varme eller svalende luftstrømninger aandede som kjærtegn henover vandfladen og fyldte os begge med en salig, berusende glæde; det var som vingeslag af engle om vore hoveder - - jeg saa paa Ellen, hun havde taarer i øinene; - hvor vi var lykkelige! der behøvedes ingen spørgsmaal, intet svar; vi gled sammen i nuet - var een Vore sjæle fløi haand i haand op mod Vorherre. -



7 Ei av Lagertha sine teikningar frå sommaren på Bornholm.

Og mange saadanne aftener havde vi, rige paa vekslende stemninger baade i naturen og i os selv og mange deilige tankeudvekslinger, rige paa stof og farver - gjenskin fra havet! dette hav der som et graablankt øie baade tolker sorg og glæde, vemod, længsel og fryd. Der er stor lighed mellem det menneskelige øie og havet - sjælens speil. Hvor skjønt, hvor ubeskrivelig deiligt at se ind i et par klare øine, der udtrykker gode og kjærlige følelser! (LB:202-203).

Intimiteten ein kan lese ut av dette sitatet er karakteristisk for dei reine relasjonane. Denne vakre kvelden var venninnene så nære at det ikkje eingong var naudsynt å granske forholdet; det trongst ingen spørsmål og ingen svar. Sommaren med Ellen på Bornholm vert ein del av deira felles historie. Di fleire slike felles historier, di sterkare vert banda som bind dei saman. Referansar til felles opplevingar, tilvisingar til ting som berre denne eine vil forstå o.l., lukkar bestevenninnene inn i den reine relasjonen sin tosamme tryggleik. Det neste avsnittet er eit enda sterkare døme på nettopp intimitet og felles historie. Ti dagar seinare skriv Lagertha igjen i dagboka, og ho lengtar svært etter Ellen:

Jeg længes, længes efter min lille snerle! vil hun forstaa mig, naar jeg sender hende bogen med de yndige, sommerfriske vers af Andreas Jynge - - jo, hun vil! min henrivende lille blomsteralf! Bogen skal komme som et godnatkys til hende paa min fødselsdag. Vel skal hun ikke sove i sit hyggelige værelse hjemme i Rønne med udsigte udover de vide, aabne marker, der var hvide af margaritter i sommer; - men hvor er vel blomsterne skjønnere og hjertet mere aabent for dem end der, hun er - hos sin og min elskede frk. Rosenørn! saa bogen kommer nok til sin ret, hvor Pjusken saa opholder sig hennè. Gud velsigne min skat! tænk, om vi i foraaret kunde opfriske vore Bornholmerminder herhjemme hos os - jeg kan næsten ikke rumme den tanke; det vilde være for godt (LB:204-205).

Men dei reine relasjonane er oppløyslege i sin natur; dei kan ikkje takast for gitt, men krev ein stadig refleksjon. I jula 1895 tenkjer Lagertha over sine vennskap og ho gler seg over dei gode breva ho har fått:

Aldrig havde jeg dog tænkt mig, at breve kunde være saa - næsten fyldestgjørende stædfortrædere for personer, som jeg har erfaret i denne vinter! aa, det vilde være frygtelig plutselig at maatte undvære dem - - og ligesaa følt ikke selv at kunde skrive. Der findes for mig intet lægemiddel, der er mere virkningsfuldt baade paa legeme og sjæl end andres og min egen pen; - jeg kan jo aldrig paa anden maade kaste mig til en god vens bryst og græde ud - - Men hvad er det saa egentlig for frygtelige sorger, der skal grædes ud? hvis jeg hørte det samme om andre, vilde jeg maaske kalde det "selvmedliden-

hed", sentimentalitet, naragtighed, forkastelig mangel paa beherskelse - i et ord hysteri! skal jeg definere min egen følelse, falder dommen naturligvis betydelig mildere: trangen til ligesaa meget at yde som modtage kjærlighed! det udspringer altid mest af glæde og lys sindstemning. Men en frygtelig egoistisk egenskab er det under alle omstændigheder; thi det er jo i alle tilfælde kun for at tilfredstille sig selv (LB:15-16).

Lagertha held på nokre sider fram med å reflektere over vennskapa sine, og det er tydeleg at idealet hennar er den usjølviske kvinnelege kjærleiken. Denne kjærleiken som ikkje krev noko attende utan det å få lov til å elske. Lagertha forsikrar oss om at ho ikkje forventar, eller krev noko attende frå venene sine:

jeg kan gribes i hele mit indre af den største og mest gennemvarmende taknemlighed og glæde, naar nogen siger at gjengjælde min kjærlighed - naar jeg samtidig har følelsen af oprigtighed - uden derfor nogensinde at ønske, endsige fordre at være nummer en! jalousi tror jeg ikke at kjende, men maaske mistænksomhed - nu forresten meget sjelden; dertil tror jeg mine venner for godt! Der er jo ingen af dem, der har den mindste grund til, eller fordel af, at hykle venskab for mig, ubetydelige, tilbagetrukne og svage skabning! (LB:17).

Det kan nok sjå ut som om Lagertha tok noko hardt i denne proklamasjonen. I forholdet til Maria Wang er det t.d. tydeleg at ho både ønska og kravde å vere nummer ein, og at ho vart brennande sjalu når frk. Wang skifta interessa si over på nokon andre enn henne. Nettopp i denne typen reine relasjonar, med ein slik grad av engasjement, er det naudsynt med ei innforstått oppleving av eit **gjensidig** forhold. Og sjølv om Lagertha påstår at ho ikkje treng å vere nummer ein, vier ho mykje tid til å reflektere over nettopp spørsmålet om kva plass ho har i venninnene sine liv. Ein føresetnad for den reine relasjonen er sjølv sagt at han er ærleg og autentisk. Lagertha går difor venskapa nøye etter i saumane for å finne ut om det er nokon av venninnene som "hyklar" vennskapen med henne. Eit "ekte" vennskap må vere oppriktig og djupfølt. I ein episode frå sommaren på Emilsminde fortel Lagertha om

den for mig dengang saa utaaelige danske skik, som jeg beklagede mig meget over til kusinerne, - hver aften at skulle kysse tanterne til godnat - og endda værre da om søndagerne paa Nygaard hele familien rundt! man lod mig ogsaa efterhaanden ifred. Gad vide, om det ikke var en slags instinktmæssig forudfølelse af mine muværende anskuelser i den retning - - et kys, givet eller modtaget, er for mig en helligdom; derfor skal det kun udspringe af en hjertevarm og inderlig følelse; jeg vilde aldrig gjøre det selv, uden at min sjæl var helt med, og har derfor maaske adskillige gange stødt anderledes tænkende - det være blandt venner eller andre - ved at unslaa mig, naar jeg

havde paa følelsen, at der ingen god eller virkelig betydning laa i det kys, der blev budt mig. - (LB:27).

Alle handlingar i høve til den andre vert slik meiningsberande. Tillit til venene sine ser det ut som om Lagertha til tider har hatt problem med. Ho reflekterer grundig over dette, og om tida etter brotet med frk.Wang skriv ho:

Det varede meget længe, inden jeg gjenvandt en smuk tiltro til mine medmennesker, - en haard skole for det hjerte, der evig og altid higede efter at kunne vise sin kjærlighed og de ømmeste følelser! Jeg troede i adskillige aar efter dette at alle mine gamle veniner - selv Mynsters paa Emilsminde - var falske, og at jeg aldrig nogensinde mere i dette liv helt og fuldt turte slutte mig til nogen! Gud ske tak for senere erfaringer og nye venner - (LB:159).

Å "slutte seg til" tydde for Lagertha å gå inn i eit forhold basert på gjensidigheit, tillit, intimitet og autentisitet. Gjennom desse nære venninnerelasjonane og sjølvrefleksjonen dei førte med seg, kunne Lagertha konstituere seg sjølv som individ.

Anthony Giddens sitt utgangspunkt er å sjå dei reine relasjonane som seinmoderne fenomen. Det synest meir sannsynleg at fenomenet reine relasjonar oppstår i historiske periodar og i situasjonar der tradisjonelle band er i oppløysing og ikkje duger lenger. Reine relasjonar dukkar opp der kulturbygging finn stad.

Dei einslege borgarskapskvinnene stod på mange måtar litt på sida av dei tradisjonelle slektskapsbanda. Det var ikkje lenger bruk for dei i hushalda, og med kjernefamilien som sola, så var dei meir som fjerne månar å rekne. Medan gifte kvinner gjekk gjennom fast institusjonaliserte og ritualfeira fasar i livet, hadde dei ugifte kvinnene ingen slike knaggar å henge liva sine på. Ikkje til å undrast over at dei søkte saman og danna seg nye relasjonar, uavhengig av dei gamle slekts- og heimstadsbanda.

Martha Vicinus har gjort grundige undersøkingar av korleis mange einslege borgarskapskvinner, særleg lærarinnene på dei nye pensjonatskulane og kvinnecollegea, skapte seg nye former for intimitet. Gjennom dei nære og intense homoerotiske vennskapa vart trongen til kjærleik og nærleik oppfylt. Mange av desse forholda gjekk svært langt i si "etterlikning" av heteroseksuell kjærleik, ja mange utveksla til og med ringar og løfte om livslangt truskap (Vicinus 1985:158). Dei nye utdanningsinstitusjonane for kvinner freista å framheve likskaps- trekk med den borgarlege familien, og lærarinnene vart oppmuntra til å sjå på skulen som sin "familie". Det vart difor naturleg å også bygge sine vennskapsforhold etter borgarskapsfamilien som modell. Dei mektigaste kvinnene vart "ektemenn", dei omsorgsfulle "hustruer" og

elevane "barn" (Vicinus 1985:200). Men skulane var sjølv sagt ikkje familiar, og dei homoerotiske vennskapa var ikkje heteroseksuelle ekteskap. Det var ein ny type intime relasjonar som vart skapt. Sjølv om dei reine relasjonane først mot slutten av det 20.hundreåret verkeleg har byrja å gjennomsyre samfunnet, kan denne typen relasjonar ha eksistert lenge i andre grupper enn dei Giddens har fokusert på. Kanskje nettopp dette feltet var eit av dei der dei einslege borgarskapskvinnene gjekk i bresjen for moderniteten?

4. Prosjekt kvineemansipasjon

Forutan gjennom vennskap og kjærleik, var det òg andre arenaer der den vaksne Lagertha stod fram som eit sjølvstendig individ. Ein av desse arenaene ser ut til å ha vore småstykke, historier og debattinnlegg som ho sende inn til aviser og vekeblad. Lagertha var også aktiv i den «selskabelige diskussionsforening» i Horten. Her heldt ho m.a. eit innlegg om **Skjønheden i hjemmet**. Foredraget vart ein suksess og i dagboka noterte ho: "At denne aften indebar mit livs største triumf; det er dog iallefald sikkert"(LB:311). **Den selskabelige diskussionsforening** vart stifta i 1896 med 40 medlemmer. Lagertha var med frå starten og frå 1899-1909 var ho foreininga sin sekretær, samt redaktør og illustratør i foreininga sitt blad **Kvindsjaa** i dei åra det vart gitt ut.

I 25-års historia for foreininga fortel Lagertha om det konstituerande møtet som vart halde i frøknene Berg & Høgh sitt fotografiske atelier i Torvgaten.

Frk.Høgh sier selv, at hun var meget nervøs og følte ansvaret tungt. Det skulde man nu ikke merke av hendes varme, livfulde tale, hvis kjerne altsaa var den; at danne en forening av kvinder, som ikke var ræd for at trodse hævdvundne vedtægter om "dass ewig weibliche" eller mandens alfaderlige visdomsaa bud om, at "kvinden skal tie i forsamlingen". Frk.Høgh mente som saa, at det er usandhet, dette med "kvindens hønsehjerne"! Hun har likesaa godt som manden sin fulde ret til at uttrykke sin selvstændige mening og at handle derefter.

Dette var temmelig nydt og ukjendt for de fleste av de tilstedeværende. Og kanskje var der dem af os, som med bankende hjerte og beklæmthet tænkte litt over saken og dens mulige konsekvenser, - andre derimot som med glæde og begeistring grep idèen og var med (Broch 1921:6).

Å velge å delta i kvinnesaksarbeid var ei drastisk avgjerd for ei danna borgarskapskvinne som Lagertha, og det er heilt tydeleg at det må ha vore med bankande hjarte ho heiv seg med i den nye rørsle. Og sjølv om ho i godt vaksen alder ironiserer over motstandarane sine haldningar

til kvinnesaka, kunne det nok både vere ubehageleg og svært belastande for den 30-årige frk. Broch å verte plassert i gruppa av "emansiperede kvinner".

Det kan jo ikke negtes, at folk i byen saa med mistillid paa os "sorte faar", som hadde grundet dette ganske vist forlokkende, men like sikkert samfundsnedbrytende foretagende. Mindst én sammenkomst i hver maaned - og uden mændenes kontrol - hvad kunde det ikke bli for galskaper og vanvittige paafund av dette!? Og saa det forfærdelige: at samme aar som vor lille forening blev dannet, var allerede stiftet i Kristiania Stemmeretsforeningen - tænk stemmeret for kvinder - med filialer og underavdelinger utover hele vort land! det var ganske naturligt - da man paa emancipationens omraade aldrig har kunnet trække moderate grænser - at mændene ogsaa her i byen var livende rædde for sine stakkars uberørte fruer og døtre - at de i denne hersens forening skulde ta skade paa sin sjæl. For - at diskussionsforeningen i virkeligheden bare var regjert av "gamle, misfornøiede jomfruer" og ugifte kvinder, som gennem livets skuffelser og fejlslagne forhaabninger hadde undfanget disse forrykte stemmerets- og kvindesaksider, var utenfor tvil (Broch 1921:8-9).

Gjennom å delta aktivt i kvinnesaksarbeidet markerte Lagertha tilhøyring til "dei nye kvinnene". Sidan ho i tillegg tilhøyrde dei "gamle gribbenillene" på skulen var ho sårbar for latterleggjering. Hennar kategori av kvinner vart karikert i ei rekkje vitseteikningar og avisinnlegg i samtida.

Den tidlegare omtala forteljinga om Karen og Milly utviklar seg til ei propagandaforteljing for diskussionsforeninga. Heime hos Karen møter vi den gifteferdige søstera Signe og vi følgjer hennar politiske oppvakning (i løpet av ein ettermiddag!!!).

Søster Signe var i et daarligt humør om eftermiddagen. Hun havde tilfældigvis i middagsstunden faaet fat i et nummer af "Nylænde" - begriber ikke, hvordan det var kommet der i huset! (LB:72-73).

Signe reflekterer over "stemmeret for kvinder" og over foreldra sine negative haldningar til dette. Deretter følgjer ein del kjærleiksbekymringar før ho bryt ut:

"..stemmeret - puh!" Hun rev "Nylænde" midt over; - stemmeretten kan være god at tage til, naar en blir gammel kanske - - aa, det er jo sandt! jeg skulde jo opom til fru Blickfelt med mønsteret til aaklædet hendes, jo - (LB:394).

Hos fru Blickfelt hamnar ho midt i ein dameklubb og får høyre ny bysladder, mellom anna:

"Har De hørt den sidste store nyheden i byen, fru Evensen? om den kvindelige selskabelige - diskussionsforening?" hun drog det saa langt som muligt, - "Aa,

høres det ikke frygtelig komisk ud! kvindelig og diskussion! jeg maatte virkelig le, da mand min fortalte det igaar. Han havde hørt det i banken."

"A-ja", indvendtes der, men den foreningen ramler nok snart overende igjen, kan De tro! Det er jo bare de gamle gribbenillerne paa skolen og saadanne nogen, som har faaet istand den" (LB:377-378).

Så følgjer ein lengre diskusjon om den nye foreninga og nymotens idear generelt. Forteljinga kulminerer med at Signe forlet damene:

Signe var rasende. "Nei jeg orker ikke dette her mere," tænkte hun; "Tænk at gaa her til evige tider i alt det somlet og høre paa den sladren og aldrig faa en eneste ordentlig tanke i hodet! Nei, noget maa jeg gjøre; - ja, sandelig imorgen den dag - blaaser af mama og allesammen - melder jeg mig ind i diskussionsforeningen (LB:380).

Spørsmålet om "kvindens stilling" var nok svært så betent i Horten i desse åra. Den Selskabelige diskussionsforeningen vart altså stifta i 1896, og som ein kuriositet kan det nemnast ei historie frå året etter. Ein komite vedtok å starte foreninga Horten Gamlehjem, med det formål få oppretta og drive ein heim for gamle og arbeidsudyktige kvinner og menn. Med i komiteen var seks menn og to kvinner. Då ein kjent Hortensborgar av styret vart oppmoda om å vere med i foreninga, sendte han brevet tilbake med denne påskrifta: "Da jeg ser at det skal være kvinner med i styret av Horten Gamlehjem, vil jeg på ingen måte være med å støtte saken. Kvinner vil naturligvis bare forvrøve den ellers nyttige sak" (Baggethun 1960:499).

Kvinnesaksarbeidet og dei nye kvinneorganisasjonane kunne tilby både fellesskap, vørndnad og eit høve til identitetsskaping. I tillegg gav dei eit høve til **handling**. Overgangskvinnene var ikkje lenger fastlåste i dei tilskrivne rollene sine, men kunne sjølve arbeide for endring; endring i samfunnet og i sine eigne liv. Ved å gå så sterkt ut til forsvar for kvinneemansipasjonen la Lagertha ned nok ein murstein i identitetsbyggverket sitt.

Forteljinga om Karen og Milly kan kanskje òg illustrere det splitta forholdet Lagertha hadde til "det moderne". Samstundes som forteljinga munnar ut i ein propagandatale for Hortens Kvindelige Diskussionsforening, og dermed for kvinnesaka, så er forteljaren skeptisk til opnare omgangsformer mellom kvinner og menn (Jfr. s.52).

Identitetsbygging gjennom kontrastar

1. Normalitet versus Anormalitet

Lagertha reflekterer over sommaren på Emilsminde og ho gir uttrykk for at ho er overraska over at ho som barn kunne finne glede i desse lange ettermiddagane i kyrkja:

..havde det været nu, kan jeg saa udmerket godt tænke mig ind i en lignende situation, jeg mener af stilhed og fred, men dengang, - børn kan nok være tilfreds ved saadan en enkelt gang eller to; men stadighed pleier ikke at høre til deres mest fremherskende egenskaber - og langtfra hos mig! (LB:37).

Samstundes som ho som her gir uttrykk for at ho var eit "normalt" barn, vilter og ustadig, kjem det òg signal om at ho oppfatta seg sjølv som "annleis":

Heller ikke i den retning maa jeg have lignet de fleste andre børn; det glædede mig ikke det mindste, naar der blev foreslaaet en kjøretur, skovudflugt eller lignende; der var aller deiligst hjemme i de daglige forhold syntes jeg;...(LB:39).

Om ei vitjing på herregarden Bødstrup skriv Lagertha:

Man vilde gjerne faa mig til at sige noget som sædvanlig; men jeg følte ingen fristelse til at ge() med mit sprog og blev der - som ved saa uendelig mange andre anledninger i mit liv - anset for at være «en rigtig tørvetriller¹³» - (LB:41-42).

Lagertha meiner altså at ho vart oppfatta som ein keisam person både som barn og seinare i livet. Ein kan her spørje seg om kva rolle avstanden i tid spelar? Var Lagertha spesiell som barn, eller tolkar ho det slik i lys av det seinare faktum at ho vart "unormal"? Gjennom å definere seg sjølv som "annleis" tek ein på seg ei bør, men ein definerer seg samstundes som noko unikt. På ein deprimert februar dag i 1898 skriv Lagertha om korleis det alltid kjem noko i vegen når ho føler seg roleg og glad til sinns. Eit av problema er at ho aldri finn ein einaste

der for alvor vil dele lidt af ens interesser - jeg vilde ønske at jeg brød mig om alt det, de andre liker saa godt; da kanske det bedre kunde gaa. Men jeg orker det ikke - nei, det gjør jeg ikke!! (LB:367).

Det er sjølvsagt eit tap at ho ikkje kan dele dei andre sine interesser, men det gjer henne også til nettopp det særskilde individet som er Lagertha Broch.

2. Dei "Andre"

Gjennom å kontrastere seg med andre, gjennom å seie kven ein **ikkje** er, byggjer ein seg sjølv. Den borgarlege danningskulturen er bygd opp etter:

motsatsens princip såtillvida att man sätter upp konträra eller gradskilda teser och sedan utkämpar striden om vilken eller vilka definitioner som skall vara giltiga. Utgången av kampen resulterar i att en hierarkisk relation mellan det godtagbara och oacceptabla, det kunniga och det okunniga upprättas.

Vanan att inta en ståndpunkt, utamana andra ståndpunkter ingår som ett byggande element i individens väg till självkänedom. Man tränar sig till en kontrastiv identitet. "Jag vet vem jag är genom att se vad jag inte är" (Frykman 1992:252).

For Lagertha ser det særleg ut til å ha vore tre felt det var viktig å markere avstand imot. For det første var ho svært kjenslevar i høve til **klasse**. Det er både økonomi, som i tilfellet med den uheldige venninna Johanna, men kanskje vel så mykje skilnader i kulturell kapital, ho legg vekt på. Anton Broch hadde gjennom sin suksess fjerna seg frå bakgrunnen sin og Lagertha skriv at dei hadde lite kontakt med farslekta. Like etter konfirmasjonen vart ho likevel sendt på vitjing til faren si søster og dette besøket førte med seg nye refleksjonar.

Hos tante Marie havde de det meget stille, hun var enke og levede i smaa kaar. Hendes sønner havde ikke stort at hjælpe hende med; og saa blev det kun efter, hvad Hanna fortjente med sin kjolesøm, og hva brødrene - far og onkel Henrik - sendte hende. Jeg gjorde mange sammenligninger mellem dette og mit eget hjem og var ikke glad over, at mit tøj var af saa meget bedre beskaffenhed og yngre datum end Hannas. Deres bekendtskabskreds var helt anderledes end den, jeg hjemme var vant til at komme i; dette baade gjorde mig ondt og - interesserede mig. - En hel del mere eller mindre gode og meget spændene romaner slugte jeg medens Hanna var optaget med sin søm; de gjorde strekt intryk paa min let bevægelige fantasi og sikkert skaffede mig en god del nykker, kan jeg forstaa nu. Vi var ikke vant til hjemme ucontrolleret at læse alt muligt og havde heller ingen anledning dertil. Men jeg kan godt huske, at jeg dengang fik en slags tanke om netop at burde læse alt muligt; at jeg aldrig vilde kunne blive et selvstændigt og erfarent menneske hvis jeg skulde nægtes at gjøre mig bekendt med - om disse kom mig ihænde - de allerværste bøger; Gud ske lov fik jeg dog ikke fat i saa mange af dem og havde sikkert heller ikke forstaaet indholdet. Men de som jeg læste dengang, lagde en spire i mig, der udviklede sig som en opposition mod hjemmet - jeg

mener med hvad der var passende eller ikke for os unge i forholdet overfor de ældre og erfarne. Et brev hjemmefra bidrog ogsaa meget dertil. Jeg havde nemlig skrevet og fortalt med min sædvanlige begeistring om et besøg hos nogle af Hannas venner, hvis familie far ikke syntes vidre om; dette blev løseligt berørt i mors brev og bragte mig i stort oprør. Jeg mente, at alle mennesker kunde være lige gode, og at jeg naar jeg personlig likte dem, var det min egen, private sag, - og at jeg umulig kunde "tage skade paa min sjæl", om disse mennesker ikke just stod paa samme samfundstrin som jeg - osv. (LB:77-78).

Etter besøket reflekterer Lagertha både over skilnaden i økonomi og i dannelsnivå frå sin eigen heim. Både pengar og danning var naudsynt for å vere passande selskap for den nyrike kjøpmann Broch sine barn. Anton Broch var sårbar både økonomisk og kulturelt. Ein kan difor tenke seg at det var særleg viktig for han å demonstrere sin økonomiske og kulturelle kapital, og å markere grenser mot "dei andre".

Lagertha er lei for at tanta og kusina sit i små kår, men ho er også (i ettertid) sjokkert over det låge dannelsnivået i heimen deira. Samstundes som ho framfører sine ungdommelege utsegner om at "alle mennesker kunne være like gode" og at "en burde lese alt mulig" er det tydeleg at dette ikkje lenger er standpunkt ho deler utan atterhald. Ho markerer i høg grad avstand til folk som les "dårlege" romanar og ho forsvarer foreldra si uro over hennar omgang med folk på eit anna samfunnssteg. Dette avsnittet kan også sjåast på som ei forhandling om politisk standpunkt. Lagertha er tydeleg stolt av sine meir liberale haldningar frå ungdommen, men ho er uklår på kva line ho vil leggje seg på som vaksen.

Den andre gruppa Lagertha markerer avstand til er dei med **låg moral**. Dette gjeld Johanna, "kunstnerne på loftet" og jentene som "går med kadetterne". I ei historie frå tida på Emilsminde får vi høyre om ei mor som ikkje berre skil seg, men som finn seg ein ny elsker og lar ungane gå for lut og kaldt vatn. Det er altså tradisjonelle borgarlege moralnormer ho legg mest vekt på. Personar med tvilsam seksualmoral og manglande evne eller vilje til å gjere si plikt, er dei Lagertha finn det naudsynt å markere grenser mot.

Når det gjeld moral er Lagertha likevel noko ambivalent. Ho presiserer at ho ikkje vil dømme Johanna fordi ho kanskje sjølv kunne ha gjort det same under liknande vilkår: *det tilkommer ikke os at fordømme en anden stakkels skabning - iallefald ikke før vi er vis paa selv at kunne undgaa en saadan fristelse og under lignende forhold* (LB:87). Lagertha var sjølv smerteleg klar over korleis ho hadde vore i "besiddelse af maaske altfor liden karakterstyrke" (LB:131) den skjebnesvangre kvelden med Maria Wang. Dagboka vert slik også eit forum for

forhandling kring moral. Lagertha sjølv kom frå ein streng borgarleg heim, men hennar erfaringar ute i "livet" hadde fått henne til å undre seg over om desse moralnormene var for strenge.

Den gruppa som kanskje i aller størst grad framstår som **andre** i dagboka, er **menn**. At ho beint fram kjenner seg uvel av å vere i same rom som dei, ja jamvel sine egne brør, er eit sterkt vitnemål om ei kvinne som treivst best i den separate kvinnesfæra. Lagertha hørde heime mellom blommar og broderi; den maskuline verda var for henne rå og framand.

Lagertha sin ekstreme sjenanse i høve til menn, er også eit døme på dette. Menn var henne fullstendig framande, og ho som så glimrande skriv ned tankane og kjenslene sine i dagboka, var ute av stand til å kommunisere med det motsette kjønn. At dette faktum var allment kjend i vennekrisen og at Lagertha også hadde ein stor grad av sjølvironi på dette feltet vert illustrert i det følgjande avsnittet, frå ungdomstida med Kaja:

Naar Kaja forlod os, og herrerne skulde conversere mig alene, forandrede scenen sig til gavns, begge parter var lige vanskelig stillede; vi fjerned os begge tilbørlig langt fra hverandre og havde - intet at sige. Ved en saadan leilighed ytrede Sandberg engang efter en lang pause: "Vakkert veir idag, frk. Broch; - saa deiligt som poteterne staar," hvorfor Kaja ogsaa blev høilig overrasket, da hun fandt os meget muntre ved sin tilbagekomst. Det var nemlig hendes stadige ærgrelse, at jeg "aldrig vilde sige noget" paa egen haand, medens jeg i virkeligheden "kunde snakke ligesaa godt som alle de andre" mente hun (LB:96).

I eit avisinnlegg som ho kallar **Da Capo "Bare et spøragsmaal"** spør ho: *Skulde det ikke snart være paa tide at søge at faa trukket lidt af raaheden ud af vaare smaagutter?* (LB:57).

Paa mit spøragsmaal til en lærer, om det da var absolut nødvendigt for gutter med slagsmaal - og de større elevs kujoneren av de mindre, - blev der svaret at "gutter maa lære sig at taale lidt af hvert" (...) og at det er en gamel "skik" at de nye skal "dynkes" "døbes", eller hvad det nu kaldes altsammen - Gammel skik! der er da saa mange forandringer og forbedringer paa alle mulige omraader, at der snart ikke i denne verden findes det mindste gran, der med rette har hævd paa at skulde kalles "gammelt" - det skulde da kanske netop være dette med gutternes tøilesløshed i deres fritid (LB:58)
I det hele taget tror jeg, at vor nation kunde trænge til at indprentes helt fra den spæde barnealder af, hvad høimodighed og brodersind vil sige, - og hvilke dybe og skadelige følger raahed og brutalitet drager efter sig. Husk, at

i børneopdragelsen ligger den største og betydeligste betingelse for et helt folks lykke og velvære! (LB:59).

For Lagertha er det moderne og siviliserte samfunn eit samfunn der kvinnelege verdiar har fått gjennomslag. Det er nok heller "søstersind" enn "brodersind" ho vil innprente i smågutane. Med tilsvarande intensitet som Lagertha avskyr det maskuline, så elsker ho alt det "*fine bløde, kvindelige*", og ho meiner at kvinner har eit langt meir utvikla og verdifullt sjelsliv enn menn.

På mange måtar passar Lagertha perfekt inn i det stereotype biletet av den einslege borgarskapskvinna: lærarinne - ei gamal gribbenille, og kvinnesakskvinne. På den andre sida var ho eit overfølsamt persilleblad, van med at verda tok på henne med silkehanskar. Ho er så jomfrueleg og gamaldags at ho ikkje ein gong evna normal sosial kontakt med menn. Lagertha hadde få kontaktpunkt med menn og det er endå færre ho ikkje har udelt negative erfaringar med. Ein kan undre seg på om det kanskje var ein fordel å leve så isolert innanfor patriarkatet? Kanskje det gav Lagertha større fridom til å forme sitt eige liv?

I det lange avsnittet der Lagertha reflekterer over sitt forhold til menn (sitert s.53-54) er det tydeleg at ho forhandlar med seg sjølv. Nettopp gjennom å definere seg utanfor det normale, som nokø annleis, og i verste fall abnormt, på det kjønnslege området konstituerer Lagertha seg som individ. Dette var noko som var særige for henne, noko som skil henne frå dei andre Hortensjentene - dei som spaserte med kadettane og som berre venta på å verte gift. Dette var ikkje det livet Lagertha ønska seg eller passa inn i, og ho måtte difor skape seg ein identitet som "annleis". Ho kunne ikkje endre det samfunnsmessige mønsteret, men ho kunne endre sine eigne haldningar til dette mønsteret.

Det fråverande

Som nemnt i det første kapitlet kan også det som **ikkje** vert drøfta i ein sjølvbiografi seia mykje om verdiar og vurderingar hos forfattaren. I Lagertha sitt intensive arbeid med å bygge sjølvvet kan det difor vere interessant å sjå på nokre av dei faktorane ho ikkje har vidd plass.

Huslege plikter og syslar er ein av dei tinga som i uhyre liten grad er nemnt. Sjølv om Lagertha voks opp i ein heim der mesteparten av husarbeidet truleg vart gjort av tenarar, kan det synast påfallande at ho i så liten grad nemner slike aktivitetar. Einast i samband med sommaren på Emilsminde, der ho deltok saman med søstrene Mynster i gardshushaldningsarbeidet, fortel

Lagertha om konkrete arbeidsoppgåver. Dei nemnte aktivitetane er særleg knytte til det at dei budde på ein gard, og arbeidet var difor antakeleg noko eksotisk for Lagertha. Her er også den einaste plassen ho nemner handarbeid. Caroline Mynster dreiv nemleg med eit særskilt vakkert frihandsbroderi, og Lagertha fortel at ho verken før eller seinare har sett noko tilsvarende. Frå tida i Kristiania fortel Lagertha at ho tok på seg "å styre hus" i frk. Wang sitt husvære, og ein kan kanskje rekne med at dette var såpass uvanleg for henne at ho finn det verd å nemne.

Eva Lis Bjurman har gjort ei svært interessant studie på Sophie, ei ung borgarskapskvinne frå København. Sophie skreiv ned sine ungdomserindringar frå 1790-åra i ein alder av 33 år. Bjurman fokuserer på det nye (moderne) i at kvinner på denne tida framstod som eigne individ. Ei forklaring på denne endringa finn ho i det nye synet på kjærleik:

Med den nya synen på kärleken som grund för äktenskapet blev det viktigt, att flickorna framträdde som egna personligheter, bildade och behagliga, för att passa den moderna mannen (Bjurman 1994:12).

Bjurman reflekterer over korleis kropp og seksualitet kan vere så godt som fråverande i Sophie sine erindringar. Lagertha skriv også sær lite om desse emna. Ein kan spørje seg korleis kropp kan vere så perifert, når sjukdom stod så sentralt? Kroppen vert nemnd einast i samband med sjukdom og i den dramatiske kveldsscena med Maria Wang. Samstundes må Lagertha til ei viss grad ha vore oppteken av kroppen. I samband med sjukdomane må ho ha vorte tvinga til å ha eit nært forhold til sin eigen fysikk.

Når det gjeld interesse for utsjånader skil likevel Lagertha og Bjurman si Sophie lag. Dei einaste personane Lagertha skildrar er dei til Marie Mynster, Maria Wang, og Ellen Daugaard. Alle desse tre var ho svært betatt av og utsjånadene vert nemnd som ein av årsakene til at ho var inntatt i både Maria og Marie. Den fjerde personen som har fått sitt ytre skildra er beilaren til Maria Wang. Han vert sjølv sagt omtala i negative ordelag. Sophie var i langt større grad oppteken av sitt eige og andre kvinner sitt ytre. Sophie som sjølv ikkje var spesielt vakker "*höll noga reda på stadens skönheter i hennes egen klass med en blandning av beundran och avund*" (Bjurman 1994:21). Bjurman meiner at eit vakkert ytre hadde ein eigenverdi i tekstane frå den tida og at det vart referert til som ein karaktereigenskap. "*Att vara skön, var det också att vara god?*", spør Bjurman (Bjurman 1994:21, note 23). Agnes Hansen skriv i 1876 om sine tre syngjande kusiner Johanne, Louise og Helene, og det er tydeleg at utsjånader framleis hadde ein eigenverdi: "*Disse var de ældste og da de tillige var vakre og yndige, blev de snart revet ud af Kredsen og gifte*" (Hansen 1904:12).

Den næste, som blev gift, var tante Amalia; hun var vakker og paa et Bal i Altongaarden gjorde hun under en besvimelse et saadant Indtryk paa Onkel Gerhard,

at han, den rike Kjøbmand Mowinckels Søn, snart efter indfant sig i Kroken hos skomaker Schram som frier og blev vel modtaget (Hansen 1904:14).

Ein vakker utsjånad og sart ynde var naudsynte eigenskapar for å vere attraktive på den borgarlege ekteskapsmarknaden. Ja, det var til og med så attraktive eigenskapar at dei kunne overstige klassebarrierene. Dei einaste haldepunkta Lagertha gir oss i høve til sin eigen utsjånad, er at ho i samband med jobbsøkinga i Kristiania vart avskriven fordi ho såg for sjukeleg ut, og at Maria Wang meinte at ho kledde seg i for enkle og tarvelege kjolar. Sidan Lagertha elles i så stor grad reflekterer over seg sjølv, er det lite truleg at ho sjølv opplevde utsjånaden sin som noko vesentleg for hennar identitet, anten ho no var "stygg" eller "vakker". Dette meiner eg igjen taler for at ho allereie ganske tidleg må ha meldt seg ut av ekteskapsmarknaden og gått inn for ei "karriere" som einsleg kvinne.

Lagertha ser ut til å ha vore svært medviten om at det er utviklinga av hennar eigen personlegdom som skal granskast gjennom dagboka. Det er difor berre emne som ho finn vesentlege for denne prosessen ho vel å ta med. Husarbeid og utsjånad var etter alt å dømme **ikkje** med å forme sjølvidentiteten til Lagertha. At heller ikkje utdanning vert synderleg reflektert over, kan synast meir underleg. Sidan Lagertha i periodar var svært oppteken av nettopp å få sine talent utvikla og utdanna, er det overraskande at søstrene Gudrun og Nanna sine middelskuleeksamenar ikkje vert nemnd. Lagertha nemner såvidt at Gudrun kom til Kristiania for å studere til artium, men det vert elles ikkje reflektert over i det heile. Truleg må dei andre hendingane, t.d. kjærleikshistoria med frk. Wang og vitjinga hos Ellen Daugaard ha overskugga desse hendingane og det seier vel også noko om at sidan det ikkje var **ho** som tok artium, tydde det lite for **hennar** utvikling.

Elles er det også oppsiktsvekkjande lite vi får høyre om familien. Faren er kanskje den som står klårast fram i dagboka, medan mora nesten ikkje er nemnd. Den eitt år yngre søstera Gudrun er fleire plassar referert til. Ho og Lagertha reiser til dømes til Danmark saman. Trass i dette gjev ikkje Lagertha oss noko bilete av henne og ho reflekterer heller ikkje over forholdet deira. Den yngste broren Hjalmar er den som får mest plass; han vert framstilt i nokre muntre og sjarmerande barndomsskildringar. Dei andre søskena er imidlertid så godt som utelatne. Alvorleg sjukdom, forlovingar o.l. vert enten heilt oversett eller dei vert nemnd i bisetningar. Dette meiner eg igjen må sjåast som eit uttrykk for den voldsomme individfokuseringa i den moderne sjølvbiografien, og som eit døme på korleis dei familiære relasjonane vert skubba i bakgrunnen som identitetsskapande relasjonar. Det er først og fremst dei reine relasjonane som hjelper Lagertha å utvikle ein sjølvidentitet. Men sjølv om det i liten grad kjem til uttrykk i dagboka, må ho sjølvsagt ha hatt store delar av identiteten sin knytt til det å tilhøyre Broch-familien. Ja, kanskje er det nettopp fordi familien stod så **sentralt** at ho ikkje finn det naudsynt

å nemne dei i dagboka. Uansett ser det ut til at identiteten knytt til familie ikkje var ein identitet ho trong å **forhandle** fram, og ho hadde difor ikkje trong for å gå inn på desse forholda i dagboka.

At kjende sig selv - oppsummering

For Camilla Collett sin generasjon av borgarskapskvinner var den høgste dyd å gjere seg så usynleg at ein ikkje vart lagt merke til.

...idealet af en sådan borgerinde i staten faststilledes i den størst mulige evne til ikke at gjøre sig bemærket. Et vægtig ord, udtalt af en af mine grandtanter, gik ned gennem slegten som en slags familiedevise: den kvinde, man taler mindst om, er altid den bedste. (Collett :Verker 3, 277)

Slike haldningar var mot slutten av hundreåret i endring. No var det viktig også for kvinnene å utvikle eit sjølvstendig **eg**. På mange måtar framstiller Lagertha seg som ei av desse kvinnene "man taler mindst om". Ho framhevar igjen og igjen kor sjenert og tilbakehalden ho var som ung, og kor uskuldig og sart ho er. Karakteristikkar om seg sjølv som "*jeg uvidende og lidet belæste skabning*" og "*mig, ubetydelige, tilbagetrukne og svage skabning*" bidreg til å skape eit slikt bilete. Men samstundes som ho framstiller seg sjølv som svakeleg og sjenert, sosialt klønete, stille og tilbaketrekt, skreiv ho avisinnlegg om brennbare spørsmål. Ho reiste til Kristiania til frk. Wang trass i at faren ikkje var så begeistra for dette, og Lagertha heldt fram med å bu saman med Maria sjølv om ho "*følte at frk. Wang slet ikke passede for mig*". Ho var likeeins aktiv i diskusjonsforeininga endå borgarskapet i Horten såg med bekymring på denne aktiviteten.

Ho framstiller seg sjølv som eit lydig barn, men ho gjev òg ei rekkje døme på opposisjon, og på korleis ho har uttrykt egne ønskje. Til dømes i denne episoden frå Danmark då foreldra var nede for å sjå til henne, klarte ho svært tydeleg å få uttrykt si eiga meining, og ho fekk òg til slutt viljen sin igjennom:

Ho var fryktelig ulykkelig ved tanken om at skulle være tilbage, naar de igjen reiste. Mor og far var naturligvis umaadelig glade over mit () udseende og gjorde alt muligt for at more og glæde mig (LB:71). Jeg var med ved alle leiligheder; - men atter og atter tiggede jeg om at maatte faa være med hjem; og det kuliminerede en dag i Kjøbenhavn da jeg gav mig til at hyle høit midt paa Kongens Nytorv, saa far foreslog, at vi gik ind paa hotel d'Angleterre for

at spise frokost og stille mine taarer. Sammen med nydelsen af en østers- eller muslingpostei fik jeg da endelig mit inderlige ønske opfyldt at skulle være med hjem. Vi gik samme dag til lægerne (LB:71-72)

Lagertha nyttar dagboka som eit sjølvrefleksivt prosjekt i Giddensk forstand. Ho ønskjer å oppdra seg sjølv, og ho granskar nederlaga og dei svake sidene sine med ein eksemplarisk grundigheit. Å finne seg sjølv er å skape seg sjølv, og arenaen for denne skapingsprosessen er dagboka og sjølvbiografien. Sagt med andre ord, så kan dagboka betraktast som eit forum for forhandling. Her går Lagertha Broch gjennom viktige hendingar i livet sitt og ho forhandlar med seg sjølv om kven ho er og kva retning livet hennar no skal ta.

I dette kapitlet har eg i stor grad fokusert på det frigjerande og positive i å kunne skrive livet sitt i eit sjølvbiografisk prosjekt. Sjølv om det òg hadde store kostnader, ser det for meg ut som om Lagertha hadde mykje å vinne på å gå gjennom denne prosessen. Michel Foucault er mellom dei som ser langt meir pessimistisk på denne type prosessar. Han ser på biografien som ein **intimitetsprofitør**. Han framhevar korleis det sosiale maskineriet - **makta** - gjennom den biografiske forteljinga får kontroll over individet. I **Seksualitetens historie** syner Foucault korleis det medvitne sjølvvet med kjensler, von og attrå er produsert av samfunnet. Foucault dekonstruerer lovnaden om "frigjering" gjennom sjølvavsløring (Cohen & Taylor 1992:20). Han syner korleis **skriftemålet**, kravet om at ein må gå i djupet av seg sjølv for å finne **Sanninga**, har vorte indoktrinert i oss:

The obligation to confess is now relayed through so many different points, is so deeply ingrained in us, that we no longer perceive it as the effect of a power that constrains us; on the contrary, it seems to us that truth, lodged in our most secret nature, "demands" only to surface; that if it fails to do so, this is because a constraint holds it in place, the violence of a power weighs it down, and it can finally be articulated only at the price of a kind of liberation. Confession frees, but power reduces one to silence (...) (Foucault 1990:60).

Gransking av sjølvvet (i dagbøker, terapi o.l.) dreier seg etter mi oppfatning ikkje berre om sosial kontroll og undertrykking. Samstundes er det opplagt at Foucault har sett fingeren på eit grunnleggjande problem i vårt samfunn. I meir modererte former kan ein slik seie at

therapeutic power is not repressive (that is, society against the individual), but is directed towards creating forms of subjectivity that "fit" a particular discourse of governance and citizenship. there is a collage of diverse projects, programmes and agencies, all busily encouraging the production of appropriate emotions, desires and selves. The personal is not opposed to the political - but constructed by the political (Cohen & Taylor 1992:21).

Kanskje Lagertha vart driven av ei samfunnsmessig indoktrinert trong til å skrive når ho sette seg ned for å skrive? Kanskje nettopp dei einslege borgarskapskvinnene var ekstra gode til internalisering av makta - ja, kanskje dei slik vart ambassadørar for moderniteten nettopp fordi dei var så disiplinert inn i han? Desse spørsmåla vil eg imidlertid ikkje forfølge i denne oppgåva. Denne svært overflatiske presentasjonen av nokre av Foucault sine tankar i høve til sjølvbiografi, er nærast meint som ei påminning til meg sjølv. Ei påminning om at den sjølvbiografiske prosessen ikkje berre er personleg, men også i høgste grad står i ein samfunnsmessig og kulturell kontekst. Det er også i samfunnet si interesse at individet granskar seg sjølv. Gjennom ei grundig sjelegransking kan individet oppdage eventuelle avvik hos seg sjølv og så vonleg freiste å justere seg i retning av den ønskelege normalen.

På mange måtar levde Lagertha livet til ei av dei nye moderne kvinnene. Samstundes var ho sterkt prega av konservative borgarlege verdiar og eit kvinnesyn rotfesta i dei separate sfærene sin ideologi. Identitetsutviklingsprosessen hennar er sterkt prega av dette dilemmaet: å leve i skjeringspunktet mellom motstridande kvinneroller. Korleis skulle ho handtere desse motstridande verdiane og forventningane? Ein av strategiane hennar ser ut til å ha vore **flukt** bort frå alle desse vala og dilemma, og i neste kapittel vil eg sjå nærare på nokre av dei flukt- og handteringsmåtane som var tilgjengelege.

KAP.4

...MALURT OG RO...

- flukt, motstand og strategiar for meistring.

A far-stretching journey awaits him, to return no more (Walth Withman).

Every morning when we wake we confront a familiar world. Considering the day ahead we mark off that which might be pleasurable from that which will produce anxiety, irritation, boredom or depression. Every day's living constitutes a series of projects in which we either accept the arrangements that await us, or attempt to manipulate them, so that they will be more amenable, more compatible with the view that we hold of ourselves (Cohen & Taylor 1992:31)

Å handtere oppløysing

Korleis kan mennesket handtere kaoset og splittingane moderniteten fører med seg? Thomas Ziehe har systematisert nokre av dei reaksjonsmønstra han meiner pregar det seinmoderne mennesket. Gjennom **konvensjonalitet** søker ein å halde fast på fortida gjennom å avvise det nye. Ein tenkjer på kor bra alt hadde vore, hadde det ikkje vore for kvinnefrigjeringa eller det moralske forfallet i verda. Den motsette reaksjonen blir då å hive seg med i **kulturelle eksperiment** som dei nye søkjande rørslene.

Innanfor begge desse meistringsstrategiane kan vi igjen, i varierende grad, finne tre andre mønster. Gjennom **subjektivering** søker ein tryggleik i dei minste sosiale relasjonane og i seg sjølv. For å sleppe vekk frå kulda i det moderne samfunnet søker ein nærleik. Kjenslene skal erstatte dei gamle sanningane.

Ved å søkje sanning håpar ein å sleppe unna meiningsløyse. Dette kan kallast **ontologisering**. Gjennom t.d. å dyrke ein religion, freistar ein å skape faste rammer for livet. På eit vis er dette ein langt mot førmodernitet, samstundes som det er eit produkt av seinmoderniteten sin valfridom. Ontologisering er eit resultat av at ein har problematisert seinmoderniteten.

Gjennom **potensiering** vel ein medvite å gjere noko viktig. Ein verdsett nettopp relativiteten i seinmoderniteten. Gjennom denne orienteringsmåten strevar ein etter intensitet som eit vern mot tomleik (Berg 1992:202-203, Fornäs:9-10 og Ziehe 1993:155-158).

Denne typen taklingsmekanismer meiner eg at ein også finn døme på i perioden eg arbeider innanfor. Lagertha stod i brennpunktet mellom fleire av desse strategiane. På mange måtar var ho prega av konvensjonalitet samstundes som ho var med i dei nye kulturelle eksperimenta (t.d. kvinnerørsla). Dei reine relasjonane som vart omtala i førre kapittel kan slik sjåast på som subjektivering, eit forsøk på å skape tryggleik gjennom intimitet. Potensiering kan ein og finne døme på. Lagertha sin kunstnartraum vert då draumen om ei livsoppgåve, noko som ho kunne vie livet sitt til. Men slike strategiar var ikkje alltid nok. Dei reine relasjonane er i sin karakter oppløyslege, kunstnarkarriera lot vente på seg, og presset mot Lagertha vart av og til så stort at ho måtte ta i bruk andre metodar for å handtere moderniteten sin skakande fridom.

Denne fridomen var sjølvstekt ikkje berre noko Lagertha freista å rømme unna. I periodar var det nettopp den skakande fridomen Lagertha oppsøkte. Ho freista aktivt å sleppa frå det konvensjonelle livet som moderniteten skaper, men som han også produserer fluktvegar frå.

Blomar og småfuglar. Trøyst som strategi.

Carol Smith-Rosenberg skriv om korleis amerikanske kvinner takla overgangen frå skjerma heimemiljø til framande og krevjande omgjevnader på dei nye kvinnecollegea. Smith-Rosenberg introduserer omgrepet **comforting practices** for å skildre korleis skuleleiarane freista å løyse dette problemet.

Comforting practices, borrowed from the earlier female academies, eased life in the womens colleges as administrators instituted a host of supportive rituals (...). In a strange, at times, frightening environment, rituals that drew on traditional female expressions of affections eased the way for the New Woman Pioneers (Smith-Rosenberg 1985:249).

Moderniseringa førte til velstand og framgang for det nye borgarskapet, men etter kvart vart også skuggesidene av industrialiseringa openberre. Ei rekkje omgrep vart utvikla som kontrastprogram og motbilete til industrisamfunnet. **Heimbygd** var eit av desse omgrepa. Borgarklassen på 1800-talet var i stadig rørsle. Dei vart rykte opp frå sine heimlassar og stilte overfor nye oppgåver i nye omgjevnader. "Heimbygd" vart for dei noko trygt, noko å lengta

attende til. Heimbygda vart motpolen til det hektiske livet i storbyen. **Naturen** vart eit anna motbilete til det stressa industrisamfunnet. Draumen om eit enklare, naturlegare og friare liv breidde om seg i dei høgre sosiale laga (Frykman & Löfgren 1979:52ff).

Borgarskapet si enorme interesse for heimbygd, blomar, solnedgangar og snille dyr kan kanskje òg tolkast som ein type trøystande praksisar. Kanskje dette også var ritual som freista å oppretthalde stabilitet og normalitet i ei omskiftande verd. Gjennom utvalde delar av naturen fekk ein stadfesta at verda trass alt var ein vakker stad; ro, harmoni og orden var framleis eksisterande. Orvar Löfgren drøftar i artikkelen **Våra vänner i naturen**, dyra og småfuglane sine roller som symbol.

Djurvärlden fungerade i många sammanhang som en utopi. I intresset för fåglarnas fria liv, för de trofasta sällskapsdjuren och skogens vilda djur fanns även drömmar om ett bättre liv och ett bättre samhälle. I takt med att samhällsproblemen hotades och världen tedde sig allt mer komplicerad växte även en längtan till ett enklare, rikare och "naturligare" liv (Löfgren 1984:295).

Lagertha presenterer seg som ein kjenslevar dyrkar av venleik; av blomar, solnedgangar og småfuglar. Ho må ha ordna tallause blomebukettar i sitt liv, og i draumane ho refererer i dagboka er det overflod av angande syrinar og kvite roser. Blomar kunne til og med for ei stakka stund stille lengten i henne:

Er saa glad i aften! har faaet en længsel stillet med de underskjønne ranukler, der staar her paa bordet (LB:205).

Blomane var velkjende symbol for mange av dei kvinnelege eigenskapane Lagertha sette så høgt; det reine, uskuldige, yndige og sarte. I 25-års historia for **Den selskabelige diskussionsforening**, skriv Lagertha om korleis foreininga våren 1898 oppmoda medlemmene i å ta del i ein emblemkonkurranse. Emblemet kunne gjerne vere knytt til "*en eller anden betydningsfuld blomst f.eks*" og ho refererer to av dei innkomne forslaga:

"Naar vi nu vil klæde os i blomsters lignelse, lad os da optræde i en av de smukkeste skikkelser, som alverden elsker, og som skabningens herrer i deres lyse øieblikke selv har givet os hævd paa at antage. Vi vil være blandt de ypperste; vor blomst skal være rosen, en dronning i blomstenes rige, og fra nu av eneste dronning; ti rosen og liljen har jo hittil kappedes om rangen. Men liljen, ak! den saa let "knækkede lilje" kan kun være sindbillede paa fortidskvinden.

Rosen som ikke ustraffet lar sig knække, sømmer sig bedst i fremtidskvindernes fane. Som rosen der kun trives i temperert klima, lar vi os heller ikke byde hvadsomhelst. Ja, og som rosen i alle dens varieteter lar vi os ogsaa cultivere (...)."

Komiteens betænkning var denne:

Med megen sympati for dette forslag, blev det allikevel forkastet, da det mest er henvendt til kvinden personlig og ikke et billede paa foreningen. Likeledes forslag om en del andre blomster.

Antat blev forslag nr.5 med følgende begrundelse: "**Lerfivelen** eier omtrent alle de egenskaper, vi savner hos de øvrige. Den kryper ikke i skjul bak skogens trær (mandfolkene?) som blaaveisen. Den sprer sig utover bakker, gjerder og marker under aapen himmel. Den er en ekte **hjemlig** plante, vokset op av den haarde ufrugtbare bund, - er en haardfør blomst: Stormen jager over den, regnet pisker den; den staar like fast og ren; ti den er **sterk**. Og skjønt rik paa skjønhet overser den ingen; og ingen saarer sig paa den. Men frugten, frøet, det flyver næsten usynlig omkring og daler ned, hvor man mindst skulde vente det. Er den saa ikke det rette symbol for vor forening? Som søstre skal medlemmerne holde sammen som dens kurvkrone; som den skal vor forening vokse frit, trænge gjennom overalt, lyse op i de udyrkede lænder; sikker og fast skal dens fremgang være; og frøet skal med tiden spredes i videre og videre kredse (...)."

Tegningen til den - blomsten i profil og paa stilk - blev gitt av samme foreningsmedlem, og den lille naal utført i sølv hos guldsmed Thune i Kristiania. Sytti øre pr.stykke kostet den" (Broch 1921:15-16).

Det er grunn til å mistenke Lagertha sjølv for å ha forfatta vinnarforlaget. Medan ho-elles i framstillinga er flink til å oppgje namn, er "oppfinnaren" og teiknaren til diskussionsforeninga sitt emblem anonym.

Mange av dikta og barnerima i dagboka til Lagertha handlar om dyr; trufaste hundar, søte kattar, moderlege høner og stygge rotter. Og så eit utal av fuglar. Löfgren framhevar korleis særleg småfuglane sitt liv var lada med symbolikk. Fugleverda vart trekt fram som bilete på det perfekte, harmoniske og moralske samfunn.

På många sätt framstår de som borgerliga dygdemønster Många av dom lever et trofast kärnsfamiljliv och vårdar ömt sina



8 «Det er det herligste tidsfordriv, å agte på dyrenes færden og liv». Ei av Lagertha sine teikningar frå ungdomsåra.

små i det trygga nästet. De symboliserade även liberalismens och individualismens själ, som fria gestalter i det blå. Genom att studera småfågelnas liv, kunde man i sanning bli en bättre människa (Löfgren 1984:284).

Nettopp dannelsesmotivet i naturkjerleiken kjem ofte fram. Sinna (særleg barnesinna) skulle gjennom kjerleiken til naturen verte retta inn mot det "goda, rätta och sköna" (Löfgren 1984:287). Naturen var den guddommelege orden og hadde derfor uendeleg mykje lærdom i seg.

Det er typisk at nettopp måltrosten, den vesle fuglen med det vakre målet, vart nytta som symbol i denne songen. Småfuglar var ynda motiv, men for fuglevenene var det stor skilnad på fuglar; det var hyggelege og mindre hyggelege typar. Til dei velsedde rasane hørde særleg songfuglane. Dei var vakre å sjå på og hadde eit velorganisert familieliv. Hos desse fuglane fann ein "medelklassdygder i övermått: hemkänsla, familjesamanhållning, idog flit och trofasthet" (Löfgren 1984:285-286). I den mot-sette enden av skalaen fann ein spurven. Dette var ein fugl som representerte alle dei uønska kvalitetane:

Dess läten var råa, dess utseende burrikt och smutsgrått, det var en gatfågel med flockmentalitet som sökte sig till hästpillning. Sparvarna tedde sig aggressiva, högröstade och ohämmade, jagde bort snällare fåglar, parade sig oupphörligen og byggde slarviga nästen (Löfgren 1984:286).

Ut frå dette kan det synast underleg at Lagertha held ein varm forsvarstale for nettopp spurvane i dagboka si.

Spurvane er sandelig ikke "pøbefugle"! jeg tror jeg liker dem bedst av alle vore smaafugle. de ligner igrunnen menneskene - enten er de overstadig

Ved
faneindvielsen
paa
Hortens folkeskole
10de mai 1914.

Mel.: Mens nordhavet bruser.

Mens hele naturen i blomsterskrud
og sølskin saa fagert sig klæder,
vor skoles fane vi folder ut
i maidagens lysende glæder;
vi alle danner dens fanevagt
og hilser de rødmende rosenes pragt.

Paa snehvite grund rinder solen op
og straalene skinnende spiller,
hvor granen hæver sin høieste top.
slaar maaltrosten glad sine triller;
med den vi svinger os mot det blaa,
saa skal vel engang vi mælet naa

Og naar vi samles i sluttet flok,
hvergang det læstes vort mærke,
vi iler fremad og seirer nok
ved samhold og flid blir vi stærke;
vor livgrund bygges i skolens hjem,
hvor rosenknoppen skal elskes frø.



9 Denne songen vart truleg forfatta av Lagertha, og han er full av velkjende borgarlege naturmetaforar.

lystige, eller også skjændes de; - pjuskede og lurvede ser de ud, men er det ikke alligevel! ja - jeg er saa glad i dem. - (LB:282).

Kanskje dette avsnittet også kan tolkast som ein del av Lagertha si forhandling om identitet? På den eine sida kjenner ho seg fanga av sjølvdisiplin og eit stillestående borgarkvinneliv. På den andre sida er ho sjølv inkarnasjonen på sedelighet og danning. Erfaringane ho gjorde seg, særleg frå tida med Maria Wang, fekk henne kanskje til å undrast på om livet ville vore annleis, lukkelegare, dersom ho hadde våga å løyse litt på prinsippa. Lagertha var ein songfugl, danna og kontrollert, men det ser òg ut til at ho av og til lengta etter å kunne vere ein laus-sluppen "pøbelfugl". Avsnittet ber også preg av "den-stygge-andungens-yndromet". Liksom spurvane vert haldne for å vere *pjuskete og lurvete*, føler Lagertha at ho vert oppfatta som grå og keisam. Ingen ser ut til å verdsette talenta hennar; ho vert omtrent like mykje påakta som ein gråspurv.

I diktet **Min "Gråirisk"** frå jula 1895 vert fuglemetaforen nytta på ein annan måte. Her er det igjen den vakre songfuglen ho skriv om.

*Jeg eiet en liden fugl i bur, -
en yndig gråbrun sanger!
den kvidret som oftest i moll, thi dur
var aldrig ret dens genre,
.....
Men så kom - som altid - den bidre stund,
jeg måtte min fugl lade flyve!
Ei mere mit øie og hånd eller mund
kunde kjæle min skat, - sang ei nyde
.....
Engang vil jeg håbe at se den igjen,
thi ved jeg, den holder af buret, -
det er min kjærlighed hel og ren
af trofasthed sammenmuret (LB:3-5).*

Dette diktutdraget innbyr til paralleldraging mellom gråirirken og Lagertha sjølv. Begge lengta etter fridom, etter å kome ut, etter å prøve vengene sine. Men verda var også stor og farleg, og sidan buret både var makeleg og trygt var det vanskeleg å lausrive seg. Kanskje dei hadde det best der dei var?

Amerika og andre stader. Reisa som strategi.

Det kanskje mest konkrete symbolet på flukt, er **reisa**. Stanley Cohen og Laurie Taylor har i si bok **Escape Attempts** mellom anna sett på feriereisa som ein type flukt. Denne type reise

...is a setting in which constraints can be relaxed if not rejected, identities slip, if not disappear, a place where lives are rejuvenated if not changed. The holiday is the archetypal free area, the institutionalized setting for temporary excursions away from the domain of paramount reality (Cohen & Shorter 1992:131).

Reiser har ei sentral plassering i Lagertha si dagbok. Reisene til Emilsminde, Bolkesjø, Kristiania, Bornholm og kanskje også Kjøbenhavn, var reiser der Lagertha på ulike måtar møtte seg sjølv i døra og vart tvinga til større sjølvrefleksjon. I sjølvbiografien er det først og fremst opplevingar frå desse ferie og rekonvalesent-opphalda ho går igjennom og granskar. Gjennom reisene fekk ho den avstanden til sitt eige liv som gjorde henne i stand til kritisk å granske seg sjølv og sine daglege omgivnader. I desse friområda fekk draumar næring og nye og grensebrytande tankar vart tenkt. Reiser hadde slik stor tyding i Lagertha sitt medvit, men trass i dette delte ho ikkje draumen som så mange av hennar samtidige bar på, nemleg **Draumen om Amerika**.

1880-åra var ei vanskeleg økonomisk tid i Horten, og mange pakka reisekistene sine og reiste til Amerika. Først og fremst var det sjølvsaugt arbeidarar som reiste. Men også grupper Lagertha tilsynelatande hadde meir til felles med, reiste over Atlanterhavet på jakt etter lukka. Kunstnarar og opposisjonelle, folk som ikkje kunne leve under den låge takhøgda i Noreg var også mellom dei som såg fridomsgudinna helse seg velkomne i New York.

Aasta Hansteen vart den norske kvinnerørsla sin einaste verkelege martyr. Professordottera heldt seg ikkje innanfor rammene for danna borgarkvinneåtferd, men uttala seg høglydt om alt som dreidde seg om kvinna si frigjering frå mannstyranniet. "*Det var ved Aasta Hansteen noe mannhaftig, uvørent og uestetisk, som utesket publikum og vakte latter*" (Agerholt 1937:28). I 1880 orka ho ikkje lenger hån og uforstand og ho reiste til USA der ho oppheldt seg i 9 år. Mathilde Schjøtt var ei anna av pionerane på kvinnesaksområdet. Ho var den første norske kvinne som tok doktorgraden, men ho fekk ikkje arbeid her heime. I 1890 gav ho opp og emigrerte (Aasen 1986:107). USA var kjend for å gje kvinner betre utviklingsmogelegheiter, og i **Nylænde** var det ei rekkje artiklar og reisebrev som prisa landet si langt framskridne rolle i likestillingsarbeidet.

Også for homoseksuelle var USA ein fristad. Walt Whitman sitt land tok imot utstøytte frå alle delar av verda. Forfattaren Alf Martin Jæger sende slik den vakre ungguten Hermod Vara dit "...til det lann hvor folket var friere, ikke saa ingrodde i fordomme" (sitert hos Gatland 1990:20). Clemens Petersen, Bjørnstjerne Bjørnson sin nære venn, vart i 1869 avslørt som homoseksuell. Bjørnstjerne Bjørnson var av dei få som ikkje slo handa av han etter skandalen, men hjelpte han økonomisk så han kom seg over til Amerika (Gatland 1990:49).

Symbolet USA, "land of the free", er svært dobbelt. Samstundes som det var mogelegheitene sitt land; landet der alle, same kva kjønn eller bakgrunn dei hadde, kunne få realisert draumane sine, var det også noko suspekt i det å reise frå alt her heime. Det mest aktverdige i høve til norske ideal var å verte verande ved sin leist. Ein skal som kjent ikkje snu ryggen til problema sine, men møte dei ansikt til ansikt.

Litteraturforskarer Janis P. Stout meiner at amerikansk litteratur tradisjonelt har framstilt flukta som siger, eit symbol på positiv utvikling for individet. Den einsame helten salar sin hest, ristar støvet av føtene og utseier dermed sin knusande dom over det han reiser ifrå (Stout 1983:33). Men denne flukta ender diverre også ofte med forferding. Poenget i forteljningane er som oftast sjølve fluktaugneblinken. For ei stakka stund klarer helten å sleppe frå ei forskrudd verd, og han legg ut på si reise mot fridom (Stout 1983:38).

Også personar i Lagertha sitt liv valde å reise ut. Dei to amerikareisene som er mest utførleg drøfta i dagboka er reisene til venninna Johanna og til Maria Wang. Som tidlegare fortalt strevde Johanna for å verte økonomisk sjølvstendig slik at ho kunne sleppe vekk frå eit tilvære som unyttig og uønska familietante. Sidan ho ikkje hadde utdanning og ikkje middel til å skaffe seg ei, hadde ho lite hell med seg. Om tida før Johanna bestemte seg for å reise skriv Lagertha:

Ganske kort efter fik hun ansættelse i en parfumehandel i Kristiania. Jeg besøgte hende der engang, men fandt hende da meget forandret - tungsindig i høieste grad. Hun talte meget om, hvor tungt alting i grunden var, og hvor træt og kjed hun var alt og sig selv med - - saa vilde hun absolut forære mig - som "sin bedste og mest trofaste veninde" - et eller andet og mente, at det godt kunde hænde, vi snart for alvor skulde skilles i denne verden. Naturligvis gjendrev jeg det hele som noget vrøvl, men - blev alligevel ikke saa overrasket, da hun tilslut fortalte mig, at det var hendes hensigt at reise over til Amerika til en barndomsbekjendt. Det lykkedes mig ikke at faa hele grunden at vide; men der laa tydelig en forelskeseshistorie under (LB:84).

Johanna var svært ulukkeleg i denne perioden og det er tydeleg at det er på grunn av naud, ikkje av eventyrlyst og framtidsoptimisme ho legg ut på den store reisa. Lagertha er svært vag

i sine formuleringar her, men det ser ut til at ho trudde at Johanna hadde hamna "i ulykka", og at dette var ein av grunnane til at ho måtte forlate Noreg. Reisa enda med katastrofe, og om Johanna sin lagnad skriv Lagertha:

stakkels liden - ikke mange uger efter kom budskabet om hendes død. Hun havde lidt meget af søsygen og blev straks liggende i New-York hos sin veninde og døde saa under store smerter af - en gevækst i maven. - Det kan godt hende jeg gjør hende blodig uret, stakkels lille Johanna - - men jeg har aldrig kunnet frigjøre mig for mine egne tanker om sygdomsaarsagen (LB:86).

Maria Wang var også i ein fortvila situasjon då ho bestemte seg for å reise til Amerika. Forlovinga hennar ser ut til å ha gått i oppløysing og økonomien hennar var ikkje lenger mogeleg å redde; nettet stramma seg rundt henne.

Lige før jul bad hun mig komme ind til sig om ikke mere end en eneste dag, da hun havde noget meget vigtigt at tale med mig om. Jeg anede, hvad det var, og fik det bekræftet. Hun havde allerede da i behold en - Amerikabillet (LB:157).

Både i samband med Johanna og Maria framstiller Lagertha amerikabilletten som eit nederlag, og ho gjer merksam på skilja mellom seg og dei. Dei stod baa i ein annan økonomisk situasjon enn henne og dei hadde mista kontrollen. Johanna på det sedelege området, Maria på det moralske og økonomiske.

Reisa som flukt er sjølv sagt på mange måtar ein utopi. "Can we really escape if we take our "self" with us?", spør Cohen og Taylor på baksida av si **Escape Attempts**. Emigrasjon var for Lagertha sosialt upassande, men det ville òg truleg ha vore nyttelaust som eit ledd i hennar frigjeringsprosjekt. Det var ikkje først og fremst ytre barrierer som heldt Lagertha attende. Det var barrierer i henne sjølv ho måtte kjempe for å overvinne.

Emigrasjonen, den totale flukta, vart slik aldri eit alternativ for Lagertha. I dei periodane presset vart for stort, der moderniteten sine val, begrensingar og mogelegheiter overveldar henne, er det først og fremst **sjukdom** som framstår som eit reelt alternativ for å handtere splitting og uvisse. Medan reisa kunne betraktast som svik, var sjukdom ein akseptert måte å trekke seg tilbake frå verda på.

*Nervositet. Sjukdom som strategi.**1. Kvinner og sjukdom*

Dei siste tiåra av 1800-talet var prega av ei utstrekt spesialisering og profesjonalisering. Medisinarar vart nøkkelpersonar når det gjaldt å studere og profesjonalisere det menneskelege livet. Særleg vart det rekna som viktig å få kontroll over den kaotiske naturen. Både kvinner og seksualitet vart rekna som område av livet som var særleg nært knytt til naturen og difor viktig å underleggje seg. At kjønn vart studieobjekt for lege- og naturvitskapen førte til at alt som hadde med seksualitet og reproduksjon, femininitet og moderskap vart oppfatta som patologi (Lützen & Rosenbeck 1989:23).

Samstundes som ny kunnskap om kvinnekroppen vart produsert, vart det også produsert ny ideologi. Haldninga til at moderskapet og reproduksjonen var den einaste rette arena for realisering av den ekte kvinna vart stadig sterkare, og no kom også medisinarane på banen og vitskapleggjorde dette synet. Reproduksjonen stod så sentralt i kvinnelivet at han ikkje berre påverka kvinna sin fysikk, men også hennar intellektuelle og psykiske eigenskaper (Lützen & Rosenbeck 1989:25). Og ikkje berre kom reproduksjonen til å stå i motsetnad til intellektet, men også til seksualiteten. Seksualitet og seksuelle kjensler kunne verke forstyrrende inn på den kvinnelege syklusen, og det var difor viktig å verne kvinnene mot deira eigen seksualitet (Lützen & Rosenbeck 1989:26).

Målet for medisinarane var å sikre den - tilsynelatande svært så sårbare -reproduksjonsevna, og det var ei mengd forholdsreglar kvinnene i 1880- og 90-åra burde ta. **Varsemd** var nøkkelordet, og det var eit utal av plager kvinnene kunne pådra seg dersom dei ikkje følgde dette rådet. Særleg utsette for forstyrningar var kvinnene i overgangsaldrane. Første store kriseperiode var slik pubertetsåra. Både under menstruasjonen og i heile pubertetsperioden var kvinna eit lett offer for ytre påverknader. Dei intellektuelle evnene var gjerne nedsette, og studiar og lesing måtte avgrensast til eit minimum. Purring av den kvinnelege seksualiteten kunne forårsakast av ei rekkje faktorar, alt frå sykling til sterkt krydra mat (Lützen & Rosenbeck 1989:25). Det var difor viktig at jentene heldt seg i ro og at dei unngjekk alt som kunne verke opphissande.

Medan einslege kvinner leita etter høve til verdige liv utanfor ekteskapet, åtvara medisinarar og forskarar mot kva dette ville føre til. Utdanning for kvinner kunne t.d. resultere i at dei vart ufruktbare og kjønnsause, og i verste fall ville desse kvinnene døye unge. Medisinarane, og særskild gynekologane vart med dette sentrale aktørar i ein samfunnsdebatt der "kvinde-spørsmålet" stod sentralt. Legane formidla ein konservativ kjønnsideologi i ei tid der det på ei

rekkje samfunnsmessige nivå vart stilt krav om likestilling (Lützen og Rosenbeck 1989:24). Kvinna vart ikkje "*blot oppfattet som et politisk og socialt problem, men i høj grad også som et medicinsk problem*" (ibid.).

Nervøse lidningar, og særleg hysteri, var mellom dei sjukdommane kvinnene i siste halvdel av 1800-talet særleg skulle vernast mot. Hysteri vart ein utbreidd sjukdom blant borgarskapskvinner frå rundt 1850, men han spreidde seg også til andre klassar og til menn. Opphavleg tyder ordet "livmorsjuke", etter det greske hystera, og sjukdommen har slik alltid vore særleg knytt til kvinner. Hysteri var særleg karakterisert ved fysiske symptom, smerter, synssvikt, lammingar, krampar o.l. som ikkje følgde nervebanane si naturlege utstrekning. Lamminga kunne t.d. være avgrensa til ei hand e.l. Både når det gjaldt årsaker og behandlingsmåtar var det ulike meiningar. Dr.med. K.H.Krabbe skriv i **Salomonsen's konversationsleksikon**:

Den ydre Sjælelige Paavirkning fremkalder Hysteri gennem en Forskrækkelse, Sorg, Skuffelse (ofte paa det erotiske Omraade); ogsaa et vist Interessesmoment kan gøre sig gældende (Krabbe 1922:72).

Liksom for andre nervøse lidningar, vart også kvinneleg hysteri kopla til overanstrenging, særleg til overdriven flid med studiar. Edward Shorter refererer i boka **From the Mind into the Body** til New York legen Charles Taylor som hadde spesialisert seg på nervøse, sengeleggjande borgarskapskvinner. I 1864 uttala Taylor at desse kvinnene var

a class of patients, the most intelligent and worthy of all our young women, who are ruined - yes, literally ruined at school; (...) Nearly all the bed-ridden cases, and most of the worst cases of back-ache (...) admit that they have studied excessively at some time, from which they generally date the first symptoms of their disorder (sitert hos Shorter 1994:33).

Eit døme på meir folkelege oppfatningar om hysteri/nervøsitet får vi i brevet Wilhelm Lassen skreiv til niesa si i Bergen i 1898. Niesa, Dorothea Selboe, budde saman med søstera si, og begge var lærarinner i Bergensskulen. Den gamle onkelen kjem med sine eigne forklaringar på sjukdommen:

At Nervositeten dog heller ikke har gaaet eders Dør forbi, men aflegger - ialfald periodiske - Besøg, undrer mig heller ikke, thi den hører nu engang med til vor travle Nutids Børn (Lassen 1898:1).

To år seinare skreiv han:

Det gjør mig Ondt af Deres Brev at erfare, at De for nervøs Overanstrengelse har været nødt til at slutte Deres Skolegjerning. Nej! den Overdrevne Travelhed, som nu i den sidste Menneskealder har hersket, huer mig ikke. Den er - som al Overdrivelse -

unaturlig og ødeleggende. Folk blir jo rent udslidte længe før Tiden. Naar man saa endog gavnlige frukter deraf. Men navn har Tiderne - trods alt dette Kav og al den overdrevne Kundskabsmasse, som nu skal t...skes ind i Børnene, naar har tiderne været mere vederstyggelige forvorpne og udugelige, end de nu er? Nej! formegen Oplysning er nok en farlig Sag" (Lassen 1900:2).

Haldningane til kvinner og sjukdom var ytterst ambivalente. Samstundes som legane var opp-tekne av dei unge kvinnene si helse og deira evne til reproduksjon, gjekk andre ideal i motsett retning. Det var forbunde med ein viss prestisje å vere svak og sjukeleg, og desse adjektiva vart ofte einsbetydande med "bleik og interessant" (Lundbergh 1986:129). Ein måtte ha ein viss sosial posisjon for å kunne tilbringe dagane på sjeselongar i mørke rom, ha private pleiarar og reise på kurreiser til kontinentet. Denne typen sjukdommar vart difor også klassemarkørar. Sjukdom vart ein livsstil for mange borgarskapskvinner.

Luksaltet i ridikylen måste finnas till hands när risken att svimma uppträdde. Tvinsoten kom på modet och hysterin bredde ut sig. Menstruationsperioden fordrade sängläge och graviditeterna också (Lundbergh 1986:127-128).

Dei unge borgarskapskvinnene vart fostra til sart hjelpeløyse og yndig usjølvstende.

Att uppfostra en borgarflicka till det bästa liv man kunde tänka sig för henne, det äktenskapliga livet, var att uppfostra en person till livslång omyndighet. Och denna uppfostrans effekter bar kvinnan även med sig ut i ett liv där hon måste slåss för sin existens som ogift (Lundbergh 1986:129).

Når desse unge kvinnene frivillig eller ufrivillig forlet foreldreheimen var dei totalt uskikka til å hamle opp med livet sine praktiske problem og kjenslemessige påkjenningar. Luktesalt og vifter hadde liten verknad på einsemd og økonomiske bekymringar.

Myten om den konstitusjonelt sjuke kvinna kunne sjølvstast nyttast til undertrykking; til å hindre kvinnene i samfunnsmessig ekspansjon ved hjelp av medisinske argument. Men samstundes kunne sjukdom kanskje også vere ei vinning for kvinnene sjølve. Gjennom sjukdom fekk dei store mengder merksemd og dei kunne la dei elles så kontrollerte kjenslene få utløysing (Lundbergh 1986:128).

2. Lagertha og sjukdom

Når eg i det følgjande avsnittet vil sjå på Lagertha sine sjukdommar som ein meistringsstrategi, kan det vere på sin plass med ein del innleiande atterhald. Lagertha, og mange av hennar medsysstrer frå borgarskapet leid av sjukdommar som påførde dei store fysiske og psykiske lidningar. Mange vart invalidiserte for større eller mindre delar av livet, og dei freista kummerlege tilvære i mørke rom der dei gjennomgjekk smertefulle kurar. Verken psykosomatiske sjukdommar eller somatiske plager er resultat av val. Å sjå på dei som medvitne eller umedvitne valde strategiar, kan derfor synast både hjartelaust og irrelevant. I innleiinga til si bok **Sjukdom som metafor** skriv Susan Sontag:

Mitt emne er ikke fysisk sykdom i seg selv, men omskrivninger, bruk av sykdom som bilde eller metafor. Mitt poeng er at sykdom ikke er en metafor, og at den mest sannferdige måte å betrakte sykdom på - og den sunneste måte å være syk - er den som er mest rensset for, mest motstandsdyktig mot, billedlig tenkning. Likevel er det neppe mulig å ta bolig i de sykes rike uhildet av de makabre metaforer som har formet dets landskap. Jeg dediserer dette skriftet til klarlegging av disse metaforer, og til å fri oss fra dem (Sontag 1979:5).

Trass i at sjukdom altså berre er sjukdom, er det innlysande at sjukdom òg kan ha ein funksjon (forutan den å bryte ned kroppen). Sjukdom kan utfylle ein funksjon på strukturnivå, eller i den einskilde pasienten sitt liv. Med Sontag sine ord i bakhovudet vil eg likevel freiste å sjå på kva rolle sjukdom kom til å spele i Lagertha Broch sitt liv.

Sjukdom dukkar opp med jevne mellomrom i dagboka til Lagertha, og mange av ungdomsåra hennar må ha vore sterkt prega av dette. Kva sjukdom ho leid av er ikkje heilt lett å tyde ut frå dagboka, og Lagertha nemner aldri noko namn på lidningane sine. Men både ut frå symptom og behandlingsmåtar ser det ut til at det var ei eller anna form for nervøs lidning ho var råka av¹⁴. Danmarksopphaldet i året før konfirmasjonen var initiert av Lagertha si dårlege helse og første tilvising til sjukdom i dagboka lyder:

Helt rask var jeg paa ingen maade endnu, og legerne tilraadede fremdeles absolut ro og stillhed og foredrog at sende mig ud paa landet et sted, hvor der ikke var saa meget liv og mange børn (LB:23).

Ho skriv ikkje noko om kva behandlinga elles gjekk ut på, men ho skriv at ho var omfattande. Mange omsyn måtte verte tekne til sjukdommen, som t.d. under heimreisa til Horten:

Vi reiste gjennom Sverige og meget langsomt, for at alle forsiktighedsregler kunde iagttages, og jeg regelmæssig faa min kolde afrivning hver morgen, osv. - (LB:72).

Likeeins måtte ho delta svært passivt under konfirmasjonsførebuingane fordi ho framleis ikkje måtte

...læse eller lære og fik kun "forstandighedsspørsaal" til de andre confirmanter store mishag; - det var jo ingen sag for mig, "der slap at puge" - - (LB:72-73).

Lagertha var no i den farlege puberteten og intellektuell verksemd måtte avgrensast til eit minimum. Den minste sinnspåverknad kunne igjen utløyse sjukdom:

Meget svagelig var jeg i de paafølgende aar og taalte intet; allermindst sindspaavirkning. Ikke lenge efter min hjemkomst fra Danmark fik jeg en ansigtsslammelse der tog lang tid, før den blev hævet - (LB:73).

I eit tidlegare sitert avsnitt, reflekterer Lagertha over korleis det som 14-15-åring kjendest å mislukkast i selskapslivet:

...det varer meget længe, tror jeg, at man er istand til at resignere paa et bal, saalænge man er ung, ... der maa alvorligere grund til, som sygdom etc.; og den skulde meget snart indtræffe og som saa mangen engang gennem mit liv blande baade malurt og - ro i min tilværelse - (LB:76).

Sjukdom var sjølvsgatt malurt. Det var isolasjon, sterke smerter og ubehagelege behandlingar. Men sjukdom var også ro. Dei psykiske påkjenningane kom i bakgrunnen, og Lagertha kunne sige tilbake i sjukesenga utan å uroa seg for fiasko på ekteskapsmarknaden eller vanskelege framtidssval.

Som tidlegare nemnt vart eit sommaropphald på Bolkesjø svært viktig for Lagertha. Den positive merksemda ho fekk der, førte til at ho var svært forandra då ho kom heim att til Horten. Ho skriv sjølv at ho var "*lite elskværdig*" og svært oppteken av sine eigne planar for framtida. Medan Lagertha tenkte på kva ho skulle gjere med livet sitt fekk ho tilbod om noko kontorarbeid i bokhandelen til Maria Wang. Lagertha var ivrig i arbeidet, men så dukka igjen sjukdommen opp:

Formodentlig var det alle disse forskjellige indtryk fra sommertiden og de dermed forbundne sindslidelser, - min ihærdige og overdrevne flid ved arbeidet hos frk. Wang - og maaske ogsaa meget træk fra det vindu jeg sad ved, der foraarsagede den svære sygdom, jeg kom til at gennemgaa vinteren

efter. I fem maaneder var jeg fængslet inden døre, og i al den tid var Kaja hos mig hver dag undtagen en eneste, da hun sendte Maja som stedfortræder. Jeg havde frygtelige lidelser dengang - ansigtssmerter forbundet med lammelse i det halve ansigt, - blev elektriseret flere gange om dagen og havde hele hovedet indpakket i tjæredrev. Men eftersom de legemlige lidelser blev større, aftog de aandelige; der kom i sindet en egen fred, der næsten grænsede til ligegyldighed. Intet - hverken fra udenverdenen eller planerne for mit fremtidige liv interesserede mig mere; (LB:119-120).

Lagertha gir her eit reflektert bilete av kva funksjon sjukdom spelte i livet hennar. Sommaren på Bolkesjø førte til store kjenslemessige påkjenningar, og all oppmuntringa ho fekk der førte til eit sterkt ønske om å få realisert nokre av talenta sine. Som tidlegare vist var dette imidlertid ikkje uproblematisk. Uro for framtida saman med den sterke og upassande eksponeringa av sjølvvet vart ei stor belastning for den svakelege Lagertha. Ved å flykte inn i sjukdommen slapp ho for ei stund unna den vanskelege situasjonen. På denne måten kunne ho trekkje seg attende frå verda utan at ho trong å ta ansvar for denne avgjerda. Dersom ho utan sjukdommen hadde droppa alle framtidssplanar, ville ho ha skuffa både omgjevningane og seg sjølv. Sjukdommen gav henne imidlertid immunitet mot krav og klander.

Ut på våren etter den store sjukdomsvinteren friskna Lagertha såpass til at ho kunne "*begynde - som en tæt tilsløret skjønhed - at slikke solskin henne i skoven eller paa batteriet, hvor der var hunt og læ for vinden*" (LB:121). Etter nyttår flytta ho så til Kristiania til frk. Wang.

At samlivet med Maria Wang tok på den sarte Lagertha finn ein mange døme på i dagboka. Den grensebrytande tiltrekkinga Lagertha kjende til frk. Wang har fleire gonger vore omtala. Dei sterke kjenslene saman med identitetskrisa desse førte med seg, var så trugande for Lagertha at ho vart driven mot grensa for nervøst samanbrot. Om den tidlegare omtala lagnadstunge kvelden med Maria, skriv Lagertha - *alt forende sig og kom væltende over mig paa en gang, saa det kanske var et under, at ikke min forstand gik med paa kjøbet!* (LB:130-131). I fleire av dei meir dramatiske situasjonane referert i dagboka, fryktar Lagertha for at ho skal miste "forstanden" sin.

Då ho kom heim til Horten etter pengehistoria, lengta ho slik etter frk. Wang at foreldra let henne dra tilbake til Kristiania på eit kort besøk. Men som tidlegare omtala vart Lagertha svært skuffa over gjenforeininga med Maria Wang, og ho vende nedbroten attende til Horten. I etterkant av denne historia reflekterer ho over korleis desse hendingane verka inn på helsa.

Jeg følte mig utrolig forladt og længtede endelig for alvor efter at komme i ro og være hjemme, - ikke mere tænke paa nogen verdens ting og ikke se

mennesker. - Det var underlig nok, at jeg ikke kom til at gennemgaa nogen større sygdom, om jeg end længe var umaadelig nervøs og svag; men saa langt fra var det næppe, at min forstand var strøget med, efter hvad man senere har fortalt mig; Gud ske lov! at det heller ikke den anden gang, jeg var nær ved det, kom saa langt! (LB:156).

Igjen var verda blitt ein for opprivande stad for Lagertha. Igjen ønskte ho å gøyme seg på sjuke rommet og "ikke mere tænke paa nogen verdens ting og ikke se mennesker". Hennar høgt elska Maria Wang hadde forlate henne, og draumen om eit sjølvstendig liv i hovudstaden gjekk i oppløysing. Lagertha stod aleine att utan å vite kva ho skulle ta seg til.

Trass i foreldra sin etter kvart store uvilje mot Maria Wang, trong Lagertha berre å gje uttrykk for at ho følte seg "aandelig og legemlig syg" for å få lov til å reise til Kristiania. Det ser ut til at baa foreldra var svært involverte i Lagertha sine mange sjukdommar, og dei var truleg lette offer for utpressing på dette området. Fleire forskarar på området har peika på korleis nokre familiar ser ut til å ha vore særst hardt ramma av psykosomatiske sjukdommar. Edward Shorter skriv om korleis Charles Darwin og familien hans brukte mykje tid på legebesøk og ulike alternative kurar (Shorter, 1994:16). Familien til Florence Nightingale var også mellom dei meir sjukelege, og Florence sjølv var ei av dei kvinnene som aktivt nytta sjukdom som strategi. Martha Vicinus skildrar korleis ho på ei rekkje føremålstenlege tidspunkt vart ramma av psykosomatiske sjukdommar. Sjukdommen vart nytta for å få reise på studiereiser, for å få lov å utdanne seg til sjukepleiar og for å få flytte bort frå familien.

She established her own living quarters and used illness with the same ruthlessness and creativity as her sister and mother in order to keep all distractions at bay (Vicinus 1985:20).

Også i åra etter Maria Wang heldt Lagertha fram med å flykte inn i sjukdommen når livet gjekk henne i mot. Tredje mars 1897 sit Lagertha og tenkjer tilbake på åra på teikneskulen i København og kor skuffa ho var då ho ikkje kom inn på kunstakademiet. Ho studerte då ved Meldahls teikneskule, og ho meiner i ettertid at ho vart svært dårleg behandla av lærarinnene der. "Endnu kan det gyse i mig naar jeg tænker tilbage paa den sidste tid paa tegneskolen". Etter først å ha vorte framhalden som ein særskild talentfull elev, vart Lagertha med eitt offer for massiv kritikk frå lærarinna:

...hun var aldrig tilfreds med mine arbejder mere - den færdige tegning absolut slet! jeg blev syg og talte ikke mere at tænke paa tegneskolen der nede i concertpalaiet i Bredgade, saa frk.Rosenørn fandt det rigtigst helt at melde mig ud (LB:256).

Jeg kan aldrig være frk.Rosenørn taknemlig nok for hendes bestemte optræden overfor mig dengang! Gud ved, hvordan det kunde være gaaet - - jeg var vist ikke saa langt fra vanviddets grænse (LB:256).

Etter dei ubehagelege opplevingane på teikneskulen trekte ho seg tilbake til sjukdommen medan venninnene ordna opp for henne. Historia enda godt takka vere frk.Rosenørn:

Aa, hvor var hun dog god! hendes og frk. Barners skyld - der tillod en sådan ekstravagance paa Værnehjemmet - var det, at jeg kom til at tegne og male med Gustav Vermehren og i løbet af et par maaneder kom meget videre, end aar vilde ha bragt det paa akademiet (LB:256).

Men saadan har det altid været, at af den største sorg og skuffelse er der kommet det allerbedste ud af for mig! jeg kan saa godt forstå det bagefter - - der er faa, der alligevel er lykkeligere end jeg!! (LB:256).

Einslege kvinner som hadde ønskje om, eller behov for ei offentleg karriere, måtte først avklare sine eigne blanda kjensler i høve til det å ha ambisjonar. Fleire av desse kvinnene braut saman under det kombinerte presset av familieopposisjon, sosiale forventningar og mangel på klare personlege mål (Vicinus 1985:20). Sjukdom var ein akseptert og utbreidd kvinneleg måte å løyse konflikter på. Når Lagertha følte seg pressa mellom ulike kvinneroller, mellom for høge forventningar eller vanskelege valsituasjonar greip ho etter noko som kunne hjelpe henne til å takle dette presset. Det var ofte vel etablerte handteringsmåtar ho greip etter, og sjukdom var altså ein av desse.

3. Forklaringar på sjukdom

Caroll Smith-Rosenberg stiller spørsmålet om kvifor så mange kvinner "valde" hysteriet for å uttrykkje mistilpassing, misnøye, sinne eller smerte. For å svare på spørsmålet meiner ho at vi må utforske kvinnerollene og rollesosialiseringa i perioden. Smith-Rosenberg peikar på parallellane mellom den hysteriske åtferda og den stereotype feminiteten. Det er nært samband mellom karaktertrekka kvinnene i det Viktorianske samfunnet vart forventa å ha, og dei karakteristiske symptoma på den hysteriske pasienten: usjølvstende, veikskap, sensitivitet og narsissisme (Smith-Rosenberg 1985:207). Den hysteriske kvinna var kroppsleggjeringa av ein slags hyperfeminitet.

Sidan hysteri framstod som ein utbreidd sjukdom særleg blant amerikanske borgarskapskvinner etter 1850, meiner Smith-Rosenberg at vi må betrakte det som ein sjukdom særeigen for den Viktorianske borgarskapsfamilien. Sjukdommen er knytt til rolleendringane og rollekonfliktene den borgarlege kvinna opplevde mellom 1840-1890 (Smith-Rosenberg 1985:199). Den einaste respektable og fullverdige kvinnerolla for borgarskapskvinnene i denne perioden, var rolla som omsorgsfull og kjærleg hustru og mor (Smith-Rosenberg 1985:208). Smith-Rosenberg legg særleg vekt på motsetnadene mellom **kvinneidealet** om å vere passiv, kjenslevar, mild og usjølvstendig, og **morsidealet** som kravde styrke, mot, effektivitet og tæl. Ho meiner at særleg gifte kvinner klaga over isolasjon, einsemd og depresjon (Smith-Rosenberg 1985:199).

Sjølv om eg heilt klårt ser rollekonflikten dei gifte kvinnene stod overfor, er eg overraska over at Smith-Rosenberg sveiper så lett over dei einslege kvinnene. Det synest for meg klårt at konflikten desse kvinnene stod overfor slett ikkje var noko mindre enn konflikten mellom kvinne- og morsrolla. Ettersom ekteskap var den einaste verkeleg respektable plassen for vaksne kvinner, måtte det å leve einsleg føre med seg ei rekkje stressmoment. Ei ung borgarskapskvinne sin sosiale status og suksess skreiv seg ikkje frå hennar eigenskaper og talent, men frå hennar evne til å tiltrekke seg passende ekteskapskandidatar.

Smith-Rosenberg kastar også fram den nærliggjande tanken å sjå på hysteri som ei form for **passiv-aggressivitet**. Desse kvinnene hadde heilt sidan tidleg barndom vorte lærte til ikkje å vise nokon form for sinne eller aggressivitet (Smith-Rosenberg 1985:208). Eventuelle aggressive utbrot i sjukdomsperioden kunne imidlertid forklarast med sjukdommen, og ansvaret for slik ukvinneleg framferd låg difor ikkje hos kvinna sjølv. Finn Skårderud argumenterer i boka **Sultekunstnerne** for at sidan kulturen rundt hysteri-epidemien i førre århundre var karakterisert av forbod og grenser, dreidde hysteriet seg om overskridinga av desse grensene. Gjennom teatralitet og dramatiske anfall braut pasienten normene om sjølvkontroll. Vidare hevdar Skårderud at notida sine spiseforstyrningar har motsett forteikn. Vårt samfunn er grenselaust; utan klåre grenser for det eigne subjektet. Anorektikaren og bulimikaren si åtferd vert dermed tilbaketrekking (Skårderud 1991:27).

Anthony Giddens har også trekt parallellar mellom hysteri og anoreksi, men han trekker noko ulike konklusjonar. Han meiner t.d. at anoreksi slett ikkje dreier seg om tilbaketrekking, men om å oppretthalde ein refleksivitet rundt den kroppslege utviklinga. I førre hundreåret då kvinner sin sosiale posisjon generelt sett var strengt avgrensa, vart kroppsleg opprør uttrykt i form av hysteriske symptom. Anorektiske kvinner mot slutten av det 20.hundreåret responderer på ein heilt annan måte på det presset samfunnet utset dei for. I staden for ukontrollerte svimeanfall, krampar o.l. protesterer dei ved å gjennomføre ein gjennomgripande

transformasjon av kroppen. Då valmogelegheitene for kvinner var få og strengt definerte, vart den umedvitne kroppslege protesten diffus. I ei verd der det tilsynelatande eksisterer eit uendeleg hav av mogelegheiter vert reaksjonen avgrensande og eit forsøk på total kontroll. Anorektikaren er ikkje eit passivt offer, men svært aktiv og disiplinert (Giddens 1991:106-107).

Anthony Giddens er oppteken av at den medvite skapinga av sjølvidentitet og kropp først og fremst går føre seg i såkalla risikokulturar (Giddens 1991:108).

Anorexi should be understood in terms of the plurality of options which late modernity makes available - against the backdrop of the continuing exclusion of women from full participation in the universe of social activity which generates those options. Women today have the nominal opportunity to follow a whole variety of possibilities and chances: yet, in a masculinist culture, many of these avenues remain effectively foreclosed. Moreover, to embrace those which do exist, women have to abandon their older, "fixed" identities in a more thoroughgoing way than do men. In other words, they experience the openness of late modernity in a fuller, yet more contradictory, way (Giddens 1991:106).

Å ha mange alternativ å velje mellom og å leve i ein risikokultur er relative omgrep som ein må sjå i samanheng med den historiske konteksten. Sjølv om ikkje dei einslege borgarskapskvinnene i 1880- og 90-åra hadde mange valalternativ samanlikna med i dag, så var det likevel ei heilt ny verd som opna seg for dei. Også rundt førre hundreårsskiftet var det ein veldig tvitydnad i dei signala samfunnet sende til sine kvinner. Eit utal av nye valmogelegheiter eksisterte side om side med omfattande restriksjonar av både juridisk og sosialt kontrollerande art.

Eg meiner altså at Lagertha, trass i hennar viktorianske framtoning, i høgste grad virvla rundt i ein malstrøm; i ein risikokultur. Liksom dagens spiseforstyrningar er eit komplekst fenomen der enkle forklaringsmodellar ikkje duger, så bør heller ikkje hysteriet forklarast ein-dimensjonalt. Det kan ikkje identifiserast ei enkelt årsak, verken strukturelt eller individuelt. Det synest likevel som om dei fleste forskarane på området er einige om at presset mot kvinnerolla i siste halvdel av førre hundreåret må ha spela ei vesentleg rolle for utviklinga av denne sjukdomsepidemien. Hysteri tydde utagering og brot med danna kvinneåtferd, men det tydde også tilbaketrekking og passivitet.

Malurt og ro - oppsummering

Fluktmotivet nytta i litteraturen nådde sitt høgdepunkt i dei klassiske tekstane frå det 19. hundreåret (Stout 1983:32). Dette gjenspeglar korleis menneska etter kvart som moderniseringsprosessen auka fart, kjende eit stadig sterkare behov for å komme "bort frå" samfunnet. Ei rekkje prosjekt vart nytta til dette formålet og eg har freista å syne døme på nokre slike fluktruter i dette kapittelet.

Gjennom å dyrke blomar og småfuglar kunne Lagertha finne trøyst i ei omskiftande verd. Kanskje ho med dette òg kunne forsikre seg sjølv og andre om at ho var ei verkeleg kvinne; oppteken av blomar og barn og venleik. Gjennom å ordne blomearrangement og skrive små søte dikt om dyr, slapp Lagertha for ei stakka stund unna dei problematiske spørsmåla ikring framtid, identitet og seksualitet.

Gjennom reiser fekk Lagertha avstand til å sjå livet sitt i perspektiv, og i Lagertha si forteljing vert reisene tillagde stor tyding for utviklinga av det eigne sjølv. Sjølv om Amerika vart eit alternativ for nære personar i Lagertha sitt liv, vurderte ho aldri sjølv å reise. I staden for å flykte utover til Den Nye Verda, valde Lagertha å flykte innover i seg sjølv, og inn i sjukdommen.

I dette kapittelet har eg valt å sjå på sjukdom ikkje berre som noko ein passivt tek imot, men også som kreativ handling. I fleire av dei vanskelege overgangane i Lagertha sitt liv valde ho sjukdom som flukt og som aktiv strategi. Det kan sjå ut som om sjukdom fungerer som eit slags "rite de passage" i livet hennar. I endringsfasar der ho ikkje finn passande roller å gå inn i, eller der ho finn endring for smertefullt og vanskeleg, trekkjer ho seg for ei stund tilbake i sjukdommen. Når ho ikkje visste kva ho skulle gjere, vart ho sjuk!

Lagertha var mellom dei overgangskvinnene som ikkje hadde eit klårt life-script å forme livet sitt etter. I dagboksåra fann ho seg sjølv svevande rundt i eit kulturelt tomrom. Dagboka vart nytta til refleksjon over livet så langt, og til å freiste å gje innhald til dette tomrommet. Gjennom sjukdommen skaper ho seg pusterom og tid til å tenkje gjennom neste trekk. Martha Vicinus tolkar Florence Nightingale sine sjukdommar både som

...a means to escape and an escape in themselves. Illness permitted a retreat into the self in order to gain the courage and ego strength to break out permanently (Vicinus 1985:20).

Nettopp på denne måten er det også Lagertha nyttar sjukdommane sine. Ho trekte seg tilbake når livet vart for vanskeleg, men ho kom alltid sterkare og meir resolutt attende. Sjukdom vart

også ein måte å markere motstand på, og gjennom denne motstanden konstituerer Lagertha seg sjølv.

Gjennom slike mellombels avbrekk frå kvardagen er det ein fare for at ein for alvor får smaken på fridom. Gjennom å fjerne seg frå livet sine kvardagslege realitetar kan ein komme til å få endra syn på sitt eige liv (Cohen & Taylor 1992:113-114). Gjennom å besøke friområde som "Blomeverda", "Reisa" eller "Sjukdommen" utsette Lagertha seg slik for risiko.

Stanley Cohen og Laurie Taylor meiner at det er visse felles karakteristika ved dei fluktrutene dei har studert. Dei deler "*a peculiar tension between the known and unknown, the safe and the dangerous, the innovatory and the conventional*" (Cohen & Taylor 1992:114). Mykje av det same kan seiast om Lagertha sine strategiar for å takle kvardagen. Alle tre fluktrutene hennar var i høgste grad konvensjonelle og tilsynelatande trygge vegar å gå for ei einsleg borgarskapskvinne. Men både gjennom reisene sine og gjennom sjukdommane vart Lagertha utsett for stor risiko. Ho risikerte å få forstyrra sitt sjølvbilete og sitt syn på sitt eige liv. Begge desse fluktrutene førte for Lagertha sitt vedkommande til nyskaping og endring. Eg meiner likevel at det var skilnad på desse strategiane for Lagertha sitt vedkommande. Medan blomar og småfuglar kan sjåast på som ei flukt **inn i** og reisa som ei flukt **bort frå**, kan sjukdom kanskje sjåast på som ei flukt **bort frå**, **inn i** og til sist **ut av**.

Dei ulike fluktforsøka ser også ut til å dele det samme utgangspunktet, nemleg lengten etter eit **eigentleg eg**, etter **meining** og etter **utvikling** (Cohen & Taylor 1992:14). Desse tre omgrepa er også nøkkelord i høve til Lagertha si dagbok. I tillegg til narrasjonen var det gjennom trøyst, gjennom reiser og gjennom sjukdom Lagertha freista å forhalde seg til denne lengten.

KAP.5

...AL MIN LÆNGSEL OG URO...

- om lengten i moderniteten

Den mätta dagen den är aldrig störst.

Den bästa dagen är en dag av törst.

Nog finns det mål och mening i vår färd -

men det är vägen som är mödan värd.

Bryt upp, bryt upp, den nya dagen gryr.

Oändligt är vårt stora äventyr.

(Karin Boye)

Lengt

Marshall Berman innleier boka si **All that is solid melts into air** med å seia at det å vere moderne er å leve eit liv fylt av paradoks og motsetnader. Det moderne samfunnet førte med seg ei mengd nye farar og vanskelege val - samstundes opna det også for ein ny fridom og for nye mogelegheiter. Mange av dei einslege borgarskapkvinnene levde framleis i tiåra før hundreårsskiftet som unyttige, stakkarslege «peppermøer». For desse kvinnene opna moderniteten for draumen om noko anna; om noko betre.

Karin Lützen har i boka **Hva hjertet begjærer** latt **attrå** vere den raude tråden. *Det er fordi jeg med dette ordet ikke bare forstår en drift som har med kjønslivet å gjøre, men også et begjær etter noe annet, enten det nå er gjengjeldelse av kjærligheten eller en forening med den elskede* (Lützen 1987:16). På same måte trur eg **lengt** kan stå som eit nøkkelord i denne oppgåva.

Lengten etter rørsle, etter endring - eventuelt også etter det som eingong var - stod sentralt i tiåra kring århundreskiftet. Det gjorde han også i Lagertha Broch sitt liv. Lengten dreidde seg nok for henne både om kjærleik og seksualitet, men også om sjølvrealisering og sjølvstende. Lagertha, saman med sine medsysstrar, trudde og vona at «**there was more, more to life somehow**¹⁵».

Gjennom dagboka til Lagertha vert vi kjende med ei kvinne som lever eit stille og tilbaketrekt liv. I fleire år hadde ho gått heime utan noko særskilt å ta seg til. Ho hadde vorte bydd fram på ekteskapsmarknaden gjennom fleire ballsesongar utan at det hadde vore nokon suksess. Ho hadde fått noko undervisning, ho hadde arbeidd litt på kontoret hos far sin og i bokhandelen hos Maria Wang, men alle desse prosjekta rann ut i sanden. Undervisninga ho fekk verkar lite målretta, og både skulegang og arbeid vart ofte avbrotne av sjukdom. Då ho på seinvinteren 1886 fekk lov til å flytte til Kristiania for å bu saman med frk.Wang var det fleire ønskje som gjekk i oppfylling. Framfor alt var det sjølv sagt det at ho verkeleg skulle få bu saman med si høgt elska Maria Wang, men eit anna viktig moment var nok også **forandringa** og **omveltinga** dette førte med seg. Ikkje til å undrast over at Lagertha ser på avreisa som sjølv **Byrjinga**:

Alt gikk efter ønske, - og lidt efter nytaar 1886 reiste jeg straalende lykkelig ud til den saa længe ønskede begyndelse - (LB:126).

Endeleg skulle livet begynne for Lagertha. Det kom rørsle inn i det stillestående livet hennar, og verda låg open. Men denne opninga vart til tider for skremmande og problematisk å takle for Lagertha. I dei vanskelege periodane i Kristiania lengtar ho difor berre etter å komme heim, etter fred og ro. Lengten etter utdanning og sjølvstende kom i skuggen av ønsket om ansvarsfridom og eit beskytta liv.

I åra der ho skriv dagbok er det lengten etter venner, nærleik, forståing og intimitet som ser ut til å ha vore noko av det mest sentrale. 21.februar 1896 skriv ho i dagboka:

Aa, hvor jeg længes, længes, længes - og aldrig et eneste brev mere! det er den reneste isperiode - - Gid, man kunde kommandere sit hjerte til at være rolig! til at være følelsesløs? nei tak. Længsel er vist alligevel den deiligste smerte der gives - - jeg har noget at længes efter, - og jeg ved, at det efterlængtede kommer engang! (LB:15).

Lengten er vond, men han er vonfull. Så lenge ein lengtar har ein ei kjensle av at endring er mogeleg, at ønskje kan gå i oppfylling. Når Lagertha lengtar produserer ho ei draumeverd, og gjennom denne draumeverda førebur ho seg på det livet ho seinare kan leve. Gjennom å sjå for seg ulike alternativ for liv, opnar ho for endring.

Skjematisk har eg freista å sette opp element i livet til Lagertha som peikar anten i retning av rørsle eller stillstand.

Rørsle:

utdanning

reiser

kvinnesak

utfordrande vennskap

kjærleiken til Maria og til seinare venninner

Stillstand

sjukdom

å bu i foreldreheimen saman med foreldra

eit "gammaldags" forhold til menn/sex

Fleire av desse elementa kunne sikkert ha vorte plassert i begge kategoriane. T.d. kan sjukdom, som tidlegare drøfta, kanskje like godt sjåast på som rørsle som stillstand. Dette enkle skjemaet gjenspeglar også hovudintrykket eg sit igjen med etter å ha lese dagboka til Lagertha: ho levde slett ikkje eit stillestående liv, men eit liv fullt av rørsle og val.

Mest av alt lengtar Lagertha kanskje etter autentisitet. Ho leitar og lengtar etter å finne det essensielle i nettopp Lagertha Broch. Ho lengtar etter å finne noko som kan gje livet hennar innhald og mening. Ho spør seg sjølv om kven ho er, kva for eigenskapar som er karakteristiske for nettopp henne - kva er det som har fått henne til å verte slik ho har vorte?

Lagertha si dagbok er hennar store livsprosjekt, hennar "quest". Gjennom dagboka gir ho seg ut på ei søkjande reise, ein lengt etter det ukjende. Målet for denne typen reiser er både av radikal tyding og radikal uvisse; noko bortanfor definisjon og rasjonell vurdering. Det er jakta på Sanningseleksir eller Gullskarabear som er drivkrafta. Det seier seg slik sjølv at det er ei farleg reise å leggje ut på. Det finst ingen kart å halde seg til, og namnlause farar ventar undervegs (Stout 1983:88).

The goal of the quest may be either proximate or ultimate - proximate in the sense of materially real, obtainable object, however magical or totemic; ultimate in the sense of an abstraction such as Truth. In either case, it is deeply involved with the self-realization of the questing hero, who proves and finds himself in the course of his journey (Stout 1983:88).

Denne typen ekspedisjonar dreier seg først og fremst om å finne fram til ein eigen identitet.

Medan flukt er ei reise **bort frå**, er "the quest" ei reise **mot**; ei reise fylt av lengt og forhåpning heller enn avvising og resignasjon (Stout 1983:89). "*Det är vägen som är mödan värd*" - reisa er målet.

Medan borgarskapskvinner i generasjonar hadde vore bokstaveleg og biletleg tala umyndiggjorde, vart mange av dei einslege borgarskapskvinnene i tiåra før hundreårsskiftet tvinga til å ta kontroll over sine egne liv. Samstundes var det framleis rikeleg med samfunnsmessige og kulturelle restriksjonar som stod i vegen for full inngang i det offentlege livet. Å gripe kontrollen over sitt eige liv var for Lagertha ein smertefull prosess. Det var forbunde med stor risiko å kaste seg ut i malstraumen, samstundes som det ikkje var noko alternativ for henne å verte verande på land.

HJEMPLØS (1895)

*Fra havets bund steg der op i dagen
en boble, stor og klar, - indtil den brast!
Ad ukjendt vei den iled, just som dragen
af svimmel længsel til i største hast
at se i lyset, og i solens stråle
sig selv og andet småt på bunden måle.
- Da svandt den helt, dens siste rest!*

*Dog hør, hvor underligt, - at ei eksemplet
formåed' at kvæle andre liges (skjønne) drøm!
Straks hele flokken jog afsted til templet
at kysse gudens dyre kjortels søm, -
men ingen undlod med sit liv at bøde,
hvad rigtig var. Thi lig en helligbrøde
() at rømme pladsen ved sin rette læst. -*

*Men stakkels bobler, hvor har i vel hjemme?
I har kun ravnemoder, - ingen far; -
forstødt - ! på havets bund hun Eder vilde gjemme
endskjønt naturen altid kravet har.
For let for vandet, - for tung for luften -
I måtte svinde hen, for at fornuften
blev den, der lo tilsidst og - allerbedst.
(LB:2-3).*

Diktet **Hjemløs** synest eg oppsummerer noko av den problematikken Lagertha sleit med. Ho var som ei av desse boblene som svimmel av lengt gav seg i veg mot lyset. Saman med så mange av dei einslege borgarskapskvinnene i denne perioden var ho ikkje nøgd med å verte verande ved sin leist, og trass i at ho såg korleis fleire gjekk under i denne jakta på lys og lykke, var ho villig til å prøve seg. Lagertha ville skape seg eit verdig liv og ho ville skape seg ein identitet, eit eige sjølv. Kjensla av å ikkje høyre til nokon stad vert godt illustrert i det siste verset: ho var for lett for vatnet og for tung for lufta - det fanst inga ferdig og tilfredsstillande rolle ho kunne gå inn i. Dette diktet gir også assosiasjonar til Karin Boye sitt kjende dikt **Ja visst gör det ont**¹⁶. Boye skriv her om smerta og angsten framfor endring og transformasjon. Men medan hennar dikt endar relativt positivt med att knoppene brest i jubel og gløymer at dei skremdest av det nye, endar Lagertha sitt dikt svært så pessimistisk; ho ser inga framtid for desse skjøre boblene. Det er ikkje mogeleg for dei å skape seg andre former for liv. Rett nok opplevde Lagertha mange smertefulle nederlag i frigjeringsprosessen sin, men ho overlevde i høgste grad. I røynda var det nok heller Lagertha enn "fornufta" som lo sist og best.

Det mest moderne av alt

Lagertha var fylt av den kjensla som kanskje er mest karakteristisk for moderniteten - nemleg **lengt**. Denne kjensla delte ho med mange av sine likesinna, og på den måten kan kanskje dei einslege borgarskapskvinnene i tiåra før førre hundreårsskiftet karakteriserast som ei gruppe **kulturelle innovatorar**. Einslege kvinner sat ikkje lenger stille med sytøyet sitt, men kunne utvikle seg til ei ny og mektig politisk og seksuell gruppering med kraft til å omforme samfunnet (Showalter 1992:19-21). Krav om stemmerett, likeløn og generelt betre kår låg i lufta, og samstundes byrja medisinarane etter kvart å tilskrive kvinner attrå på line med menn.

Det generelle publikumet var imot at kvinner no fekk auka høve til arbeid. Redsla for at kvinner ville starte å sjå på ekteskapet som **eitt** alternativ mellom mange - var stor (Showalter 1992:20). Denne frykta kan i ettertid synest vel begrunna. Lempingane som vart gitt med tanke på dei **ugifte** kvinnene, endra etter kvart også strukturane i **ekteskapet**.

Samstundes som moderniteten ekskluderte kvinner frå påverknad på den offentlege arenaen, gav det moderne samfunnet kvinner større høve til å utforme intimiteten og relasjonane i den private sfæra. Medan feminismen og kvinnerørsla meir openbert utfordra tradisjonelle institusjonar som ekteskap, arbeid og familie, vart dei nære kvinnevennska i byrjinga ikkje frykta på same måte. Utviklinga av dei reine relasjonane fann stad ut frå tvingande grunnar.

Dei einslege borgarskapskvinnene trong å etablere nye band i ei verd som gav dei lite rom for tilhøyrslse. Samstundes verka dei reine relasjonane på meir subtile måtar til å undergrave tradisjonelle band. Dei tilsynelatande så uviktige einslege borgarskapskvinnene med sine høg-halsa blusar og sine stillfarne liv, vart entreprenørar for ein ny type intimitet og ein ny måte å organisere dei nære relasjonane på. Dei vart innovatørar for nye kjensler og for nye sam-livsformer.

Dagboka til Lagertha er prega av **kjensler**, ikkje av rasjonalitet. Det er iallfall det Lagertha profilerer seg med; blommar, solnedgangar og småfuglar. Ho kjenner seg i liten grad forankra i kroppen, det er for henne sjela som er sjølv. Men meir rasjonelle handlingsmønster skin og gjennom. Idealet for ei moderne kvinne på 1800-talet var å vere romantisk og svermerisk, passiv og interessant sjukeleg. Denne rolla passa godt på ekteskapsmarknaden og på kjernefamilieportrettet. Med ein autoritær og sterk beskyttar var det for mange kvinner mogeleg å leve opp til dette idealet gjennom eit langt liv. For ei einsleg kvinne som skulle kjempe seg fram på eiga hand var det derimot lite eigna som førebilete. Rundt hundreårsskiftet voks det også fram nye kvinneroller. Den moderne kvinna vart no den kortklippede fotturisten i reformdrakt. Sunn, kjekk og naturleg. Lagertha stod i klemme mellom desse ideala. Oppfostra i ei verd av korsett, blommar og hysteri; vaksen i ei verd av utdanning, attrå og ansvar.

Mange av dei einslege borgarskapskvinnene levde rundt århundreskiftet i eit kulturelt tomrom. Dette tomrommet gav dei høve til - og tvang dei til - sjølvrefleksjon som inga anna gruppe innan borgarskapet. Dei biografiske forteljingane til desse kvinnene var slett ikkje gitt. Dei måtte sjølv konstruere sin identitet og sine liv. Desse kvinnene var kanskje mellom dei som i aller sterkast grad vart konfrontert med moderniteten sine farar og mogelegheiter. Dei vart dermed kjenslevare fortolkarar av straumngane i tida.

...havde jeg dengang vidst hvad al min længsel og uro skulde føre til.

Sidan sjølvbiografien særmerkjer seg ved å vere ei kronologisk framstilling over den eigne personlegdommen si historie, vel dei fleste sjølvbiografar å vente til dei har kome til skjels år og alder før dei set seg ned for å skrive. Dei ventar til alle dei viktige åra er levd og dei viktige hendingane har funne stad, for så å syne i sjølvbiografien korleis "livet" har forma dei som menneske. Kvifor vel då Lagertha å skrive ein sjølvbiografi i ein alder av 31 år? Og det i tillegg om minner som var svært vanskelege for henne å tenkje tilbake på?

Det uttrykte målet for kvinner i denne perioden var å verte gift. For unge borgarskapskvinner førte dette til nokre hektiske år der dei skulle visast fram på marknaden og vonleg verte etterspurde som representative hustruer og kommande gode mødre. Lagertha nemner ikkje dette med eit ord, men det er grunn til å tru at både ho sjølv, men kanskje særleg omgivnadene, no rekna med at toget var gått; Lagertha var ute av ekteskapsdansen. I dagboksåra sveva derfor Lagertha rundt utan at ho visste klart kva retning livet ville ta, eller kva ho skulle byggje sin identitet på.

Ei dagbok eller ein sjølvbiografi kan vere viktige middel i ein identitetsskapingsprosess. Kven var Lagertha Broch, kvifor vart ho slik ho vart og kvifor vart livet slik det vart? Dette ser ut til å ha vore nokre av dei spørsmåla Lagertha ønska å finne svar på då ho sette seg ned med fyllepenn og papir for å skrive sin sjølvbiografi. Kanskje endå meir ønskte ho å finne ut kven Lagertha Broch **skulle bli**. Gjennom dagboka kunne ho bearbeide draumane og håpa sine og ho kunne reflektere over tidlegare nederlag og sigrar. Ho kunne også prøve ut ulike sider av seg sjølv: den mannehatande kvinnesakskvinna, den kvinneelskande jomfrua, den sarte mimosenaturen og den sterke og sjølvrådande kunstnarnaturen. I dagboka kunne ho forhandle om moral, om klasse og om normalitet. Ho kunne her også utforske korleis eigne erfaringar samsvarer med dei ideala ho hadde, og ho kunne eventuelt arbeide seg fram til justerte ideal.

Lagertha vart heile tida tvinga til å søke nye vegar, der ingen slike fanst. Dagboka vart nytta i nokre sær viktige år i Lagertha sitt liv. I desse overgangsåra mellom ungdom og vaksenliv fekk ho for alvor merke at ho levde i ei brytingstid. Ho gjekk ikkje den opptrakta vegen inn i ekteskapet, og den gamle rolla som familietante var eit lite freistande og truleg heller ikkje særleg aktuelt alternativ. Ho var nøydd til å skape seg ein sjølvstendig identitet utan at det var klåre modellar å sjå etter. Dagboka vart det fremste verktøyet i denne identitetsskapingsprosess.

Dagboka vart avslutta i 1898. Året etter vart ho sekretær i **Den Selskabelige diskussionsforening** der ho var svært aktiv. I 1902 slutta ho som lærarinne og same året kom den første boka hennar, **Ruths pairer. Billeder og smaaprat for børn**, ut. I delvis motsetnad til det biletet Lagertha gir av seg sjølv i dagboka, ser ho ut til å ha vore ei aktiv og samfunnsengasjert dame. Ho heldt foredrag i diskusjonsforeninga og sende lesarinlegg, mellom anna til eit radikalt tidsskrift som **Nylænde**. Eit viktig poeng er sjølvstendig identitet utan at det var klåre modellar å sjå etter. Dette i motsetnad til dei fleste andre skrivande kvinner i perioden. Å setje seg til å skrive sin sjølvbiografi når ho var ei vanleg gamal jomfru på 31 år må ha vore noko relativt uhøyr.

Lagertha brukte mykje av ungdomsåra sine på å vere sjuk. Ho var sengeliggjande i lengre periodar, og ho var skjør som ein porselenskopp. Ho trengte mykje ro og kvile, og tolte dårleg sinnspåkjenningar. Opp gjennom åra må ho ha konsultert ei rekkje legar og ho gjennomgjekk plagsame og smertefulle kurar. Trass i dette kom Lagertha seg på beina og ho levde til ho var 88 år gamal. I motsetnad til mange av sine medsysstrar vart ho ikkje invalidisert av psykosomatiske lidingar. Når Lagertha kom seg opp frå sjeselongen og ut i livet, kan dette tyde på at ho trass alt fann høve for positiv sjølvrealisering.

Til avslutning kan det kanskje høve med ei likning i Lagertha si ånd. Eg vil difor vende tilbake til blomemetamorforane referert på side 86. Den sarte og sjukelege Lagertha framstår på mange måtar i dagboka som ei gebrekkeleg lilje, prototypen på den viktorianske borgarskapskvinna; nesten for kjenslevar og eterisk til å makte livet i moderniteten sin straumvirvel. Samstundes strekker ho seg mot rosetmetaforen. Ho er kultivert og forfina, men også seig som rosa. Ho bukkar ikkje under, eller tek til takke med eit liv som oppofrande heimebuande dotter. Ho finn fram til strategiar som gjer at ho meistrar kvardagen og ho freistar å endre livet sitt i konstruktiv retning. Når dagbokprosessen er over vonar Lagertha å stå fram som den lysande leirfivelen. Rein og kvinneleg, men samstundes sterk, modig og framgangsrik.



Noter

1. I boka **Det store tilbakeslaget** gir Susan Faludi døme på korleis einslege kvinner vart framstilte i Amerikanske media på 1980-talet. Gjennom talkshows, manipulerte statistikkar og filmar vart dei einslege kvinnene framstilte som dei store taparane etter 70-talsfeminismen; på desperat jakt etter ein mann. Trass i at det i aldersgruppa 25-34 år var 119 einslege menn for kvar 100 einslege kvinne er det inntrykket av eit voldsomt mannsunderskott som vart presentert i media (Faludi 1993:16). I filmar og tv-seriar vart einslege kvinner brukt for å framheve kor heldig den gifte familiemora var, og dei vart plasserte i to standardbåsar: den kaldt bereknande karrierekvinnas eller den sterkt nedbrotne pepparmøya.

2. I det førindustrielle samfunnet hadde einslege borgarskapskvinner høve til å drive både butikkar og andre forretningsforetak. Eit anna alternativ, kanskje meir aktuelt på kontinentet enn i Noreg, var å knyte seg til eit kloster (Vicinus 1985:3).

3. Noko materiale **har** eg funne. På manuskriptsamlinga ved UBB finst til dømes nokre brev frå og til Amalie Hansen; dessutan Bergen Lærerinneforening sitt omfattande og interessante arkiv. I dei ulike «Skriv ditt liv» konkurransane kan ein også finne nokre opplysningar om skulegang og lærarinner.

På Bergen Byarkiv er det oppbevart søknader for jobbar i folkeskulen.

I samband med denne hovudoppgåva hadde eg ei notis inne på Bergens Tidende si «Byside». Eg fekk fleire henvendingar etter dette, men dessverre ikkje noko materiale som eigna seg til mitt formål. Eg vil likevel tru at det må finnast interessant stoff i privat eige. Familien til Sophie Lindstrøm oppspora eg gjennom telefonkatalogen og traff ein nevø som hadde mykje kunnskaper om si avdøde tante. Lindstrømfamilien har tatt godt vare på private papir og korrespondanse, samt ein påbegynt sjølvbiografi etter Sophie Lindstrøm.

4. Opplysning i **Hvem, hva hvor**, 1912.

5. **All that is solid melts into air** er originaltittelen på Marshall Berman si bok frå 1982.

6. På side 345 i dagboka skriv Lagertha: «*Hvad fortalte frk. Gjertz - ja, kommer hun noengang til at læse dette selv, faar hun bedømme det, som hun vil - -*». Det kan slik sjå ut til at iallefall delar av dagboka vart forfatta med tanke på at nære venninner skulle lese ho. På same måte kan det verke som om ho skreiv til utanforståande sidan ho forklarar slektskapsforholda på farssida.

7. Desse opplysningane om antall søsken og fødselsår, har eg henta frå Finne-Grønn, 1927. Det er noko skilnad mellom ulike kjelder på kor mange søsken dei egentlig var. Ut frå nokre kjelder ser det ut til at det må ha vore fleire born som døydde som små. Det er også noko skilje mellom det Lagertha fortel om aldersforskjellane mellom søskena, og dei årstala eg oppgir her.

8. Johan Anton Zincke Broch, var son av Lorentz Broch som var fødd i 1788 i eit svensk grense-sokn. Lorentz Broch var den uekte sonen til infanterikaptein Lorentz Broch og urmakerdottera Anna Dorothea Zincke. Begge desse gifta seg to år seinare på kvar sin kant, og den unge Lorentz Broch vart oppfostra dels på Fredrikshald og dels hos morbroren Johan Antoni Zincke som var kjøpmann i Moss. Lorentz Broch slo seg ned i Moss og dreiv der som garvar. Han gifta seg med matrosdottera Olea Larsdatter i 1821 og dei fekk seks born. Anton Broch, Lagertha sin far, var den fjerde i rekka. Tre av brørne vart kjøpmenn, ein vart skomakar og ein bruksfullmektig ved Solli verk (Finne-Grønn 1927:102). den einaste søstera vart gift med ein handelsmann, Johannes Torstensen Birkeland, men vart tidleg sitjande att som enke i svært tronge kår.

9. Tilvisingar til Lagertha Broch si dagbok vil vere markerte med LB:

10 «Reformdragten» vart introdusert i 1880-åra som eit alternativ til victoriatida sine snørte liv. Reformdrakta skulle avskaffe korsetta, og kjølen og undertøy skulle henge laust på skuldrene. I tillegg til kvinnerørsla var det og mange medisinarar som var ivrige talsmenn for reformdrakta (Rosenbeck 1987:140).

11. Frk.N. vart innlagt på eit mentalsjukehus i Berlin i 1864. Her vart ho behandla av professor Carl Westphal som gav ut sine oppteikningar i 1869. Karin Lützen siterer frå den danske gjen-givinga av desse oppteikningane **Den kontrære Seksualfønnelse**: «*Siden sitt 8.år lider frk.N. under et slags raseri etter å elske kvinner og å prøve og bedrive onani med dem eller i det minste komme dem nærmere ved å kysse og spøke med dem (...). Ved å omgås kvinner har hun av og til følt avgang av sæd*» (Lützen 1987:136).

12. Karin Lützen meiner at kunnskap om homoseksualitet først vart alment kjend etter århundre-skiftet, og då særleg i samband med menn (Lützen 1987:147). Det kan sjå ut som om eit uklårt medvit om «pervers seksualitet» breidde seg noko tidlegare enn sjølve benemninga homoseksuell. I kapittelet «Tvilen om det tvetydige: 1830-1912» i boka **Mellom linjene. Homofile tema i norsk litteratur**, gir Jan Olav Gatland fleire døme på at uskuldstilstanden også før århundreskiftet var sterkt truga. I Gabriel Finne sin roman **To damer** frå 1891 finn ein til dømes dette avsnittet «*(..) sad de to fruere, den følsomme, struttende Mammy og den hende bindt beundrende Fredrikke, og kyssestedes hedt. Den sidste var for uskyldig og for meget af et barn til at ane det perverse i situasjonen*» (sitert hos Gatland:80). Likeins i Minda Ramm sin roman **Lommen** frå 1896 får ein kjensla av at ikkje alt «er som det skal vere». Hovudpersonen Regine gjentar stadig for seg sjølv «*Du må gifte dig, siger jeg; for et menneske må ha noget slikt*». Samstundes klarer ho ikkje å la vere å kikke gjennom nøkkelholet når frk.Høyer kler av seg, og ved dette synet kjende ho at: «*Blodet suste mig for ørene, jeg frøs af bevægelse over min egen skamløshed, men det var ikke skam. Å gud, det var som et sviende salt bad at se hennes bare kropp*» (Gatland 1990:81).

13. Tørvetriller = «kedelig person» ifølge Niels Åge Nielsen i dansk etymologisk ordbog, Gyldendal, Kbh.1966.

14. Lagertha oppgir namnet på to av legane sine i Kjøbenhavn: prof.Reisz og prof. Hansen-Gruth. Dersom desse er identiske med dei i Dansk biografisk leksikon nemde Carl Martinus Reisz og Edmund Gottfred Hansen Grut, var dei spesialistar på henholdsvis patologisk anatomi, brystsygdomme, tuberkulose, strubesygdomme, intern medisin og terapi (Reisz) og øiensykdommer (Hansen Grut).

15. Informantsitat sitert hos Giddens 1991:91.

16. Diktet **Ja visst gör det ont**, står i diktsamlinga **För Trädets skull** (1935).

Litteratur og kjelder

Aasen, Elisabeth 1986: *Kvinnerens spor i skrift. Supplement til norsk litteraturhistorie*. Det Norske Samlaget.

Aasen, Elisabeth 1991: "Mit Liv var saa stille, simpelt, ensformigt...". I: Fahlgren, Margaretha og Mikaelsson, Lisbeth (red.): *Livet som tekst*. Bergen, Senter for humanistisk kvinneforskning, skriftserien nr.2.

Åström, Lissie 1990: Den gåtfulla kvinnligheten - en kulturanalytisk betraktelse. I: Elverdam, B. / Johnsen, B. / Ljungström, Å. (red.): *Kvinnfolk. Kvinnor i tradition och kultur*. Uppsala.

Agerholt, Anna Caspari 1973: *Den norsk kvinnebevegelsens historie*. Gyldendal.

Baggethun, Rolf 1972: *Det hendte i dage. Glimt fra Borre og Horten i en svunnen tid*. Horten.

Baggethun, Rolf 1960: *Horten - Ferjestedet som ble marinestasjon og by*. Horten.

Bech, Henning 1989: Skal man være seg selv? Om Foucaults seksualiteshistorie. I: *Nordisk Sexologi*, 1989; 8.

Beck, Joh. 1909: *Horten. Kort omrids af stedets historie*. Kristiania, Forlaget Norges Forlag.

Bengtsson, Margot 1991: Från oidipal rivalitet till att bygga självet. I: Løfgren, A. og Norell, M. (red.): *Att förstå ungdom*. Stockholm.

Berg, M. 1992: Modernitet. I: Frykman, B.S. og Brembeck, H. (red.) *Brottningar med begrepp*. Göteborg.

Berman, Marshall 1982/1990: *Allt som är fast förflyktigas. Modernism och modernitet*. Lund.

Bjurman, Eva Lis 1994: *Sophie och kärleken. Om självstendighet och beroende på 1790-talet. En studie av Sophie Thalbitzers memoarer*. Manus.

Boye, Karin 1952: *Dikter*. Stockholm, Bonniers förlag.

Broch, Lagertha 1921: *Hortens Diskussionsforening gjennom 25 aar 1896-1921*. Horten, Gjengangeren's Boktrykkeri A/S.

Bryld, Mette og Lykke, Nina 1982: Er begrebet "mandekvinde" kvindefjendsk? En oppfattelse af "overgangskvinden" i kønsfilosofi og kvindelitteratur. I: *Overgangskvinden. Kvindeligheden som historisk kategori - kvindeligheden 1880-1920*. Skriftserie fra Arbejdsgruppen for kvindestudier, Odense Universitet, bind 1. Odense Universitetsforlag.

Cohen, Stanley & Taylor, Laurie 1976/1992: *Escape Attempts. The Theory and Practice of Resistance to Everyday Life*. Second Edition. London/New York, Routledge.

Collett, Camilla 1913: *Samlede verker*. Mindeudgave. Tredje bind. Kristiania, Gyldendalske boghandel - Nordisk forlag.

Edda 2/91 - spesialnummer om sjølvbiografi. Oslo.

Eriksen, Anne 1992: "Fortellingen om mitt liv". Fra livsløp til selvbiografi. I: *Leve og skrive. Artikler om livshistorier*. Senter for humanistisk kvinneforskning, Skriftserien nr.4. Universitetet i Bergen.

Faludi, Susan 1991/1993: *Det store tilbakeslaget. 90-åras kvinnebilde*. Oslo, Aschehoug.

Faderman, Lillian 1981: *Surpassing the Love of Men. Romantic Friendship and Love between Women from the Renaissance to the Present*. New York, William Morrow and Company.

Fahlgren, Margaretha 1987: *Det underordnade jaget. En studie av kvinnliga självbiografier*. Tullinge, Bokförlaget Jungfrun.

Finne-Grønn, S.H. 1927: *Legatslegten Broch. Fortegnelse over samtlige adgangsberechtigede til professor Ole Jacob Brochs familielegat samt genealogiske oplysninger om slegten forøvrig*. Oslo, Det Mallingske bogtrykkeri.

Florin, Christina 1987: *Kampen om katedern. Feminiserings- och professionaliseringsprocessen inom den svenska folkskolans lärarkår 1860-1906*. Umeå Studies in the Humanities 82. Umeå.

Foucault, Michel 1976/1990: *The History of Sexuality. Volume 1. An introduction*. Penguin Books.

Frank, Arthur W. 1991: For a Sociology of the Body: an Analytical Review. I: Mike Featherstone, Mike Hepworth & Bryan S. Turner ed.: *The Body. Social Process and Cultural Theory*. London, Sage publications.

Frykman, Jonas og Löfgren, Orvar 1979: *Den kultiverade människan*. Lund, Liber.

Frykman, Jonas 1992: Biografi och kulturanalys. I: Christoffer Tigerstedt, J.P. Roos och Anni Vilkkö (red.): *Självbiografi, kultur och liv. Levnadshistoriska studier innan human- och samhällsvetenskap*. Stockholm/Skåne.

Gatland, Jan Olav 1990: *Mellom linjene. Homofile tema i norsk litteratur*. Oslo, Aschehoug.

Giddens, Anthony 1991: *Modernity and Self-Identity. Self and Society in the Late Modern Age*. Cambridge, Polity Press.

Giddens, Anthony 1992: *The Transformation of Intimacy. Sexuality, Love & Eroticism in Modern Societies*. Cambridge, Polity Press.

Gimnes, Steinar 1992: Nyare genreteori och nyare norska genrehistoriska nedslag. I: Christoffer Tigerstedt, J.P. Roos och Anni Vilkkö (red.): *Självbiografi, kultur och liv. Levnadshistoriska studier innan human- och samhällsvetenskap*. Stockholm/Skåne: Brutus Östlings Bokförlag Symposium AB.

Hansen, Agnes 1904: *Familjeoptegnelser*. Bergen, John Griegs bogtrykkeri.

Hansen, Gerhard Armauer 1910: *Livserindringer og betragtninger*. Kristiania, H. Aschehoug & co.

Johnsen, Birgit Hertzberg 1992: Kvinneres beretninger - kvinners virkelighet. Om forholdet mellom solidarisk og kritisk analyse. I: *Leve og skrive. Artikler om livshistorier*. Senter for humanistisk kvinneforskning, Skriftserien nr.4 Universitetet i Bergen.

Kerber, Linda K. 1988: Separate spheres, Female Worlds. Woman's place: The rhetoric of Women's history. I: *The Journal of American History*, vol. 75, h.1.

Key, Ellen 1913/1981: *Missbrukad kvinnokraft*. Med förord, kronologisk översikt och inledning om Ellen Key i kulturrevolutionen av Björn Sjövall. Stockholm - Uppsala, Bokförlaget LOGOS.

Krabbe, K.H 1922: Hysteri. I: *Salomonsens konversations leksikon*. Anden udgave. København, A/S J.H. Schultz forlagsboghandel.

Larsson, Lisbeth 1991: Den trycta självbiografin och dagboken. I: Aurelius, Eva Hættner; Larsson, Lisbeth; Sjöblad, Christina: *Kvinnors självbiografier och dagböcker i Sverige 1650-1989*. Lund, Lund University Press.

Lejeune, Phillippe 1989: *On Autobiography*. Minneapolis, University of Minnesota Press.

Lundbergh, Beate 1986: *Kom ihåg att du är underlägsen! Pedagogik för borgarflickor i 1880-talets Sverige*. Lund, Studentlitteratur.

Lundgren, Britta 1993: Den bekönde kulturen. I: Ehn, Billy (red.): *Kultur och erfarenhet. Aktuella teman i svensk etnologi*. Carlssons bokforlag.

Lützen, Karin 1986/1987: *Hva hjertet begjærer. Kvinners kjærlighet til kvinner 1825-1985*. Oslo, J.W. Cappelens forlag A/S.

Lützen, Karin og Rosenbeck, Bente 1989: Den kvindelige seksualitet mellem videnskab, moral og politik. Et dansk eksempel. I: *Nordisk sexologi*, 1989; 8.

Löfgren, Orvar 1984: Våra vänner i naturen. I: Magnussen, Lars (red.): *Människan, historien*. Malmö.

Malm, Ole 1907: Kjønnsdannelse og homoseksualitet. I: *Norsk Magasin for lægevitenskapen* 3/1907:257-283.

Melby, Kari 1985: Lærerinnesak-Kvinnesak og kvinnelighet. fra Norges lærerinneforbund 1911-1940. I: *Materialisten* 1985:1/2.

Melby, Kari 1991: Women's ideology: Difference, Equality or a new femininity. Women Teachers and nurses in Norway 1912-1940. I: *Moving On. New Perspectives on the Women's movement*, Acta Jutlandica LXVII:1, Humanities Series 66. Aarhus.

Mikaelsson, Lisbeth og Stegane, Idar (red.) 1992: *Leve og skrive. Artikler om livshistorier*. Senter for humanistisk kvinneforskning, Skriftserien nr.4. Universitetet i Bergen.

Nielsen, Hanne Rimmen 1992: Køn, kultur, repræsentation. Nyere tendenser i international kvindehistorisk forskning. I: *Den jyske historiker* 58/59. Aarhus.

Nielsen, Ragna 1904: *Norske Kvinder i det 19de Aarhundrede*. Kristiania, Det norske aktieforlag.

Nilsson, Jan Olof 1994: *Alva Myrdal. En virvel i den moderna strømmen*. Stockholm/Stehag.

Personal Narratives Group (red.) 1989: *Interpreting Womens Lives. Feminist Theory and Personal Narratives*. Indiana.

Posing, Birgitte 1992: *Viljens Styrke. Natalie Zahle. En biografi om dannelse, køn og magtfuldkommenhed*. København, Gyldendal.

Rich, Adrienne 1980/1986: Compulsory Heterosexuality and Lesbian Existence. I: Rich, Adrienne: *Blood, Bread, and Poetry. Selected Prose 1979-1985*. New York, W.W. Norton & Company.

- Richardson, Heidi 1994: *Kraftanstrengelse og ensomhet. En analyse av det norske friluftslivets kulturelle konstruksjoner*. Hovedoppgave i etnologi, Bergen.
- Rosenbeck, Bente 1987: *Kvindekøn. Den moderne kvindeligheds historie 1880-1980*. København, Gyldendal.
- Rousseau, Jean-Jacques 1762/1962: *Emile eller om opdragelsen*. 3. del. København, Borgens forlag.
- Showalter, Elaine 1991/1992: *Sexual Anarchy. Gender and Culture at Fin de Siècle*. London, Virago Press.
- Sjögren, Ewa 1982: 1800-talets syn på kvinnan, barnet och familjen. I: *Dugnad* vol.8:2/3.
- Sjövall, Björn (red.) 1981: *Missbrukad kvinnokraft. Kvinnopsykologi*. Med förord, kronologisk översikt och inledning om Ellen Key i kulturrevolutionen av Björn Sjövall. Stockholm - Uppsala, Bokförlaget LOGOS.
- Skårderud, Finn 1991: *Sultekunstnerne. Kultur, kropp og kontroll*. Oslo, Aschehoug.
- Smith-Rosenberg, Carroll 1985: *Disorderly Conduct. Visions of Gender in Victorian America*. Oxford University Press.
- Sontag, Susan 1977/1979: *Sykdom som metafor. Et essay om holdninger til sykdom og død i vårt samfunn*. Oslo, Gyldendal.
- Stounbjerg, Per 1992: Själén, livet och formerna. Berättelse, bild och diskurs i Tjänstekvinnans son. I: Christoffer Tigerstedt, J.P. Roos och Anni Vilkkko (red.): *Självbiografi, kultur och liv. Levnadshistoriska studier innan human- och samhällsvetenskap*. Stockholm/Skåne.
- Stout, Janis P. 1983: *The Journey narrative in American Literature. Patterns and Departures*. Westport/London, Greenwood Press.

- Tryti, Anna Elisa 1992: Kampen for å få en stemme: Margery Kempes selvbiografi. I: *Leve og skrive. Artikler om livshistorier*. Senter for humanistisk kvinneforskning, Skriftserien nr.4. Universitetet i Bergen.
- Vicinus, Martha 1984: *Distance and Desire: English Boarding School Friendships 1870-1920*. I: *Signs* Vol.9, no.4.
- Vicinus, Martha 1985: *Independent Women. Work and community for single women 1850-1920*. London, Virago Press.
- Vilkkko, Anni 1992. "Att skaka hand med handskar på." Kvinnliga självbiografier och tolkarens position. I Christoffer Tigerstedt, J.P. Roos och Anni Vilkkko (red.): *Självbiografi, kultur och liv. Levnadshistoriska studier innan human- och samhällsvetenskap*. Stockholm/Skåne: Brutus Östlings Bokförlag Symposium AB.
- Ziehe, Thomas 1989: *Kulturanalyser. Ungdom, utbildning, modernitet*. Stockholm.
- Zwilmeyer, Dikken 1901: *Frøken Lybæks pensionatskole. En bog for smaapiger*. Kristiania, Det norske aktieförlag.
- Utrykte kjelder:**
- Lagertha Broch: Dagbok 1895-1898. Finst på UBO si handskriftsamling.
- Lassen, Wilhelm: Brev til frk. Dorothea Selboe, 1898 og 1900. Finst på UBB si manuskriptsamling.
- Kvalsvik, Bjørn Nic.: Notat frå forelesning på seminaret **Biografi og selvbiografi**, 28.2.93.

Bibliografi over Lagertha Broch sine utgitte bøker¹:

1902: Ruths papirer I: Billeder og smaaprat for barn. Billedbog. 26s med bill. og musik. Kra.,(Aktieforlaget) Aschehoug.

1903: For længe, længe siden. Eventyrkomedie for børn i seks akter og seks tableauer. Kra. Det norske aktieforlag.

1904: Den lille baadbygger. Kra, Det norske aktieforlag.

1904: Haven paa Lissom. Kra, Det norske aktieforlag.

1905: Baadbygging 2. (For gutter). Kra., Det norske aktieforlag.

1907: Smaapikernes kalender. Kra., Stenersen.

1909: Lommebok for gutter. Kra., Aschehoug.

1909: Moro for barn. Kra., Aschehoug & co.

1909: Mørskab for Børn. Paa dansk ved Kristian Didriksen. Kra., Aschehoug & co.

1911: I Potetalien. en spøk-historie fra "Natskyggernes" land. Kra., Aschehoug & co.

1912: Fix og hendes venner. 1-2 opl. Kra., Aschehoug & co.

1913: Eventyr fra mark og skog. Kra., Aschehoug & co.

1915: Smaapikernes kalender. 2.utg. Samlet og utarbeidet av.... Kra., Aschehoug & co.

1918: Barnets bok. I. Samlet og utarbeidet av... Utgitt av Luthersk bokmission. Kra.

1920: Barnets bok II. Samlet og utarbeidet av... Utgit av Luthersk bokmission. Kra.

1920: Havebok for barn. Kra., Aschehoug & co.

1921: Hortens diskussionsforening gjennom 25 aar 1896-1921. Horten, Gjengangerens boktrykkeri.

1921: Småpikernes kalender. 3.utg. Det Mallingske bogtrykkeri.

1947: Naturens eventyr. Billedbok. Theim. Kirstes boktr. Oslo.

1947: Separat mappe med:
8 bilder for barn fra "Naturens eventyr". Theim. Kirstes boktr. Oslo.

1. Opplysningane er henta frå:

Norsk bogfortegnelse. Udgiven av Universitets-Bibliotheket. Christiania hos Aschehoug & co (for dei aktuelle åra).

Norsk Bokfortegnelse. Samlet og utarbeidet av H.J. Haffner. Kristiania. Den norske bokhandlerforenings forlag (for dei aktuelle åra).

Dette skrev kvinner. Bibliografi over norske kvinnelige forfattere med debut før 1931/ utarbeidet ved Statens bibliotekhøgskole. Oslo: SBH, 1984.

